

Sogndal kulturhus

Korleis møte framtida?

Rapport frå eit utviklingsprosjekt
April 2020



Innhald

| | | | |
|---|-----------|--|-----------|
| Forord | 4 | Sogndal kulturhus AS sine rammevilkår samanlikna med andre kulturhus | 31 |
| Føremålet med prosjektet | 4 | Ål kulturhus..... | 31 |
| Historia til Sogndal kulturhus | 5 | Voss kulturhus | 32 |
| Politiske målsettingar for Sogndal kulturhus | 8 | Hamar kulturhus | 33 |
| Sogndal kulturhus – innhald og aktivitetsprofil | 9 | Kimen kulturhus | 34 |
| Kino | 10 | Kommunale utgifter til kultur | 35 |
| Kulturarrangement | 10 | FDV-tenester | 35 |
| Sogndal bibliotek og Sogndal kulturhus AS | 13 | Modellar for organisering av drifta ved Sogndal kulturhus | 36 |
| Sogn kulturskule og Sogndal kulturhus | 14 | Dagens modell | 36 |
| Norskopplæringa og Sogndal kulturhus | 16 | Gjera oppgåvene som i dag vert utført av Sogndal kulturhus AS til ein del av den kommunale administrasjonen..... | 37 |
| Utleigar og kinodrivar, eller også kulturprodusent? | 17 | Omgjering av aksjeselskapet til kommunalt føretak..... | 37 |
| Blaoboxen | 18 | Heile kulturhuset som kommunalt føretak.. | 38 |
| Kva bør gjerast for at Blaoboxen skal bli funksjonelt kulturlokale? | 19 | Oversyn over totaløkonomien i Sogndal kulturhus | 39 |
| Kva meiner publikum om Sogndal kulturhus? | 20 | Vurderingar av organisasjonsmodellane ... | 40 |
| Kven er det som har svart? | 24 | Målsettingar for Sogndal kulturhus | 41 |
| Representativt? | 25 | Kva skal til for å realisera desse målsettingane? | 41 |
| Kva meiner brukarar om Sogndal kulturhus? | 26 | Kino | 42 |
| Riksteatret | 26 | Arena for teater og artistar | 42 |
| Victoria Productions | 26 | Møtestad | 42 |
| Sogndal musikklag | 26 | Arena for øving og framsyning for lokalt kulturliv | 42 |
| Sogndal Storband | 27 | Lokale for dans | 43 |
| Folk flest | 27 | Lokale for kunstframvising..... | 43 |
| Økonomiske rammevilkår for Sogndal kulturhus AS | 28 | Lokale for smalare kulturarrangement/ bibliotekarrangement/ kulturskulearrangement..... | 43 |
| Økonomisk status for Sogndal kulturhus AS | 29 | Personale med kapasitet og relevant kompetanse | 43 |
| Viktige inntekter og utgifter | 30 | Leigeprisar for frivillige lag og organisasjonar | 43 |
| | | Kortsiktige og langsiktige tiltak | 44 |

| | | | |
|--|------------|---|------------|
| Vedlegg 1–11 | 45 | Vedlegg 6: Oppsummering av samtale med Marie Holen Ovrud og Agnar Holen, Sogndal Musikklag | 106 |
| Vedlegg 1: Økonomiske rammevilkår for nokre kommunalt drivne kulturhus. Notat, Georg Arnestad | 45 | Vedlegg 7: Oppsummering av samtale med Håvard Ese Eliassen..... | 107 |
| Vedlegg 2: Publikumsundersøking Sogndal kulturhus 2019/2020. Rapport, Guttorm Flatabø | 56 | Vedlegg 8: Oppsummering av møte med Vilhelm Tangerud..... | 108 |
| Vedlegg 3: Notat studietur | 94 | Vedlegg 9: Driftsavtale mellom Sogndal eideomsselskap AS og Sogndal kulturhus AS | 109 |
| Vedlegg 4: Oppsummering av møte med tilsette..... | 102 | Vedlegg 10: Utkast til investeringsplan | 112 |
| Vedlegg 5: Oppsummering frå møte med rektor for norskopplæringa | 104 | Vedlegg 11: Utkast til tiltaksplan | 113 |

Forord

Føremålet med prosjektet

Dette prosjektet er i hovudsak finansiert av «gamle» Sogndal kommune, gjennom ei løyving på kr 500 000 våren 2019. Bakgrunnen var ein søknad frå styret i Sogndal kulturhus AS, der ein peikte på utfordrande sider ved dagens kulturhusdrift opp mot dei målsettingane kommunen har hatt for kulturhuset.

Målet med prosjektet er å gi ei kortfatta framstilling av historia til Sogndal kulturhus, gi ein statusrapport om drifta av kulturhuset, og få fram synspunkt på kulturhuset og kulturhusdrifta både frå lokale lag og organisasjonar, andre leietakarar og publikum. Det er m.a. gjennomført ei større publikumsgransking.

Vi vil også sjå korleis samarbeidet mellom bibliotek, kulturhus og kulturskule kan utviklast, og forsøka å formulera målsettingar om kva vi ynskjer kulturhuset skal vera i framtida, både på kort og lang sikt.

Vi vil samanlikna Sogndal kulturhus opp mot andre tilsvarande kulturhus, både med omsyn til økonomi, organisasjonsmodellar og aktivitetsprofil. Prosjektet har gjennomført ein studietur til Voss, Bergen og Os. Referat frå turen ligg som vedlegg til rapporten.

Vi vil også vurdera ulike modellar for korleis drifta av kulturhuset kan organiserast, og kva fysiske og økonomiske rammevilkår som er ynskjelege om dei formulerte målsettingane skal nåast.

Sogndal kommune eig både bygningen Sogndal kulturhus og driftsselskapet Sogndal kulturhus AS. Prosjektet er såleis tenkt å vera til hjelp både for styret i Sogndal kulturhus AS og for politikarar og administrasjon i kommunen i deira arbeid for å skapa eit best muleg kulturhus og ein best muleg kulturpolitikk i Sogndal kommune.

Styret for Sogndal kulturhus AS har vore styringsgruppe for prosjektet, saman med dagleg leiar Dagfinn Rude Johannesen og marknads- og arrangementsansvarleg Karoline Eggum Lerum. Aage Engesæter, som også er styremedlem i selskapet, har vore engasjert som prosjektleiar. Administrasjonen i kulturhuset har delteke i arbeidet med prosjektet og Guttorm Flatabø og Georg Arnestad har vore leigde inn til deloppdrag. Flatabø har vore ansvarleg for publikumsgranskinga, og Arnestad har arbeidd med å samanlikna økonomien i kulturhus ulike stader i landet. Deira fullstendige rapportar ligg som vedlegg. Det gjer også ein del andre dokument.

Sogndal, 14. april 2020

Liv Synnøve Bøyum Randi Marie Sjøholt Torgeir Skålid Idun Anderssen Husabø Aage Engesæter

Dagfinn Rude Johannesen Karoline Eggum Lerum

Kulturhus-prosjektet i Sogndal:

«LYS I TUNNELEN»

Fk. torsdag skal det vera årsmøte i Sogndal Kulturhus med etterfylgjande skipingsmøte for eigedomsselskapet som skal stå for bygginga. Vi ser no eit lys i tunnelen. Utviklinga på byggemarknaden gjer at vi pr. i dag opererer med same kostnaden som då prosjektet vart lansert, 60 mill. kroner, seier styreformann Kåre K. Lerum til S/SA.

Sogndal formannskap skal onsdag f.k. ta første runde på kommunal medverknad. I første omgang vart det berre skipa eit ansvarleg selskap med kring minimumskapital i aksjar, 50.000 kroner eller meir. Aksjekapitalen skal utvidast på eit seinare tidspunkt. Det vart då teke sikte på å skaffe opp til 6 millionar, seier Lerum som opplyser at kommunen etter planen skal ha 51 pst av aksjane i driftselskapet. Det er for at kommunen skal sikre seg full styring med kulturdelen.

- Det er all no på det reime at det vart teke sikte på ei viss subsidiering av kulturdelen i bygget. Men med den modellen

det no vart lagt opp til kan vi få eit totalbygg som går i balanse.

Vi er elles i kontakt med Sogn og Fjordane Distrikthøgskule for å få sosialhøgskulen inn i bygget. Lukkast det, trur eg vi har nøkkelen som kan løyse byggeprosjektet. Viss ikkje dette lukkast er kanskje siste toget gått for prosjektet, seier Lerum som reknar med at det ved nyvalet torsdag kjem inn ein del folk frå kultursida. Årsmøtet skal velja tre styrerepresentantar, mens kommunen skal velja fire.

Lerum håper elles på godt framme til skipingsmøtet, og ser gjerne at byggebransjen blir representert.

- Når det gjeld prisen for bygget opererer vi med same pris som då prosjektet vart lansert. Det vil seia kring 60 mill. kroner.

Utviklinga i byggebransjen gjer dette mogleg, samstundes som det har dukka opp byggetmetodar som gjer det mogleg å løyse bygget med rimelegare konstruksjonar, seier Kåre Lerum.



Kåre Lerum og styret for kulturhuset ser no ei lysning for kulturhuset. Torsdag f.k. skipar ein eigedomsselskapet som skal stå for bygginga.

Faksimile frå S/SA 18. april 1989

Historia til Sogndal kulturhus

Spørsmålet om å bygga kulturhus i Sogndal stod høgt på den politiske dagsordenen i Sogndal kring 1980 og det var stor strid om saka, både om det skulle byggjast kulturhus, og om kvar det skulle lokaliserast.

Dette var ein av dei hardaste politisk stridane i Sogndal i nyare tid. «Dei politiske frontane stod steilt mot kvarandre; skuldningane om ureint spel hagla», skreiv Sogn Avis i samband med 10-årsjubileet for opninga av kulturhuset i 2001.

Den fremste pådrivaren for prosjektet var Kåre Lerum, som også var ordførar i Sogndal frå 1978 til 1981. Vedtaket om å byggja kulturhus i Hovehagen vart i 1980 gjort med knapt fleirtal i kommunestyret, 16 mot 13 røyster.

Hovudideen bak kulturhuset var å byggja eit hus som ikkje var eit reint kulturhus, men som også skulle ha areal som skulle leigast ut til andre, og

slik vera med å finansiera kulturdelen av bygget. Eit første prosjekt vart stogga av Fylkesmannen i 1984, pga. av uklare finansieringsløyisingar, men i 1985 starta bygginga av ein kommunal parkeringskjellar, tenkt som starten på kulturhuset. Då vart det også Sogndal Kulturhus A/L skipa, eit selskap som skulle planleggja, byggja, eiga og driva kulturhuset. Frå private, verksemder, lag og organsasjonar vart det teikna 1842 andeler i dette selskapet, til ein verdi av kr 921 000. Kommunen skulle til ei kvar tid ha meir enn 50% av aksjekapitalen, i følgje vedtektene. I første omgang vart det berre med parkeringskjellaren, som vart liggjande som ein uferdig grunnmur i fleire år.

Sogndal Eigedomsselskap har dekket 80 prosent av utleigearealet:

Grønt lys for byggjestart av KULTURHUSET

Formann i Sogndal Eigedomsselskap A/S, Kjell Kjørhaug, seier til S/SA at dei no har fått leigetakarar på meir enn 80 prosent av utleigearealet i kulturhuset. Det inneber at styret i eigedomsselskapet no vil vedta ei innstilling om å setje i gang bygginga av kulturhuset.

S/SA: Rolf Sanne-Gundersen

Sogndal Eigedomsselskap ved formann Kjell Kjørhaug har jobba på spreng den siste tida med å få inn nok leigetakarar i kulturhuset. — Måletjinga til styret har vore å skaffe nok leigetakarar til å dekke minst 80 prosent av det utleigearealet som er i kulturhuset, før det vart gjort vedtak om byggjestart. Det har vi no klart å gjere, og det betyr at det er klart for styret om å setje i gang bygginga av kulturhuset, seier Kjell Kjørhaug.

Han vil på noverande tidspunkt ikkje opplyse noko om kven leigetakarane er. Styret i eigedomsselskapet hadde styremøte i går kveld om den siste utviklinga i saka.

INTERPELLASJON

Det ser no ut til at ei av dei lengste og mest diskuterte sakene i Sogndal går mot ei løysing. Kulturhus-saka har frå den vart

reist ved ein interpellasjon i kommunestyret i 1969, løpt frå den eine politiske grupperinga og administrasjon til den andre.

Det eigentlege arbeidet og planlegginga av det som no ser ut til å bli eit kulturhus starta i januar 1986. Då byrja Astrup Høyby bygginga av parkeringshuset på oppdrag frå Sogndal kommune. Eit parkeringshus som har «ridd» politikarar og innbyggjarane i Sogndal som ei mare dei siste åra. Den store betongplampen har vore skjemmande både for turistar og andre. Og etter mange si meining også eit prov på dårleg kommunal planlegging og styring.

UTENLANDS-FINANSIERING

I 1987/88 vart det framleis halde fast på modellen om at Sogndal Kulturhus A/L - Sogndal kommune skulle stå for oppføring av bygget, og det vart forsøkt utenlandsfinansiering. Utan å lukkast. Deretter vart det skipa eit eigedomsselskap som hadde som føremål å overta



Sogndal Eigedomsselskap A/S har skaffa nok leigetakarar i kulturhuset til at dei no kjem til å gjere eit vedtak om å setje i gang bygginga.

kulturhuset og parkeringskjelleren for å fullføre bygginga av kulturhuset.

Etter dette har det vore mykje om og men. Først etter vedtaket i Sogndal kommunestyre den 26. oktober byrja ein å ane eit lys i tunnelen. Kommunen gjekk inn med 10 millionar kroner som aksjekapital i Sogndal Eigedomsselskap. Deretter bestemte Dis-

triktshøgskulen seg for å gå inn som leigetakarar i kulturhuset. Noko som meir eller mindre var ein føresetnad for realiseringa av bygget.

LEIGETAKARAR

DH gav eigedomsselskapet ein frist til 15. desember til å gjere eit igangsetjingsvedtak. Bøying har

vore å skaffe nok leigetakarar. Aksjekapitalen har for lengst vore sikra med kommunen sine 10 mill. kroner og eit tilskot frå departementet på 5 mill. kroner.

Etter at ein no har skaffa leigetakarar til meir enn 80 prosent av utleigearealet i kulturhuset tyder alt på at ein kjem i stand med bygginga snarare enn nokon hadde rekna med. ■

Rapport om kultursatsinga i Sogn og Fjordane:

Sogndal — regions-senteret som satsar minst på kultur

Vestlandsforskning ved prosjektansvarleg Georg Arnestad, la i går fram ein rapport om kultursatsinga i Sogn og Fjordane. Rapporten avdekkjer store skilnader i dei 26 kommunane si satsing på kultur. Best ut kjem Aurland, Årdal og Høyanger som har eit netto kulturforbruk pr. innbyggjar, på over 1000 kroner. Av dei fire regionsentra i fylket kjem Sogndal desidert dårlegast ut. Det skuldast først og fremst at Sogndal ikkje har eit kommunalt idrettsanlegg, ikkje kommunal kino og ikkje kommunalt kulturhus!

S/SA: Rolf Sanne-Gundersen

Rapporten «Kultur som regional utviklingsfaktor i Sogn og Fjordane» kom i gang etter initiativ frå fylkeskultursejef Livin Omland. Rapporten teikna ein status for kulturlivet i Sogn og Fjordane mot slutten av 1989-åra, og gjev eit detaljert bilete av dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane si satsing på kultur.

STORE SKILNADER

Kommunesektoren er den største kulturprodusenten i vårt fylke. Og rapporten dokumenterer store skilnader mellom dei 26 kommunane i fylket. I 1987 nytta to av kommunane mellom 9 og 10 prosent av nettoinntekta til kulturformål, medan 10 kommunar same år disponerte mindre enn 3 prosent av inntekta til

kulturformål. Kraftkommune Årdal, Aurland og Høyanger kjem best ut med over 1000 kr. pr. innbyggjar, medan gjennomsnittet for kystkommunane var under 300 kr. pr. innbyggjar.

Når det gjeld dei fire regionsentra Flora, Nordfjord, Førde og Sogndal kjem sistnemte desidert dårlegast ut. Det skuldast at dei tre andre sentra alle har kommunale kulturhus, kommunale idrettsanlegg og kommunal kino.

— Dette er interessant fordi regionsentra si satsing på kultur har ein effekt på heile regionen. Det kan ein mellom anna sjå i sommar då det har vore store aktivitetar både i Førde- og Florarområda, men ikkje i Sogn. Dei fire regionsentra si satsing kjem også til uttrykk gjennom at Sogndal «berre» har kommunal kultursekretær, medan dei andre



Georg Arnestad har utarbeidd ein rapport som avdekkjer store skilnader i kommunane si satsing på kulturformål.

tre sentra har kommunale kulturfeljar, seier prosjektansvarleg Georg Arnestad til S/SA.

GRUNN

— Ein vesentleg grunn til dei store skilnader i satsing på kultur er at nokre kommunar har hatt kulturadministrasjon lenger enn andre, og kommunane sin økonomiske situasjon. Dessutan viser det seg at kommunar med store eigeninntekter - id. Kraftkommunar - brukar ein stor del av budsjettet til kulturformål, seier Arnestad.

Rapporten skulle også avdekkje om det lønner seg å satse på kultur. — Det kan eg ikkje gjere noko einydig svar på. Men det er klart at satsing på kultur ikkje er eit mål i seg sjølv, men eit middel til å realisere andre mål. Til dømes vil anka trossel kunne føre til at kommunen vert meir attraktiv. Og eg har dokumentert at det har vore ein sterk satsing på kultur, særleg på fylkesplan for å auke trivselen. Dessutan er kulturarbeidet i dag meir profesjonelt enn før, seier han.

TAL

Tala under syner dei 6 kommunane i Indre Sogn si satsing på kulturformål pr. innbyggjar. I første kolonne bruttoavgiftene og i andre kolonne nettoavgiftene pr. innbyggjar målt i kroner.

| | | |
|------------|------|------|
| Vik | 1024 | 994 |
| Balestrand | 824 | 813 |
| Leikanger | 710 | 687 |
| Sogndal | 732 | 627 |
| Aurland | 3282 | 2985 |
| Lerdal | 1224 | 988 |
| Årdal | 1601 | 1276 |
| Luster | 1162 | 1079 |

Ny fart i prosjektet vart det i 1989, då kommunen gjekk saman med næringslivet og skipa Sogndal Eigedomsselskap AS. Kommunen gjekk deretter inn i selskapet med verdien av parkeringsanlegget og tomta, verdsett til 10,8 millionar kroner. Samstundes fekk kommunen eit regionalt kulturhustilskot på 5 millionar, som også gjekk inn i eigenkapitalen til selskapet.

Sogndal Eigedomsselskap AS vart byggherre og byggeigar, dei fekk ta opp lån i Kommunalbanken med kommunal garanti. Sogndal Kulturhus A/L vart omgjort til eit nytt selskap, Sogndal kulturhus AS, som vart ein av leigetakarane og bygget og skulle stå for kulturhusdrifta og kulturproduksjon. Selskapet hadde same eigarstruktur som det opphavlege Sogndal kulturhus A/L. Kommunen hadde aksjemajoriteten i både i dette selskapet og i eigedomsselskapet. Eigedomsselskapet kjøpte driftstenester (vask, vaktmeistertjenester etc.) hjå Sogndal kulturhus AS. I 2001 overtok kommunen alle aksjane i Sogndal eigedomsselskap og alle aksjane i Sogndal kulturhus AS. Denne organisasjonsstrukturen stod ved lag til 2014. Då vedtok kommunen å leggja ned eigedomsselskapet, og gjera kommunen til direkte eigar av bygningen. Dette er slik Sogndal kulturhus no er organisert.

Det som til slutt vart avgjerande for at kulturhusplanane kunne realiserast, var ein langsiktig statleg leigeavtale med Sogn og Fjordane distriktshøgskule, og ein leigeavtale for ein stor møbelbutikk i underetasjen. Også Sogndal bibliotek fekk frå starten av lokale i kulturhuset. Sogndal kulturhus vart såleis alt frå starten av ikkje eit reint kulturhus, men eit hus for bygd for og utleigd til kultur (inkludert bibliotek), undervisning og kommersiell aktivitet. Konseptet var at leigeinntekter frå eksterne leigetakarar skulle gi inntekter slik at kulturaktiviteten kunne ha lita eller inga husleige.

Historia til kulturhuset kan delast i to fasar. Frå 1991 til 2012 hadde bygget ein dominerande leigetakar, Sogn og Fjordane distriktshøgskule (frå

1994 Høgskulen i Sogn og Fjordane). Då dei flytte ut, fekk bygget økonomiske utfordringar, men også nye mulegheiter. Det vart vurdert ulike løysingar for vidare drift. M.a. var det på tale å knyta bygget nærare til Sogningen storsenter, gjennom direkte innandørs gjennomgang og leiga sentrale delar av bygget ut til forretningsdrift.

Det vart også vurdert å selja bygget, og det kom opp ein tanke om å flytta administrasjonen til Sogndal kommune hit, og selja kommunehuset.

Løysinga vart å fylla dei ledige areala med ulike offentlege leigetakarar: NAV, Sogn brann- og redning, Sogn kulturskule og norskopplæringa for framandspråklege. Sogndal kulturhus AS fekk også meir areal til disposisjon, delvis i sambruk med norskopplæringa.

Underetasjen har heile tida hatt ulike kommersielle leigetakarar.

Kulturhuset vart realisert:

Stor kulturdel til billeg leige

Kulturhuset i Sogndal ser ut til å verta ein realitet. Den ekstraordinære generalforsamlinga i Sogndal Eigedomsselskap A/S gav onsdag grønt lys for styret sitt framlegg til realisering av kulturhuset. Kulturarenlet utgjer nær 40 prosent av det totale utleigearealet, samstundes som det berre utgjer 24 prosent av leigeinntektene. Dei desidert største leigeinntektene kjem frå undervisningsdelen med nær halvparten av leigeinntekta.

Gunnar Stedje

Styreformann i Sogndal Eigedomsselskap har, saman med styret på kort tid arbeidd ut eit realistisk prosjekt det står respekt av.

Kulturhuset i Sogndal, som etter 20 års planlegging og diskusjon no er klart for realisering, er basert på ein interessant kombinasjon. Dei grunnleggjande omgrepa for innhaldet i bygget er fridø, kultur, undervisningsforretning. Dette gjev grunnlag for stor og variert aktivitet i huset i ei lang opningstid. Store delar av lokalane vil med denne modellen opna for sambruk.

Både Sogndal og re-

gionen Indre Sogn får med dette sin skulturell magnet som KAN-vera med og styrka politikkane og næringslivet i regionen. Å utnytta dei sjansane som ligg i Kulturhuset, sa styreformann Kjell Kjelstrup på den ekstraordinære generalforsamlinga til Sogndal Eigedomsselskap.

«Storsalen»

Sjølvsjå storsalen i kulturhuset får 370 feste utleigeplassar i amfi og kan lett utvidast med 200 ekstra plassar. Storsalen er i det heile svært feksibel. Der planar om ei orkestergrav, som vil gjea det moglege for gjestespel av musikale og opera. Salen vil ha ein høg akustisk kvalitet som vil gjea det godt eigna både som teater, konsert og kinosal.

Stor kulturdel

Kulturdelen i bygget utgjer nær 40 prosent av utleigearealet i bygget. Forretningsdelene utgjer overlagt av 20 prosent. Det er vidare klart at utan DHI-skulen som leigetakar, ville ikkje prosjektet vore moglege å gjennomføra. Leigeinntektene frå undervisningsdelen stigjer opp mot halvparten av det totale leigeinntektene på huset.

10,5 millionar i aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er på nær 10,5 millionar kroner med Sogndal kommune som den største aksjonaeren med 10,3 millionar kroner. Reiskjonaane frå nabo kommunane har ikkje resulterte i aksjetekning til no, men det vil verta lyst ut til ny aksjetekning fram til neste generalforsamling i Sogndal Eigedomsselskap.

For å byggja kulturhuset må dei låna nær 50 millionar kroner. Det er alt gjevne tilsegn om både byggjeldn og eit langvarig lån, men aksjonaeren ventar på flere tilbod frå ulike finansinstitusjonar. Det arkitektoniske arbeide med å leggja til rette bygget for dei ulike aktivitetane er utført av arkitektkontora 48 A og 38 i Sogndal.

Historisk

Ordførar Trygve Bjerk seier at vedtaket om realisering av kulturhuset er historisk.

«Eg må få takka styret for det arbeidet dei har gjort. Eg veit at jobben har vore tøff og hard. De har gjort eit arbeid som i positivt lei vil seija Sogndal på kartet, sa ordføraren, som også gav honnør til arkitektane. — Eg veit dei har jobba dag og natt for å gjera arbeidet ferdig innan fristen, sa Bjerk.



Syreformann Kjell Kjelstrup, (se sjølv opp pressemeddeleling og gjev supplerande opplysningar for å feil opplysningar i media. Kåre Lerum passer nøy på at alt vert korrekt.

Faksimile: Sogn og Fjordane, 1989

Politiske målsettingar for Sogndal kulturhus

Siste gong det politisk vart formulert konkrete mål for kulturhuset var i 2012. Då drøfta kommunestyret framtidsvisjonar for Sogndal kulturhus, utan at det vart gjort formelle vedtak.

Det vart i skriv frå ordføraren til formannskapet 14.09.2012 formulert ein del framtidssynskje for korleis kulturhuset burde utviklast. Desse kan oppsummerast slik:

- at fleire regionale aktørar kan bruka kulturhuset, at det kan vera eit regionalt kulturhus med både kulturproduksjon – sosial møteplass, regionstorstove og eit levande kulturhus.
- at det kan vera samlingsplass og møteplass for seniorane
- at det kan vera eit meir reindyrka kulturhus, fleire typar kultur avlar meir kultur, fleire typar kulturell eigenaktivitet/produksjon, meir fleksibilitet for å ta i mot og visa fleire typar produksjonar, vera eit rom for visuell kunst og ein attraktiv plass for musikk og dans
- at huset kan ha eit breiare tilbod for dei unge under 18 år.

Dei tre siste åra har også tiltak knytt kulturhuset vore inne som eige punkt i «gamle» Sogndal kommune sin økonomiplan. I planen for 2019, vedteken 13.12.2018, er formuleringa denne:

«Vi skal vidareutvikle Sogndal kulturhus som eit framtidssretta kulturhus for regionen».

I det politiske plattformdokumentet til nye Sogndal kommune er ikkje kulturhuset omtala

særskilt, men det er sett opp ein del mål for kommunens kulturpolitikk. Her heiter det:

- «Kommunen vil ha eit stort mangfald av frivillige lag og organisasjonar. Det vil vere eit viktig mål å vidareføre det gode samspelet mellom frivillig arbeid, kommunen og næringslivet. Kommunen skal vidareutvikle samarbeidet som er ein viktig berebjelke for å sikre at lokalsamfunna vert attraktive stader å leve gode liv også i framtida.
- Kommunen skal ha gode fasilitetar og anlegg for idrett og kulturliv.
- Kommunen skal stimulere til gode samarbeid på tvers av frivillige lag og organisasjonar for å sikre gode og tilgjengelege kulturtilbod i heile den nye kommunen.
- Kommunen skal vere ein aktiv medspelar for å gjennomføre idretts- og kulturarrangement i den nye kommunen.»

Vi tek utgangspunkt i at målsettingar som desse, slik dei er formulerte i politiske dokument både frå «gamle» og «nye» Sogndal kommune, bør vera retningsgivande for utviklinga av kulturhuset framover. Desse målsetjingane må konkretiserast og operasjonaliserast. Det er eit mål med denne rapporten og forsøka å gjera dette.

Sogndal kulturhus – innhald og aktivitetsprofil

Sogndal kulturhus har mange kvalitetar og eit godt utgangspunkt for å kunne vera eit attraktivt og funksjonelt kulturhus også i framtida.

Det er lokalisert sentralt i Sogndal sentrum, med god tilgang på parkeringsplassar, både innandørs og ute. Her er romslege vestibyleareal, storsal med scene og garderobeanlegg som stettar krava til Riksteatret. Storsalen er også brukt som

kinosal, i tillegg er her to mindre kinosalar. Alle dei tre salane held god standard. Her er også eit forholdsvis stort areal, «Blaoboxen», med flatt golv og kjøken. Dette er no i sambruk med norskopplæringa.

Lokale disponert av Sogndal kulturhus AS:

- Storsalen, med 325+17 sitjeplassar i amfi, scene godkjent for Riksteaterframsyningar, med orkestergrav. Akustiske himlingar tilpassa konsertar (som Bergen Filharmoniske Orkester), og eit enkelt lysanlegg som er gått ut på dato. Her er digitalt filmframsyningsutstyr med tilhøyrande lydanlegg,
- 3 garderobar med plass til 6+5+5 personar. Dusj i to av dei. Det er to mindre garderobar som vert nytta til lager og vaktmeisterutstyr
- Sal 2. Kinosal med 78 plassar i amfi, digitalt filmframsyningsutstyr
- Sal 3. Kinosal med 76 plassar, i amfi, digitalt filmframsyningsutstyr.
- Blaoboxen, 225 m² flatt golv + kjøken.

Sambruk med norskundervisninga, som disponerer lokala måndag – fredag frå kl 09:00 til 15.00. Lokalet er primært innreidd som undervisningsrom, men her er ein enkel lysrigg, mobil scene, og mobilt lydanlegg for musikk og tale.

- I tillegg disponerer kulturhuset eitt felles kontorlokale, lokale for kioskdrift og billettsal og publikumstolett.
- Kulturhuset har fri tilgang til fellesareal, stor vestibyle i 1.etasje og stort galleri i andre etasje. Desse areala er også til tider brukte til kulturføremål.
- Sal 3 er gjennom med framleigekontrakt i sambruk med norskopplæringa, men av praktiske omsyn nyttar dei i staden i hovudsak Sal 2

Sogndal kulturhus AS har hatt omfattande drift sidan opninga i 1991. Det er det einaste profesjonelle kulturhuset i regionen, og har offisiell status som regionalt kulturhus gjennom ei investeringsløyving på 5 millionar kroner, då det vart bygd.

Selskapet har no 3 faste stillingar, (dagleg leiar, kinoansvarleg, arrangements- og marknadsansvarleg, om lag 50% stilling som timeløna vaktmeister, og ca. 15 personar i timeløna deltidsstillingar (mellom 5% og 30%) knytt til kino, kioskdrift, arrangement og reinhald. I 2019 sysselsette selskapet seks årsverk, og hadde totale personalkostnader på kr 3 272 000.



Faksimile frå BT 13. des. 2009

Kino

Ein hovudaktivitet har vore drifta av Sogndal kino. Den har vore drifta svært godt, og kinoen har 15 gonger vore kåra til Årets kino i Norge. Ingen andre kinoar har fått denne utmerkinga så mange gonger. I 2018 var det 2056 kinoforestillingar, med til saman 40 326 besøkande.

Eit forholdsvis nytt tilbod knytt til kinoen er overføringar - direkte eller i opptak - av operaforestillingar eller anna frå store internasjonale scener, slik som t.d. Royal Opera House i London eller Metropolitan Opera i New York. Desse har høg teknisk kvalitet og kinoen kan gi ei heilt anna oppleving enn å sjå slike førestillingar på TV. Sogndal kino har no regelmessig slike førestillingar, og det er eit tilbod ein ser for kan utviklast vidare.

Kulturhuset har kompetent personale til å stå for programmering og framsyning. Kinodrifta er digitalisert, og framsyningane svært rasjonelt organisert. Ein person styrer no framsyning i tre salar.

Sogndal kulturhus AS er med i Kinoalliansen (KA), ei nasjonal gruppering av frittstående kinoar som samarbeider på aktuelle område. Dette er den tredje største kinokjeda i landet og det gir gode kort i forhandlingar. Vi får gjennom KA stordriftsfordelar, med avtalar forhandla av KA med filmdistributørar, leverandørar av kinoutstyr, reklamefilm, billettsystem, kioskkonsept og kioskvarer. KA utarbeidar i desse dagar og anbodspapir for innkjøp av nye kinoprojektorar.

Kulturarrangement

Kulturhuset er også arena for teater, er ein av Riksteatret sine fem faste spelestadar i Sogn og Fjordane, og er også fast spelestad for Teater Vestland (tidlegare Sogn og Fjordane teater). I 2018 var her 26 teaterforestillinger.

Sogndal kulturhus AS leiger også ut areal til nasjonale og lokale konsert- og kulturarrangørar (t.d. standup-komikarar og revyar), og legg ned mykje arbeid som teknisk arrangør ved slike tiltak.

Dessutan har selskapet ei rekke arrangement i eigen regi. Dei to store arrangementa er «Førjulsmoro» og «Den Store Kinodagen». Førjulsmoro er eit arrangement for folk i alle aldrar. Her er aktivitetar for born, kulturprogram og ein stor julemarknad. I 2019 var det over 40 salsbuer. Ein reknar med at det minst er 2000 innom kulturhuset denne dagen. Den Store Kinodagen, med samanhengande filmframsyningar eit heilt døgn, trekker mellom 2500 og 3000 besøkande kvart år.

I tillegg til dette har Sogndal kulturhus AS ei rekke arrangement retta mot born og unge, kalla «Kulturspiren» og skipa til 4-6 gonger om året, med god hjelp av frivillige.

Desse arrangementa er også med å gi inntekter til andre lag og organisasjonar gjennom dugnadsinnsats. T.d. er dette ei vesentleg inntektskjelde for Sogndal skulemusikk.

I nokre år har det også vore forsøkt med eigne arrangement i Blaoboxen. Arrangementsserien i Blaoboxen er no stogga pga. økonomi.

Årleg vert det også arrangert ein stor nyttårskonsert med Bergen filharmoniske orkester gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommune og fleire kommunar.

Til saman var det i 2018 123 andre arrangement (utanom kino), m.a. 31 konsertar, 6 foredrag, 5 revyframсыningar 4 danseforestillingar, 4 standupforestillingar og 4 direkteoverførte operaforestillingar på kino. Det var dessutan en del lukka møte og selskap.

Sogndal Musikklag og Sogndal songlag brukar kulturhuset fast til øvingar.

Også Sogndal bibliotek og Sogn kulturskule, som er leigetakarar i bygget, er aktive kulturaktørar. Det er svært positivt at begge desse er lokaliserte i kulturhuset. Særleg biblioteket er særskild aktive med ulike typar arrangement i tillegg til den tradisjonelle bibliotekdrifta. Slik biblioteka sitt samfunnsoppdrag no er, er publikumsarrangement ein viktig og normal del av deira verksemd. Dette bør danna grunnlag for utvida samarbeid mellom biblioteket og kulturhuset.

Kulturskolen arrangerer også elevkonsertar for publikum.

I underetasjen er det restaurant, noko som er eit aktivum for kulturhuset. Her er også eit trenings-senter, som også kan seiast å vera eit relevant innhald i eit kulturhus.

I tillegg er norskopplæringa for framandspråklege store leigetakarar i huset. Sjølv om norskopplæringa ikkje er kulturaktørar, er dei likevel på mange vis eit aktivum for kulturhuset, fordi det gjer at her er mykje folk, og liv og røre i huset på dagtid, og her er potensiale for meir samarbeid mellom opplæringa og kulturaktørane på huset.

Å ha denne aktiviteten i huset kan også bidra til kulturelt mangfald og til tiltak som fremjar integrering. Det negative er først og fremst at norskundervisninga legg beslag på mykje areal, som elles kunne vore nytta til kulturføremål. Sambruken i Blaoboxen gjer også bruken av dette arealet til kulturføremål vanskeleg.

Men her er så leigetakarar i huset som det ikkje er like naturleg er lokalisert i eit kulturhus. Det er Sogn brann- og redning, det lokale NAV-kontoret.



Eva Weel Skram på Julelutt 2014.
Foto: Øyvind Nondal. Flickr, CC BY-NC 2.0



Kulturspiren. Foto: Sogndal kulturhus



Førjulsmoro. Foto: Sogndal kulturhus

Sogndal bibliotek og Sogndal kulturhus AS¹

Sogndal bibliotek og Sogndal kulturhus AS er begge kulturoperatørar for Sogndal kommune. Biblioteket som ein direkte del av den kommunale forvaltninga, kulturhuset som eit aksjeselskap, heileigd av Sogndal kommune. Begge er leietakarar i Sogndal kulturhus, også eigd av Sogndal kommune. Biblioteket disponerer ein del av vestibylearealet utanfor biblioteket og betalar Sogndal kulturhus AS for drift og reinhald av arealet.

Til no har det vore avgrensa samarbeid mellom biblioteket og kulturhuset. Det vil truleg vera fornuftig å vurdere større grad av samhandling mellom dei to institusjonane.

Bibliotekas samfunnsrolle har endra seg. Den nye biblioteklova som kom i 2013 slår fast at «Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt». Frå å vera ein stad der ein berre lånte bøker, er biblioteka i større og større rad vorte møtestader og arenaer for opplevingar, aktiv formidling og debattar. Desse føremåla er temmeleg parallelle til det som er sentrale funksjonar for kulturhuset. Eit nærare samarbeid er såleis naturleg.

Sogndal bibliotek har vore gode på å følgja opp den nye bibliotekrollen, og har regelmessig interessante og spennande publikumsarrangement. Det viktige er at slike tilbud vert tilgjengelege for publikum, ikkje om biblioteket eller kulturhuset står som arrangør. God samhandling og arbeidsdeling mellom biblioteket og kulturhuset er naturleg og ynskjeleg. For Sogndal kulturhus er alle arrangement i regi av biblioteket eit aktivum, og det er i kulturhuset si interesse leggja så godt til rette for slike arrangement som råd.

Sogndal bibliotek sine arrangement må presenterast på kulturhuset sine nettsider, på same måten som arrangement i regi av kulturhuset.



Anne-Cath Vestly i biblioteket
Faksimile: Sogn Dagblad, 1996



Satsing på lydbøker
Faksimile: S/SA 4. feb. 1993

Kulturhuset si nettside må også ha link til biblioteket si nettside. Ein bør også få til samordning av arrangement i regi av kulturhuset og biblioteket, slik at ein unngår kollisjonar. Biblioteket og kulturhuset bør også kunna utnyttta kvarandre i sine arrangement, t.d. ved at biblioteket er aktiv deltakar i Kulturspiren eller Førjulsromo.

I dag har biblioteket sine arrangement i egne lokale, og for dei fleste arrangement er dette funksjonelt og noko dei ynskjer å halda fram med. Men for nokre typar arrangement har biblioteket behov for større og meir tilrettelagde lokale. Blaoboxen vil kunna bli eit slikt lokale, dersom det vart frigitt til kulturføremål og dersom ein fekk ei

1 Dette avsnittet er m.a. basert på samtale med bibliotekleiar Anita Bergseth.

ordning som gjorde at biblioteket kunne bruka lokalet utan ekstra kostnad. Ein kinosal, brukt til filmvising eller auditorium, vil også kunna vera aktuelt lokale for biblioteket.

I Voss kulturhus, der biblioteket har ei svært sentral plassering og kulturhuset er ein direkte del av den kommunale kulturforvaltninga, kan biblioteket fritt bruka lokale i kulturhuset utan fakturering av husleige. Sjølv om Sogndal kulturhus er organisert som eit AS, bør det vera råd å få til ordningar og rammevilkår som gjer det muleg for biblioteket å bruka lokale i kulturhuset utanom sitt eige primærareal.

Ein modell for bruken av arealet kunne vera at korkje kulturhuset, biblioteket eller kulturskulen betalte husleige for arealet, men at kommunen la inn husleigekostnader for bruken i

rammeløyvingane til kvar av institusjonane, og at det vart laga ryddige avtaler mellom dei.

Biblioteket vurderer elles lokala dei har i kulturhuset som stort sett tenlege og funksjonelle. Dei har likevel knapt med areal, særleg til ungdomsavdeling og studieplassar. Dette kunne, etter deira vurdering, vera aktuelt å lokalisera i 2. etasje, i areal som norskopplæringa no nyttar. Det let seg relativt lett fysisk gjera å laga direkte trappeløysing frå biblioteket til dette arealet. Biblioteket ser også behov for å gi det arealet dei disponerer i vestibylen ei ansiktsløfting.

Det har vore vurdert å flytta biblioteket sitt publikumsmottak nærare vestibylen for slik også å kunna fungera som ein felles resepsjon og informasjonsskranke for kulturhuset, men biblioteket finn ikkje dette tenleg no.

Sogn kulturskule og Sogndal kulturhus²

Sogn kulturskule er leigetakar hjå Sogndal kommune i kulturhuset. Det er svært naturleg at Sogn kulturskule er lokalisert i huset. Skulen er eit aktivum for kulturhuset, og det er potensiale for at utvida samarbeid mellom kulturskule og kulturhus, til fordel for begge partar.

Kulturskulen har tilstrekkeleg areal i huset til å dekkja sine behov i dag. Mange av øvingslokala har også god kvalitet med omsyn til akustikk og lydisolering. Dei største problema er knytt til lokala i toppetasjen, der tilkomsten er kronglete, enten via ei bratt og luftig trapp, som enkelte born vegrar seg for å bruka, eller i ein enkel lift (heis), som ligg noko bortgøymd. Kulturskulen kan tenkja seg å få lokale meir sentralt i huset, t.d. i andre etasje. Dei har også behov for meir lagerareal.

Pr i dag driv kulturskulen i hovudsak musikktilbod i kulturhuset. Dei har også tilbod i dans, men denne aktiviteten held til i lokale som tilhøyrer Høgskulen på Vestlandet, på Fosshaugane. For kulturskulen vil det vera ynskjeleg å ha tilgang på lokale for dans i kulturhuset. Dans er populær aktivitet, som truleg vil få større omfang for skulen i tida framover.

I tillegg til å driva undervisning har også kulturskulen publikumsretta arrangement, i form av elevkonsertar. Dei har ein større årleg konsert i

2 Dette avsnittet er delvis basert på samtale med kulturskulerektor Roar Sandnes.

Storsalen, og har som mål å ha ein mindre elevkonsert kvar månad. Desse har ein stundom hatt i Blaoboxen, som i utgangspunktet er eit sentralt og høveleg lokale for dette. Det har likevel synt seg problematisk å nytta Blaoboxen, fordi det krev så mykje rigging og tilrettelegging, sidan lokalet i hovudsak vert brukt som klasserom. Difor har kulturskulen no slike elevkonsertar i eitt av sine egne mindre lokale, meir bortgøymd i huset, og mindre eigna. Hadde Blaoboxen vore tilrettelagt, slik at det ikkje var så arbeidskrevjande å bruka han, ville kulturskulen halde sine elevkonsertar her. Heilt ideelt er Blaoboxen likevel ikkje. Her er primært klasseromsakustikk, og det er særlege utfordringar knytt til framføring av akustisk musikk, utan lydforsterking. Også lydtempinga mellom vestibylen og Blaoboxen er problematisk.

Kulturskulen sine publikumsretta arrangement vert no i liten grad marknadsført som ein del av huset sine kulturtilbod. Dette må rettast på. På same måten som bibliotekets publikumsarrangement, må kulturskulen sine arrangement bli presenterte på kulturhuset sine nettsider, og eventuelt andre plattformer kulturhuset brukar til marknadsføring. Det er viktig at alle kulturtilbod i huset vert presentert på ein plass, uavhengig av kven som står som arrangør. Kulturskulen har også stundom bidrege i kulturhuset sine Kulturspiren-arrangement. Dette er ein god måte for kulturskulen å eksponera seg sjølv på overfor eit stort publikum av både born, unge og vaksne.

Kulturskulen sitt leigeforhold til dei areala dei brukar er litt komplisert. Kommunen er forplikta til å halda gratis undervisningslokale til kulturskulen, men ikkje til administrasjon og til distriktsmusikarordninga. Sidan kulturskulen også er interkommunal er det laga fordelingsnøklar for betaling av husleiga. Desse kan truleg bli enklare innanfor den nye Sogndal kommune. Når kulturskulen brukar lokale som Sogndal kulturhus AS

disponerer, har dei enten fått bruka dei vederlagsfritt, eller fått leigd på svært gunstige vilkår, avhengig m.a. om kor vidt det er gratiskonsertar eller ikkje. I Storsalen er det også naudsynt å leiga inn eksternt lydfirma, slik at ein uansett får kostnader. Kulturskulen ser fordeler med å ha ein rimeleg inngangsbillett til elevkonsertar, ein kan få betre oversikt over kor mange som kjem, og det kan skapa eit meir «disiplinært» publikum.

Det er i alle si interesse at kulturskulen kan få tilgang til så funksjonelle lokale som råd til sine aktivitetar. Difor bør det etablerast ordningar som gjer at ikkje husleige hindrar kulturskulen bruka Blaoboxen og Storsalen. På Voss, der både kulturskulen og kulturhuset er del den av den kommunale forvaltninga, hadde ein slutta med interfakturering mellom dei to, og let kulturskulen bruka kulturhusareal utan husleige.

Sjølv om Sogndal kulturhus vert drive som eit aksjeselskap, må det også her vera råd å finna ordningar som gjer at slik bruk ikkje vert økonomisk belastande, korkje for kulturskulen eller kulturhuset. Forholdet burde i staden kunne verte ordna med ein avtale som klargjer kulturskulen sine rettar til bruk, og der kostnader for bruken vart teke høgde for i kulturskulen og kulturhuset sine rammeløyvingar. Det er i alle høve berre snakk om flytting av pengar frå ein del av kommunen til ein annan.



Frå førjulsmoro 2014. Foto: Øyvind Nondal. Flickr, CC BY-NC 2.0

Norskopplæringa og Sogndal kulturhus³

Norskopplæringa leiger ein del lokale i 1.etasje i kulturhuset frå Sogndal kulturhus AS, gjennom framleigeavtale, og lokale andre stader i huset gjennom direkte leigeavtale med Sogndal kommune. Dei areala norskopplæringa leiger hjå Sogndal kulturhus er, i følgje kontrakten, fleirbruksareal.

I praksis er det Blaoboxen og ein kinosal som vert sambrukt, og det er Blaoboxen det knyter seg flest problemstillingar til. Dette arealet vert disponert av norskopplæringa mellom 08:30 og 15:00 på kvardagar.

I starten vart sambruken av lokale oppfatta som problematisk av norskundervisninga, men dette har gått seg til, og no meiner rektor at dette for deira del fungerer bra. Både norskopplæringa og kulturhuset opptre fleksibelt, og tilpassar seg kvarandre sine behov. Det er likevel mykje utstyr som stadig må flyttast på, og det er eit problem at det ikkje kan hengast opp noko på veggene.

Samla sett har norskopplæringa tilstrekkeleg areal i kulturhuset, bortsett frå at dei har liten lagerplass. Men dei er ikkje nøgde med kvaliteten på lokala. Største problema er knytt til luftkvalitet, ventilasjon og mangel på kjøling. Det er også problem med lydisolering, både mellom Storsalen og ein del kontor, og mellom øvingsrom for kulturskulen og ein del kontor. Av andre manglar ved huset nemner dei lekkasje frå ein del takvindauger og stundom skjemmande kloakklukt frå kjellaren.

Det er også eit problem for norskopplæringa at dei må drifta sitt store areal i kulturhuset utan vaktmeisterhjelp. Dei får noko hjelp frå Sogndal kulturhus sin vaktmeister, sjølv om dette ikkje ligg innanfor hans ansvarsområde.

Norskopplæringa ser det som ein stor fordel å vera lokalisert sentralt i Sogndal. Dei har ikkje vurdert andre lokalitetar, men ser at Fosshauganeområdet også kunne vera aktuelt, om det hadde vore eit alternativ.

Norskopplæringa tykkjer kulturhuset er ein naturleg stad for dei å halda til. Dei har mykje samarbeid med biblioteket, og kan ynskja seg meir samarbeid med kulturskulen. Norskundervisninga har sitt eige kor, som har sunge i kulturhuset. Det er potensiale for meir samarbeid mellom norskundervisninga og dei andre i huset. Kulturhuset kunne kanskje bli ein endå viktigare arena for integrering og samskaping mellom nyttilflytta og lokalbefolkning.

Norskopplæringa ser at sambruken om Blaoboxen er problematisk for kulturaktivitetane der, og stiller seg positive til å flytta ut av dette lokalet, dersom leigetakersituasjonen vart slik at det kunne etablerast tilstrekkeleg klasseromskapasitet andre stader i huset.

3 Dette avsnittet er basert på samtale med rektor for norskopplæringa, Elisabeth Normann. Fullstendig oppsummering av samtalen ligg som vedlegg.

Utleigar og kinodrivar, eller også kulturprodusent?

Eitt av dei viktige strategiske vala ein må ta for Sogndal kulturhus AS er i kva grad selskapet skal ha ein rolle som kulturprodusent, i betydninga ta sjølvstendige initiativ til kulturarrangement, og sjølv stå som arrangør, for å kunna auka breidda i kulturtilbodet.

Bortsett frå teaterforstillingane er det eit faktum at mykje av tilbodet i kulturhuset i dag er slikt som har stor kommersiell appell. Det er ikkje noko gale i slike tilbod. Det er viktig å ha tilbod med stor publikumsappell. Ved dei fleste arrangement i huset står Sogndal kulturhus AS berre som utleigar av lokale, og som teknisk tilretteleggjar. Selskapet har ikkje økonomi til å kunna ta sjansen på å arrangera noko som har usikkert inntektsgrunnlag.

Eit regionsenter som Sogndal, bør kunna tilby eit breitt kulturtilbod, og ein kan argumentera for at kulturhuset bør bidra til dette ved å kunna stå som arrangør av kulturarrangement også med appell til smalare publikumssegment, som ikkje alltid ber seg reint kommersielt. Dette kan seiast å vera ein del av kulturhuset sin samfunnsoppdrag, og ein del av det som bør vera den kulturelle infrastrukturen i eit regionsenter. Styret for Sogndal kulturhus AS ynskjer å driva meir eigenproduksjon av kultur. Vi meiner eit regionsenter som

Sogndal bør kunna tilby eit breitt kulturtilbod.

No er det slett ikkje berre kulturhuset som bidreg, og skal bidra, til dette kulturelle mangfaldet. Sogndal bibliotek er ein viktig kulturprodusent, Meieriet er ein viktig arena i dette biletet, det same er museet.

Ulike lag og organisasjonar er også viktige bidragsytarar til kulturelt mangfald (t.d. Senioruniversitetet og songkor), og det er naturleg at kulturhuset bør kunna vera ein arena også for slike.

Dersom kulturhuset skal ta ein rolle som meir aktiv kulturprodusent og som tilbydar av areal til frivillige lag og organisasjonar, føreset dei ei aller anna form for økonomisk sikring, enten ved generelt betre rammevilkår, eller gjennom ordningar med arrangementsstøtte eller underskotsgarantiar.



Nyttårskonsert, Bergen Filharmoniske Orkester. Foto: Sogndal kulturhus



Pernille Sørensen. Foto: Sogndal kulturhus



Storsalen. Foto: Sogndal kulturhus

Blaoboxen⁴

Blaoboxen – arealet som opphavleg var kantine for høgskulen – er eit viktig lokale for Sogndal kulturhus.

Det er eit forholdsvis stort lokale, med flatt golv og tilhøyrande kjøken, som ligg sentralt i bygget, med direkte tilgang frå vestibylen i første etasje.

Styret for Sogndal kulturhus AS sette mykje inn på å få hand om dette lokalet då høgskulen flytte ut i 2012, og løysinga vart at selskapet fekk råderett over lokalet i sambruk med norskundervisninga.

Det å vera aktiv produsent for smalare og mindre kommersielle kulturtilbod var noko som vart meir aktualisert med etableringa av Blaoboxen. Dette lokalet høver i utgangspunktet godt for arrangement med eit publikum på opp til 100-150. Blaoboxen gav kulturhuset ein ny dimensjon og mulegheiter for andre kulturaktivitetar enn dei som høver i salar med faste stolar i amfioppsett, både til eigne arrangement og som utleigeareal til lag, organisasjonar og private, og som lokale for konsertar i regi av kulturskulen. Potensialet for auka bruk og gjera dette til ein viktig kulturarena er stort, men det er diverre ikkje realisert. Det er fleire grunnar til dette:

Sambruken med norskundervisninga er svært problematisk. Arealet er primært klasserom, ikkje eit rom som er utforma med tanke på kulturarrangement. Det gjer at lokalet står fram som lite innbydande og triveleg for kulturføremål.

Norskundervisninga disponerer arealet alle kvardagar frå kl. 09:00 – 15:00. Det gjer det arbeids- og ressurskrevjande å bruka Blaoboxen til andre føremål på kveldstid. Tavler, dataskjermar bord og stolar må flyttast, og lokalet må møblerast og tilpassast kulturarrangementet. Dette inneber ofte rigging av mobil scene, oppsetting av lyd og lysanlegg. Når kultarrangement er avslutta, som oftast forholdsvis seint på kvelden, må lokalet må ryddast og gjerast klart for undervisning til kl. 9.00 neste morgon.

Kulturhuset sine rammevilkår er slik at ein må ta ei forholdsvis høg husleige for bruk av lokalet. Brukarar og potensielle brukarar av kulturhuset har gitt samrøystes tilbakemelding om at nivået på husleiga er hovudgrunnen til at dei ikkje brukar

4 Dette avsnittet er delvis basert på samtale med Håvard Ese Eliassen, frivillig arrangør av mange konsertar i Blaoboxen. Fullstendig referat frå samtalen ligg som vedlegg.



Karl Seglem og Sigurd Hole.

Foto: Øyvind Nondal. Flickr, CC BY-NC 2.0



Håvard Øyrehagen med band.

Foto: Sogndal kulturhus



Damenes aften. Foto: Sogndal kulturhus

kulturhuset meir enn dei gjer. Dette sjølv om Sogndal kulturhus AS alltid har prøvd å halda husleiga til lokale lag og organisasjonar så låg som råd, og bidrege til å dekkja underskotsarrangement i regi av lokalt frivillig kulturliv, trass i at dei økonomiske rammevilkåra til selskapet eigentleg ikkje tillet dette.

Blaoboxen har også vorte nytta til mange arrangement i eigen regi: Ved hjelp av eldsjeler og stor dugnadsinnsats har det vore arrangert ein konsertserie, med jazz og anna rytmisk musikk, med høg kvalitet, som har fått mange lovord, både frå publikum og i lokalpressa. Sameleis har ein hatt litteraturarrangement, med styret for Sogndal kulturhus AS som dugnadsgjeng.

Publikumstalet har variert frå 150 til under 10. Styret har ynskt å kunna halda fram med denne typen arrangement og utvida tilbodet med t.d. folkemusikk og anna., men har likevel måtta leggja arrangementsrekka i Blaoboxen på is. Grunnane er dei same som dei som hindrar frivillige lag og organisasjonar i å bruka dette lokalet meir enn dei gjer: Økonomi og arbeidskrevjande sambruksmodell med norskopplæringa.

Blaoboxen er heller ikkje tilpassa kulturarrangement, men er primært klasserom. Dette gjer

det vanskeleg å gjera det til eit stemningsfullt og triveleg kulturlokale.

Utforminga av lokalet og plasseringa av scenen gjer at det er vanskeleg å utnytta heile arealet effektivt, og kunna ha så mykje publikum som det faktisk kan vera plass til. Ei anna sceneplassering kunne bøta på dette, men kan kanskje vera problematisk med omsyn til lyd og lydspreiing.

Kva bør gjerast for at Blaoboxen skal bli funksjonelt kulturlokale?

Sambruken med norskundervisninga må avviklast.

Lokalet må riggast med fast scene og fast basis lyd- og lysanlegg, slik at det vert lett å bruka. Lokalet må få ei ansiktsløfting som gjer det triveleg, ha funksjonell møblering og gode akustiske forhold.

Ein bør vurderer ei anna utforming og/eller plassering av kafé- eller bardisk og ha eit høveleg serveringstilbod.

Det bør også vurderast om ein har bruk for kjøket, i den form det har no, og om det er muleg å etablere meir lagerrom i tilknytning til Blaoboxen.



Blaoboxen. Foto: Sogndal kulturhus

Kva meiner publikum om Sogndal kulturhus?


vi har gjennomført ei forholdsvis omfattande publikumsgransking. Arbeidet med granskinga er gjort av Guttorm Flatabø, ved hjelp av programmet SurveyMonkey. Hans rapport frå granskinga ligg som vedlegg. Her skal vi oppsummera hovudpunkt.

For å samle inn svar vart det på heimesida til kulturhuset implementert ein pop-up (lite vindauge som sprengt opp på) som inviterte besøkande på heimesida til å svare på undersøkinga. I tillegg vart det brukt ei lenke sendt ut på e-post til brukarar som har gitt kulturhuset løyve til å senda dei e-post, og lenke knytt til QR-kode på oppslag i kulturhuset. Det var heimesida som gav flest svar.

Første svar kom inn 28. November 2019. Siste svar kom inn 21. januar 2020. 22. januar vart undersøkinga stengt. Til saman kom det inn 908 svar, av dei 743 fullførte.

Spørsmåla og resultatata vert presentert over neste sidene.


Når var du sist på arrangement i kulturhuset?



Svara fordelte seg slik ein ser av figuren ovanfor. Som ein ser, hadde dei fleste av respondentane nyleg vore på arrangement i kulturhuset. 60% hadde vore her siste månaden, og 80% hadde

vore her i løpet av siste halvår. Dette tilseier at dei som har svara har relevante erfaringar frå besøk på huset.

Kva type arrangement var du på sist du var i kulturhuset.



Ikkje overraskande er der kino dei fleste har vore på, (56%), men mange har også vore på konsertar eller anna arrangement i Storsalen. Få har vore på arrangement i Blaoboxen. Dette er heller ikkje overraskande, sidan aktiviteten her har vore svært liten siste året. Heller ikkje mange


av respondentane har vore på Kulturspiren. Her er då og målruppa born.

Dei som svara på gransinga hadde i gjennomsnitt vore 6,87 gonger på arrangement i kulturhuset siste året, medan medianverdien var 5.

Meir interessant er det kanskje å sjå på korleis publikum vurderer dei ulike tilboda i kulturhuset. Her vart respondentane spurde om

å rangera ulike tilbod frå 1 til 5, der ein var dårlegaste og fem var beste vurdering.

Korleis vurderer du dei ulike tilboda i kulturhuset?




Vekta gjennomsnitt av skalaen 1 – Svært dårleg, 2 – Dårleg, 3 – Verken dårleg eller bra, 4 – Bra, 5 – Svært bra.

Her må ein konkludera med at publikum jamt over er rimeleg godt nøgde med tilboda i kulturhuset. Kinoen scorar høgst og konsertar/arrangement i Blaoboxen dårlegast, men alle tilboda vert vurdert å liggja mellom «Svært bra» og «Bra».

På dette spørsmålet kunne ein også gi kommentarar, og 111 hadde gjort det. Svara sprikar sjølvsagt i mange retningar, men nokre går att og peikar seg ut (alle kommentarane er gitt att i den fullstendige rapporten). Mange

kommentar er svært positive, både til kino, konsertar, arrangement i biblioteket og det samla tilboda i huset. Av negative kommentarar som går att er det no er vorte for trangt mellom seta i Storsalen og at kinolerret der burde skiftast ut. Nokre tykkjer også at Storsalen er vorten for liten, og at det ofte er vanskeleg å få billettar. Fleire ønskjer seg eit breiare filmtilbod. Ein del saknar også konserttilbodet i Blaoboxen, sjølv om mange også uttrykker misnøye ned dette lokalet, både at det er lite og lite triveleg, og at lydforholda er for dårlege.


Kva type arrangement i kulturhuset set du størst pris på?



Svara her ser i stor grad ut til å gjenspeglar dei kuturtilboda ein har oppsøkt. Kino, konsert og teater utgjer til saman 92% av svara. Når det

gjeld rubrikken «Anna arrangement» er stand-up og revyar arrangement som går att som attraktive.

Korleis opplever du Sogndal kulturhus som bygg?



Vekta gjennomsnitt av vurderingar på skalaen

1 - Heilt ueinig, 2 - Litt ueinig, 3 - Verken ueinig, eller einig, 4 - Litt einig, 5 - Heilt einig.

Også her tyder svara på at publikum i det store og heile er fornøgd. Alle variablar får god vurdering, sjølv om det også for alle er rom for forbetring. Personalet får høgast score og samspelet mellom aktørane lægst.

Det var høve å gi kommentarar, og 77 gjorde det. Alle er gitt att i den fullstendige rapporten. Mange av dei negative kommentarane peikar på trange toalett. Ein del peikar også på manglande reinhald, både på toalett og i fellesområde, og at vestibulen er for lite innbydande.

Er det tilbod du saknar eller skulle hatt meir av i Sogndal kulturhus?

Det kom 208 kommentarar til dette spørsmålet. Svara var sjølvsagt varierende, og ikkje lette å oppsummera. Det er ynskje både om meir av de meste, konsertar, meir teater, særleg for born, mange nemner ynskje om eldre filmar og eit breiare filmtilbod, ein del saknar også konsertane i Blaoboxen. Det er også nokre ynskje om betre rammer kring ulike arrangement:

«Meir "liv" i fellesarealet/foajeen. Det er ikkje so koseleg slik det er no - verkar tomt og kaldt,

og ikkje som ein naturleg arena for å møtast. Aktivitetane på bygget kunne godt vore trekt meir ut i foajeen og viste fram meir. (.....) Kva med eit piano til øvingsbruk i foajeen, små-konsertar i samband med andre arrangement (eit par musikkstykke mellom kinofilmene?). Marknadsbodas oftare enn i jula?»

Alle ynskje er presenterte i den samla rapporten som ligg som vedlegg.

Har du andre synspunkt på drifta og aktiviteten i Sogndal kulturhus?

Dette var eit ope spørsmål som gav 120 svar. Fleire bemerkar også her dei trange stolradene i Storasalen etter oppgraderinga, det defekte kinolerretet same stad, dei trange toaletta og ynskje om eit trivelegare vestibyle.

Nokre etterlyser meir kultur i kulturhuset:


«Eg er ikkje nøgd med at kulturhuset husar alt mogleg anna enn kultur. Musikkverkstaden og danseverkstaden skulle sjølvsagt vore i kulturhuset, men dei er i Solhov. I staden husar kulturhuset til dømes NAV og Sogn Brann & Redning. Kulturhuset burde brukast til kultur. Viss eg hadde drifta kulturhuset, hadde eg ikkje hatt samvit til å la slikt skje.»

Andre er opptekne av rimelegare leigeprisar for lokale organisasjonar:


«Meir kultur. Tilgjengeleg for lokal kultur/lag og organisasjonar med leigeprisar som gjer at dei har råd å bruke lokala til både øving og framsyningar/arrangement. I dag hindrar høge leigeprisar det.»

Kven er det som har svart?

Den yngste som svarte på granskinga var 12 år og den eldste 84. Gjennomsnittsalderen på dei som har svart er 40 år. Aldersmessig har vi såleis har god spreiding. Det er flest kvinner som har svart. 31% av svara var frå menn og 69% frå kvinner. Det er uvisst om denne skeivfordelinga mellom kjønna også gjenspeglar at det er fleire kvinner enn menn som brukar tilboda i kulturhuset. I alle fall kan det sjå ut som det er flest kvinner som er opptekne av huset, og har teke seg bryet med å svara.



Kor er du busett?



Vi har også registrert kvar dei som har svart er busette. Som rimeleg er er dei fleste som har svart busette i Sogndal, Luster og Leikanger. 89% av dei som har svart er frå dette området. Samanheldt med dette med folketalet i dei tre kommunane i 2019, ser vi at 5,4% av folketalet

i Sogndal har svart, 3% av folketalet i Luster og 2,2% av folketalet i Leikanger. Dette må seiast å vera forholdsvis høge tal, og syner at kulturhuset har ein viktig regional funksjon, særleg for desse områda.

Representativt?

743 fullførte svar er eit svært godt resultat. Om svara er representative er avhengig av kven dei skal vere representative for og kor stor denne «populasjonen» er. Ein har her samla svar i all hovudsak frå dei som besøker heimesida til kulturhuset, og dei fleste har nok også vore motiverte til å svara av loddtrekinga, deltakinga tyder iallfall på det. Det vil seie at respondentane

ikkje er fullstendig representative for alle som besøker kulturhuset gjennom eitt år.

Det er likevel truleg at dei fleste brukarane av kulturhuset, truleg med unntak av framandspråklege, er innom heimesida og Facebook der dei fleste respondentane vart rekruttert frå, og slik sett er nok respondentane tilstrekkeleg representative.

Kva meiner brukarar om Sogndal kulturhus?

Vi har spurt ei rekke brukarar av kulturhuset om deira erfaringar frå huset, og fått ein del tilbakemeldingar. Nokre har svara på e-post, og nokre har vi hatt møte med. Møtetreferata er gitt att som vedlegg, her skal vi oppsummera hovudpunkt:

Riksteatret

(tilbakemelding på e-post)

Riksteatret er faste brukarar av kulturhuset og teknikarane deira har ein del ynskje om forbetringar. Dei meiner scenetrekka er modne for ei oppdatering og alle bør motoriserast. Inndekninga er sliten, og bør, etter deira syn, skiftast ut. Dei meiner også at scenen bør oppgraderast. Dei tilrår å slipa ned golvet og lakka det, laga oppheng for kabling og leggja til rette for bete lagerplass på sidescenen.

Dei tilrår også å laga permanent plass til lys/lyd/videoteknikker i salen med kabling og straum, ved ta ut nokre sete. Likeeins tilrår dei å investera i eige PA-anlegg, tilpassa huset.

Dei gir også tilbakemelding om at husets tekniske personale ikkje alltid er til stades slik det er spesifisert i avtalen. Elles melder Riksteatret om svært hyggeleg bemanning, god bevertning og flink berehjelp. Dei er nøgde med at Sogndal kulturhus er flinke med marknadsføring og skaffar stort publikum. Salen er fin, skodespelarane likar scenen og salen, og likar å spela her.

Victoria Productions

(tilbakemelding på e-post)

Victoria Productions er Norges største private turnéteater, og har besøkt Sogndal kulturhus med ei rekke førestillingar, først og fremst for born. Dei har gitt oss slike tilbakemeldingar om kulturhuset:

Om scena seier dei at den har fin breidde og djubde, men at det er utfordrande med lystrekk bakover på scenen, slik dei er utforma. Alle trekk bør motoriserast, (ikkje berre lys-trekk).

Garderobane karakteriserer dei som bra, og tilkomst veldig bra. Men dei peikar også på ein del svakheiter ved kulturhuset:

At huset ikkje har PA-anlegg ser dei på som eit stort minus. Lysriggen er svært utdatert. Victoria Productions meiner at lysanlegget bør oppgraderast totalt, med tanke på dagens krav til avvikling av førestillingar. Mangel på tekniske fasilitetar er, etter deira vurdering, husets største problem, og fører til det blir langt over snittet dyrt å besøka Sogndal kulturhus, fordi det kjem så mange ekstra utgifter som må dekkast inn av ekstern arrangør for å kunne levera eit godt produkt, t.d. lyd- og lysutstyr.

Dei meiner leigevilkåra er veldig dyre for eit hus som ikkje kan levere tekniske tenester.

Om oppfølging og tilrettelegging frå kulturhusets personale har dei dette å seia: «Meget bra! Dere er flinke til å marknadsføre eksterne arrangement. Lage tilpasset lokalt materiale og er gode på digital marknadsføring. Stort pluss for at dere fremdeles sender ut et «fysisk» program til alle husstander. Det selger mye billetter.»

Sogndal musikklag

(oppsummering frå møte)

Sogndal musikklag har eit spesielt forhold til kulturhuset. Dei var mellom initiativtakarane til å få reist huset, og dei har heilt frå opninga av kulturhuset brukt det fast til øving. Dei betalar ikkje leige for øvingslokalet. Musikklaget meiner at dette var ein føresetnad i samband med arbeidet med å realisere Sogndal Kulturhus.

Musikklaget har også vore ansvarlege for mange arrangement.

Musikklaget har innreidd lagerlokale i kjellaren. Dette disponerer dei gratis direkte frå kommunen.

Musikklaget er nøgde med denne ordninga. Dei har gode øvingslokale, og opplever Storsalen som ein god sal og spela i. Dei kunne ønska seg eit lager nærare scenen, så dei slapp å frakta så mykje opp frå kjellaren til kvar øving. Dei er opptekne av at kulturhuset også i større grad kunne vore arena for øvingar for andre, t.d. skulemusikken og storbandet. Dette kan kanskje la seg gjera ved at dei øver på same kveld som musikklaget.

Dei er klare på at Sogndal kulturhus er storstova i regionen, og at så mykje kulturell aktivitet som råd bør samlast i huset. Dei meiner mykje lokale i huset burde frigjevast frå eksterne leigetakarar til kulturføremål. Dei meiner det burde byggjast øvingslokale for band i huset, slik at ungdomen fekk betre kår enn dei no har i Solhov. Kanskje kunne tilfluktsrom i kjellaren brukast til dette. Det kunne kanskje etablerast øvingshotell, slik ein har t.d. i Oslo. Kulturskulen bør og få betre lokale, og det bør etablerast ein fast klubbscene for konsertar. Dei meiner også at Storsalen bør ha eit fast PA-anlegg.

Sogndal Storband

(tilbakemelding på e-post)

Storbandet har nytta både Storsalen og Blaoboxen denne sesongen, og opplevingane er i det store og heile positive. Dei melder at scenane er bra, men litt prega av kompromissar som kjem av fleire bruksområde. I Blaoboxen er det klasserom

og storsalen er primært kinosal. Tilkomsten er grei bortsett frå passasjen ein må gjennom for å komma frå foajeen og backstage, av storbandet karakterisert som eit «ormehol».

Lyd, lys, akustikk er OK men begge konsertscenene kunne vore tente med eit permanent lydanlegg slik at folk med litt kompetanse og enkle behov kunne rigga seg sjølve til ein konsert.

Generelt tykkjer storbandet at prisnivået er litt høgt. Skal ein nytta storsalen til ein enkel konsert kostar det 10.000, og pluss leige av lokalt lydfirma kjem ein opp i 25.000. Det får amatørar til å tenka to gonger. På den andre sida vil 300 billetter til kr 200 gi ei inntekt på 60.000. Storbandet peikar på at innteningskravet er med på å profesjonalisera brukarane, og det har jo noko positivt ved seg.

Personalet karakteriserer storbandet som «perler som me ikkje kan seia anna enn positivt om!». Garderobar har storbandet i liten grad nytta.

Folk flest

(tilbakemelding på e-post)

Folk flest er eit band frå Luster, som har leigd kulturhuset fleire gonger. Dei har gitt oss slik tilbakemelding: Scenen vurderer dei som romsleg og god, garderobane som romslege og gode, men der burde vore tilgang på fleire toalett.

Tilkomst: god/lett tilkomst. Kanskje litt lite plass til parkering.

Dei melder elles om svært god oppfylging og tilrettelegging frå personalet.

“Kultur kostar, men det løner seg på sikt”

Georg Arnestad, kulturforskar

Økonomiske rammevilkår for Sogndal kulturhus AS

Kulturhuset vart bygd som eit sambrukshus for kultur, næring og undervisning. Føremålet med å byggja dette som sambrukshus var m.a. å skaffe inntekter frå nærings- og undervisningsdelen av bygget, slik at desse midlane kunne nyttast til å stilla bygningsareal for kulturføremål til disposisjon vederlagsfritt.

Slik har det likevel aldri heilt vore. Alt i 1989, to år før kulturhuset vart opna, vart det skriva leige-kontrakt mellom huseigar, Sogndal eigedomsselskap, og driftsselskapet, som då heitte Sogndal Kulturhus A/L. Denne omfatta Storsalen, med garderobeanlegg, skrankeområdet i vestibylen, og kontor for administrasjon og driftsleiing. Husleiga for dette var kr 472 500. Det ser ut til at husleiga vart endå høgare, i 1992 er ho bokført med kr 581 900.

Det synt seg snart at driftsselskapet ikkje hadde økonomi til å betala denne husleiga, og driftsselskapet opparbeidde seg etter kvart stor gjeld til eigedomsselskapet for manglande innbetalingar av husleige (inkludert felleskostnader). I fleire omgangar vart gjelda nullstilt, husleiga for den direkte husleiga til slutt avvikla, men framleis slik at Sogndal kulturhus skulle betala for sin del av felleskostnader (straum, reinhald, renovasjon, kommunale avgifter etc.).

Praktisk vart forholdet mellom eigedomsselskapet og driftsselskapet ordna ved at eigedomsselskapet kjøpte drifts- og vaktmeistertjenester hjå driftsselskapet, som årleg vart avrekna mot husleige- og felleskostnadene. Dei siste åra med

denne modellen betydde det at driftsselskapet betalte eigedomsselskapet om lag kr 450 000 årleg. Dette var stadig problematisk for driftsselskapet. Etter at høgskulen flytte ut av kulturhuset vart det i 2012 var det etablert ein ny leigeavtale med eigedomsselskapet, med leige av det tidlegare kantinearealet, (no Blaoboxen), tidlegare klasserom (no kinosal 3) og nokre mindre undervisningsrom (no klasserom for norskopplæringa, lager og toalett). For dette arealet skulle Sogndal kulturhus betala husleige. Styret for Sogndal kulturhus AS sette mykje inn på å få hand om dette arealet, fordi dei mente det var svært viktig areal for vidare utvikling av kulturhuset, og dei meinte at det ville generera inntekter som ville gjera det muleg å betala den avtalte husleiga.

Då eigedomsselskapet vart lagt ned og kommunen overtok som huseigar i 2014, vart all husleige og alle felleskostnader for det arealet som Sogndal kulturhus AS hadde disponert fram til høgskulen forlet huset, avvikla. Leigekontrakten med husleige for dei nye areala vart vidareført, med husleige. Samstundes vart det gjort ein framleigeavtale på stordelen av dette arealet frå Sogndal kulturhus AS til Sogndal kommune til bruk for norskopplæring for framandspråklege.

Driftsavtalen som Sogndal eideomsselskap hadde hatt med Sogndal kulturhus AS om FDV-tenester vart også overteken av kommunen.

Desse avtalane hadde i 2019 slike økonomiske konsekvensar:

Sogndal kulturhus AS betalte kr 1 569 300 til Sogndal kommune i husleige. Sogndal kommune betalte Sogndal kulturhus AS kr 612 500 i husleige for areal til norskundervisninga. Det vil seia at driftsselskapet betalte netto kr 956 800 i husleige til Sogndal kommune.

Sogndal kommune kjøpte i tillegg FDV-tenester frå Sogndal kulturhus AS for kr 814 000.

Om vi ser på dei reine tala, og samanliknar differansen mellom husleige og kjøp av driftstenester, betyr dette at rammevilkåra for kulturhusdrifta er vorte noko betra frå stoda under eideomsselskapet; frå ei årleg betaling på ca. kr 450 000, til no med ei årleg nettobetaling til kommunen på kr 142 800. Det vert likevel sjølv sagt ikkje rett å sjå husleigekostnader opp mot kjøpet av FDV-tenester. Dette er ikkje tilskot som gir inntening

til driftsselskapet, men huseigars kjøp av tenester som selskapet yter. Ytingane av FDV-tenester er elles så omfattande at dei reelle kostnadene for Sogndal kulturhus AS truleg langt overstig det huseigar betalar. Huseigar kunne valt å utføra alle, eller delar av desse tenestene med eige personale, eller leigd inn andre. (Sjå også eige avsnitt om FDV)

Sjølv om Sogndal kommune stiller stordelen av dei lokala Sogndal kulturhus AS nyttar vederlagsfritt til disposisjon, og såleis yter betydeleg støtte til kulturhusdrifta, manglar det stadig mykje på at det opphavlege målet om «å stilla bygningsareal for kulturføremål til disposisjon vederlagsfritt» er nådd. Vi har ikkje klart å få fram nok kunnskap om huset sin totaløkonomi til å vurdere om dette no ville la seg gjera innanfor huset sin økonomi, slik vi har oppfatta at den opphavlege intensjonen var.

Det vert ikkje vert ytt kommunale kontanttilskot til drifta av Sogndal kulturhus AS. Som vist, betalar selskapet i staden kr 956 800 i netto husleige. Det betyr at alle driftskostnader, inkludert personalkostnader, må dekkast av eigeninntekter.

Økonomisk status for Sogndal kulturhus AS

Den eksisterande driftsmodellen for Sogndal kulturhus AS ser ikkje ut til å vera berekraftig.

Dei siste åra har Sogndal kulturhus AS gått med betydelege driftsunderskot: kr 329 221 i 2016, kr 300 365 i 2017, kr 397 635 i 2018. I 2019 gjekk selskapet med eit driftsunderskot på kr 357 777. Det var då att kr 140 341 av selskapets egenkapital på kr 735 000. Sogndal kommune vedtok i desember 2019 å gå inn med eit eigenkapitaltilskot på kr 500 000, slik at den reelle eigenkapitalen ved

årsskiftet er på kr 640 547. Etter fleire samanhengande år med driftsunderskot må styret for dette aksjeselskapet gjera tiltak for å kunna driva i balanse, og eigaren av selskapet, Sogndal kommune, må vurdere kva ein vil med kulturhuset. Dette vert ekstra aktuelt i lys av at 2020 truleg vil bli eit vanskeleg driftsår, grunna den korona-epidemien som no pågår.

Viktige inntekter og utgifter

Det er fleire årsaker til driftsunderskota dei siste åra. Frå 2016 til 2018 var driftsinntektene nokolunde stabile, men personalkostnadene auka med kr 210 846 og driftskostnadene med kr 236 416. Det er altså kostnadsauke som ikkje har vore følgt av inntektsauke, som er hovudgrunnen til den svake økonomiske stoda no. I 2019 gjekk inntektene ned med om lag kr 212 588, samstundes som ein klarte å redusera utgiftene med kr 213 958.

I 2019 veit vi at kinobesøket har svikta med om lag 6 %, medan ein greidde å halda nedgangen i kinoinntekt på 1,2 %. Nedgangen i kinobesøk var ein nasjonal trend i 2019, og nedgangen til Sogndal kino var mindre enn dei hjå fleste tilsvarande kinoar, trass i at Storsalen var stengd for oppussing i ein lenger periode. Dette påverka sjølvstilt både kinoinntekter og andre leigeinntekter.

Kinodrifta er ein vesentleg del av aktiviteten i Sogndal kulturhus. Kinodrift med eit besøkstal som det Sogndal har, gir normalt lita eller ingen reell inntening. (Voss kulturhus rekna t.d. med at kinodrifta isolert sett gjekk i minus.) I Sogndal kulturhus gir likevel kinodrifta ein vesentleg del av inntekta. Dei reine billettinntektene var i 2019 kr 3 786 825, reklamefilminntekter kr 245 142.

Eit internrekneskap frå 2018 syner at kinodrifta stod for om lag 65% av driftsinntektene, og isolert sett genererte eit overskot på kr 732 000. Dette inkluderer også alt kiosksalet, og alle relevante utgifter knytt til kinodrifta. (Kiosksalet er ei viktig inntektskjelde, i 2018 hadde kiosken ei brutto omsetning på om lag 1 600 000.) Biletet er det same for 2019.

Det er også kinodrifta som gjer det muleg å ha ein stab med deltidstilsette timeløna medarbeidarar som med fleksibel bruk både gjer at ein kan halda oppe kioskdirift, billettsal og utføra vask og reinhald på ein effektiv måte. Slik sett er kinoen endå viktigare enn dei reine tala syner.

Men kinodrifta er sårbar: Stordelen av inntektene kjem av nokre få filmar med stor publikumsappell. Tilbodet av slike filmar varierer frå år til år, og er heilt utanfor kulturhusets kontroll. Ein kan dessutan frykta at kinoen i framtida vil tapa posisjon i konkurranse med strøymetenester, dataspel o.l. Det kan såleis vera risikabelt å la kulturhuset sin økonomi vera for avhengig av kinodrift i framtida. Likevel skal det seiast at trass dystre spådomar om kinoen framtid gjennom heile 2000-talet, har kinobesøket til no vore forholdsvis stabilt.

Sogndal kulturhus AS sine andre inntekter er knytt til sal av FDV-tenester til huseigar, utleige av lokale til norskundervisninga og til teater, konserter og andre artistar. Faste brukarar er Riksteatret og Teater Vestland, og i tillegg er her ei rekke artistar, både lokale og turnerande nasjonale. Norskundervisninga gav i 2019, som tidlegare nemnt, leigeinntekter på kr 612 500, utleige av Storsalen ga inntekter på kr 414 700 og Blaoboxen på kr 78 800.

Sogndal kulturhus AS har forholdsvis få arrangement i eigen regi, fordi styret har vurdert det slik at ein ikkje har økonomi til å ta sjansen på arrangement som ikkje garanterer inntekter, og fordi turnerande artistar ynskjer å arrangera i eigen regi, og leiga lokale. Billettinntekter av eigne arrangement var i 2019 likevel kr 307 233. Billettavgifter på arrangement der vi leiger ut lokale var kr 159 594 og billettprovisjon kr 309 175. Til saman gav då kulturarrangement (utanom kino) inntekter på kr 1 268 702.

Selskapet har også ein del sponsorinntekter, men omfanget av desse har vorte mindre dei seinare åra. Ein har no ein forholdsvis stor sponsoravtale med restauranhuset Malin, og avtalar med Quality Sogndal hotell og Sogn Avis. Elles viser det seg at det er vanskeleg å få sponsoravtalar knytt til generell drift, men noko lettare knytt opp mot konkrete prosjekt, t.d. Den Store Kinodagen.

Aktivitetsnivået på huset er høgt, og det er neppe realistisk på kort sikt å auka inntektene vesentleg. Drifta er også nøktern og effektiv, og dersom ein ynskjer å halda drifta om lag på det nivået ein no har, er det neppe råd å spara vesentleg her. Samanlikna med t.d. Voss kulturhus, som har om lag same omsetnad som Sogndal kulturhus AS, er både lønsutgifter

og driftskostnader vesentleg lægre hjå oss. (Personalkostnader Sogndal 2018: kr 3 171 684. Voss 2018: kr 5 791 490. Driftskostnader Sogndal 2018: kr 3 389 136. Voss 2018: 5 657 351).

Det er nødvendig for eigaren å sjå på heile modellen for kulturhusdrifta, og dei rammevilkåra som vert gitt for drift av kulturdelen av huset.

Sogndal kulturhus AS sine rammevilkår samanlikna med andre kulturhus

Ulike kulturhus er drifta på ulike måtar og det er ikkje å lett å samanlikna direkte. Kulturforskar Georg Arnestad har gjort ein analyse av økonomi og driftsmodellar i fire ulike kulturhus for prosjektet.

Heile analysen ligg som vedlegg til denne rapporten. Her skal vi oppsummera hovudpunkta. Dei fire husa som er analyserte er Ål kulturhus, Voss kulturhus, Hamar kulturhus og Kimen kulturhus i Stjørdal. Dei to første liknar på Sogndal kulturhus i storleik. Dei to siste husa er tekne med fordi dei begge er «case» i Arnestad sitt prosjekt «Tre omstridde kulturhus – fem år etter opninga», som er under arbeid.

Ål kulturhus

Ål kulturhus vart opna i 1992, som eit regional kulturhus for heile Hallingdal, med kino, teater, konsertar og dans. Huset hyser også Ål bibliotek, Ål kulturskule, Ål Frivilligsentral, Nesch-museet, Galleri Syningen, og kiosk. Huset vart utvida og modernisert i 2018/19 med ei samla investering på ca. 70 mill. kroner. Huset har sidan starten vore ein del av kulturdrifta i kommunen.

Huset har dei siste åra hatt driftsutgifter på mellom 9,0 og 9,6 millionar kroner. Inntektene, det vil seie salsinntekter og ulike refusjonar, har

lege mellom 5,5 og 4,4 mill. kroner, lågast siste driftsår, 2019. Omsetningssvikten dei siste to åra har samanheng med den pågåande byggjeaktiviteten. Men salsinntektene har faktisk vore høgare enn budsjettet. Budsjett og rekneskap for Ål kulturhus 2019 går fram av tabellen nedanfor

| ÅL KULTURHUS 2019 (1000 kr) | REKNESKAP | BUDSJETT inkl. endring |
|--------------------------------|------------------|---------------------------|
| DRIFTSUTGIFTER | | |
| Varekjøp | 3 888 947 | 2 343 000 |
| Lønn | 5 459 779 | 5 696 000 |
| Overføringar | 294 809 | 0 |
| SUM UTGIFTER | 9 643 535 | 8 039 000 |
| DRIFTSINNEKTER | | |
| Refusjonar | 634 118 | 590 000 |
| Salsinntekter | 3 773 295 | 2 955 000 |
| SUM INNEKTER | 4 407 413 | 3 545 000 |
| Differanse/komm. Bidrag | 5 236 122 | 4 494 000 |
| Overforbruk | -742 122 | |

I forhold til budsjett for 2019 auka både utgiftene og inntektene, utgiftene vesentleg meir enn inntektene. Kommunen hadde budsjettert med eit netto bidrag til drifta på om lag 4,5 mill. kroner. Driftsbidraget for 2019, inklusive overforbruk, vart vel 5,2 mill. kroner. Det årlege driftsbidraget for kommunen har i perioden 2017-2019 vore såleis: 2017: 3,5 mill. 2018: 4,7 mill. og 2019: 5,2 mill. kroner.

Voss kulturhus

Voss kulturhus vart opna i 2011. Bygget inneheld bibliotek, kinosenter, storsal, kulturskule, utstillingsareal og lokale for vaksenopplæring og turistinformasjon. Storsalen er ein fleirbrukssal som vert brukt både til konsertar, kinoframsyning og andre arrangement. Scena er ikkje stor nok til at Riksteateret kan bruke Voss kulturhus. Huset har også visningsrom for visuell kunst, og eit stort og godt øvingsrom for dans. Den gamle kinoen (Voss kino) er også inkludert i kulturhuset. Huset har kring ni årsverk. Av dette er ca. 2,5 årsverk knytt til kinodrifta.

Byggjekostnaden var 96 mill. kroner, eksklusive moms.

Voss kulturhus, kinoen inklusive, er ein del av kommunens kulturforvaltning. Dei samla driftsinntektene ved kulturhuset dei siste åra (2016-19) har vore mellom 8,1 og 9,3 mill. kroner. Samla driftsutgifter har i same periode vore mellom 9,3 og 12,3 mill. kroner. I tillegg kjem årleg finansutgifter på vel to mill. kroner. Rekneskap og budsjett for 2019 går fram av tabellen nedanfor:

| VOSS KULTURHUS 2019 (1000 KR) | REKNESKAP | BUDSJETT |
|---|------------------|-----------------|
| DRIFTSUTGIFTER | | |
| Løn | 5 450 | 5 762 |
| Andre driftsutgifter | 4 666 | 176 |
| Utstyr og vedlikehald | 892 | 1 730 |
| Kjøp av tenester | 11 | 15 |
| Overføringar | 213 | |
| Finansutgifter | 2 234 | 2 206 |
| SUM UTGIFTER | 13 466 | 9 889 |
| DRIFTSINTEKTER | | |
| Salsinntekter | 8 157 | 10 066 |
| Refusjonar og tilskot | 403 | 30 |
| SUM INTEKTER | 8 560 | 10 096 |
| DIFFERANSE | -4 906 | 207 |
| DIFFERANSE ex. finansutg. | -2 672 | 2 413 |

Voss kommune yter etter dette ca. 2,7 mill. kroner i driftsstøtte til Voss kulturhus for 2019, eksklusive finansutgifter. Talet var om lag det same i 2018, sjølv om kinoinntektene dette året var noko høgare enn i 2019. Om vi reknar med finansutgiftene, må kommunen ut med 4,9 mill. kroner i 2019 for å dekkje alle kostnadene ved drifta av Voss kulturhus. Samla tal for 2018 var 5,0 mill. kroner.

Det to siste husa vi skal sjå på, er både betydeleg større og nyare enn Sogndal kulturhus. Dette gjeld Hamar kulturhus, opna i 2014, og Kimen kulturhus i Stjørdal, opna i 2015. Desse to husa kosta begge rundt 700 mill. kroner. Begge husa er organiserte som ein del av den kommunale kulturforvaltninga. Andre driftsformer har knapt vorte drøfta. Begge husa vart langsiktig borne fram av sterke ordførarar som såg på kulturhusa som viktige element i ei langsiktig og strategisk utvikling, fornying og modernisering av dei to byane, Hamar og Stjørdal.

Hamar kulturhus

Hamar kulturhus stod ferdig i 2014. Sluttrekneskapen viste ein samla kostnad på 663 mill. kroner. Det er eit stort og variert regionalt kulturhus. Huset har meir enn 30 øvingsrom og -salar, i tillegg til fem-seks framføringssalar. Huset hyser også Teater Innlandet, med sine to scener.

Hamar bibliotek er eit basiselement i kulturhuset. Huset hyser også den kommunale kulturskulen og Innlandet musikkråd, og har fleire øvingsrom og utstyr til musikk- og songutøvarar, eit eige avansert lydstudio og eit galleri i kjellaren. Hamar kino er òg ein delvis integrert del av kulturhuset, men er framleis organisert som eit eige kommunalt føretak. I rekneskapen for Hamar kulturhus vert ikkje kinoen teken med, sidan den er eit eige selskap.

Tabellen nedanfor gir eit oversyn over inntekter, netto driftsresultat og kommunal ramme (budsjett) for Hamar kulturhus dei to siste åra.

| HAMAR KULTURHUS 2019 og 2018 | 2019 | 2018 |
|---|-------------------|-------------------|
| Kommunal ramme (budsjett) | 11 798 101 | 11 652 184 |
| Leigeinntekter arrangement | 2 793 782 | 2 323 936 |
| Billettinntekter | 4 576 903 | 5 075 903 |
| Andre inntekter (sponsorar, faste leigeavtalar o.a.) | 4 700 723 | 4 480 088 |
| "Omsetning" i alt | 23 869 509 | 23 532 111 |
| Netto driftsresultat (drifts- inntekter minus drifts- kostnader) | 11 278 824 | 11 778 892 |
| "Resultat" (komm. ramme minus netto driftsresultat) | 519 277 | -126 708 |
| Billettsal totalt (eks. Hamar kino) | | |
| Tal selde billetter | 33 104 | 32 793 |
| Sum selde billetter (kroner) | 1 041 976 | 956 365 |

Tabellen viser at kommunen har budsjettet med 11,65 og 11,8 mill. kroner for drifta av aktivitetar i regi av Hamar kulturhus for 2018 og 2019. Det er verd å merkje seg at det kommunale tilskotet for 2019 utgjer 49 pst. av den samla årsumsetninga i regi av Hamar kulturhus. Det same var tilfellet både i 2018 og 2019. I 2017 var denne prosentdelen 47. Profesjonell kulturhusdrift kostar.

Finansutgiftene for heile kulturhuset utgjer, etter det assisterande rådmann i Hamar kommune fortel, rundt 20 mill. kroner. Desse utgiftene vert ikkje belasta driftseininga Hamar kulturhus.

Kimen kulturhus

Kimen kulturhus i Stjørdal stod ferdig i 2015. Sluttregneskapen for huset lydde på heile 717 mill. kroner. Det ser ut som at etableringa av kulturhus i Stjørdal hadde sin bakgrunn i næringsretta utviklingsarbeid.

Kimen kulturhus er eigd av det ideelle aksjeselskapet Stjørdal kulturutvikling AS. Dette selskapet var også byggherre for kulturhuset. Kommunen eig 98 pst. av aksjane i selskapet. Men kommunestyret såg ingen grunn til at kulturhusdrifta skulle verte skje gjennom eit aksjeselskap. Det var semje om at drifta skulle skje som del av den kommunale kulturforvaltninga. Den kommunale kultursjefen, som i praksis også er kulturhussjef, og hans stab, held til i kulturhuset.

Driftsrekneskapen for huset ser slik ut for 2018 (vi har enno ikkje fått tala for 2019):

| KIMEN KULTURHUS STJØRDAL 2018 | Rekneskap |
|---|-------------------|
| Eining for kulturproduksjon | 2018 |
| UTGIFTER | |
| Løn | 4 935 399 |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon | 14 887 993 |
| Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon | 287 878 |
| Overføringar | 4 672 166 |
| Finansutgifter, fin. transaksjonar | 18 511 322 |
| SUM UTGIFTER | 43 294 758 |
| INNETEKTER | |
| Salsinntekter | 15 504 360 |
| Refusjonar | 5 564 782 |
| Overføringar | 241 800 |
| Finansinntekter, fin. transaksjonar | 1 672 230 |
| SUM INNETEKTER | 22 983 172 |
| DIFFERANSE | 20 311 586 |
| Differanse, ekskl. finanstransaksjonar | 3 472 494 |

Det går fram av tabellen at differansen mellom inntekter og utgifter i 2018 var vel 20 mill. kroner,

medrekna finansielle transaksjonar. Ser vi vekk frå desse, både på utgifts- og inntektssida, er differansen 3,4 mill. kroner. Det er denne summen drifta av kulturhuset kosta kommunen i 2018. Medrekna finanspostane var kommunens nettokostnad 20 mill. kroner. Utgifter til vaktmeister og reinhald vert bokført under teknisk etat, drift,

Vi kan her føye til at finanskostnadane vedkjem heile det store kulturhuset, ikkje berre den delen av huset der kommunen driv aktiv kulturproduksjon gjennom Kimen kulturhus.

Det er, som sagt, ikkje lett å direkte samanlikna tala frå dei ulike kulturhusa, men eitt trekk går igjen både for store mindre kulturhus: Dei får betydelege driftstilskot frå kommunane. Dette er hovudregelen for norske kulturhus.

Tala gir ein indikator på kva andre kommunar av ulik størrelse fleire stader i landet er villige til å yte for å utvikle, byggje og halde oppe gode kulturhus. Kor mykje skal så eit kulturhus i god drift koste ein kommune? Det finst ikkje noko enkelt svar. Samanlikningar mellom ulike kommunale kulturhus er innfløkt. Ingen hus er like. Tendensen i dag er at stadig fleire kulturhus hyser det meste av dei organiserte kommunale kulturtilboda.

Kommunale utgifter til kultur

Tabellen nedanfor viser korleis satsinga på kultur og kulturhus hus lèt seg lese av i Kostra-tala for dei aktuelle kommunane, samanlikna med Sogndal, som har hatt ei sparsam kultursatsing. På den

andre sida er den langsiktige gjelda per innbyggjar for Hamar og Stjørdal langt høgare enn for Sogndal. Tala er henta frå Kostra-databasen til Statistisk sentralbyrå (SSB). (Tala her gjeld sjølv-sagt for «gamle» Sogndal kommune.)

| KOMMUNE | Netto driftsutgift til kultur per innbyggjar (kroner) | | Netto driftsutgifter til kulturbygg per innbyggjar (kroner) | | Netto driftsutg. til kultur i pst. av tot. kommunale drifts-utgifter (prosent) | | Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelsar per innbyggjar (kroner) | |
|----------------|---|--------------|---|------------|--|------------|---|---------------|
| | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 |
| Landet | 2 297 | 2 428 | 252 | 265 | 4,0 | 4,0 | 83 152 | 88 681 |
| Ål | 4 186 | 4 117 | 751 | 635 | 5,5 | 5,4 | 86 094 | 85 933 |
| Voss | 2 112 | 2 591 | 286 | 339 | 3,4 | 3,4 | 82 851 | 85 490 |
| Hamar | 2 944 | 3 472 | 631 | 696 | 5,2 | 5,7 | 103 325 | 107 865 |
| Stjørdal | 2 995 | 3 869 | 875 | ? | 8,0 | ? | 101 196 | ? |
| Sogndal | 1 371 | 1 459 | 132 | 132 | 2,5 | 2,4 | 72 190 | 80 563 |

Netto kommunale driftsutgifter per innbyggjar til kultur og til kulturbygg, er svært høge i kraft-kommunen Ål, men også ganske høge i Stjørdal og Hamar. Voss har også betydeleg høgare slike utgifter enn Sogndal. Sogndal kjem dessutan klart

«dårlegast» ut på statistikken som viser kor stor prosentdel driftsutgiftene til kultur utgjer av dei samla kommunale driftsutgiftene. Men Sogndal har klart lågast langsiktig gjeld per innbyggjar av dei fem kommunane.

FDV-tenester

I dei gamle leigeavtalane mellom Sogndal eigedomsselskap og Sogndal kulturhus AS var driftsselskapet ansvarlege for å dekke utgifter til «lys, varme og reinhald inkl. utvendig vindusvask innanfor sitt eige bruksareal». Det same gjaldt kommunale avgifter, vatn, avløp og renovasjon, og drift av og vedlikehald av utstyr i/på leigetakar sitt areal.

Etter at kommunen overtok som direkte eigar av kulturhuset, betalar ikkje driftsselskapet lenger fellesutgifter, men har stadig ansvar for å vaska og ha dagleg vedlikehald av sitt eige areal. I tillegg til dette har Sogndal kulturhus AS alltid hatt ansvar for drift og vedlikehald av bygget sitt

fellesareal, både innvendig og utvendig. Dette er no regulert i ein driftsavtale inngått mellom Sogndal eigedomsselskap AS og Sogndal kulturhus AS i 2014. Denne avtalen er vidareført av Sogndal kommune.

Avtalen er omfattande og detaljert, og tenestene knytt til avtalen vart i 2019 betalt med 814 000. Avtalen ligg som vedlegg til rapporten.

Det er på mange måtar funksjonelt at driftsselskapet har ansvar for dagleg reinhald og dagleg drift av fellesareala. Ved fleksibel bruk av arbeidskraft og ein timeløna vaktmeister i om lag 50% stilling, kan selskapet på ein effektiv måte stå for dette arbeidet. Det er også ofte naudsynt å få utført slike tenester på kveldar og helgar, i tilknytning til arrangement på huset. Det er likevel klart at desse oppgåvene i eit så stort hus, med mange leigetakarar legg beslag på mykje arbeidskraft, også administrativt. Selskapet må ha mykje fokus på driftsoppgåver, og dette gjer at Sogndal kulturhus AS sin rolle som kulturoperatør vert tilsvarande svekka. Det er også grunn til å tru at

selskapet heller ikkje får korrekt betaling for dei tenestene dei utfører for huseigar. For ein del år tilbake vart det av Norconsult, på oppdrag for Sogndal eigedomsselskap, gjennomført ein analyse av desse tenestene og verdien av dei. Dei vart då verdsett til om lag det doble av det huseigar betalte for dei, utan at det vart gjort endringar i godtgjeringa. Stoda er truleg den same i dag.

Det bør takast ein gjennomgang av driftsavtalen, for å sjå om det er arbeidsoppgåver som huseigar med fordel kan ta sjølv, og syta for at det vert ei rettare utgiftsfordeling mellom huseigar og driftsselskap. Kanskje kan det også vurderast av huseigar å gjera avtalar med andre om nokre driftsoppgåver, t.d. Amfi Sogningen.

Modellar for organisering av drifta ved Sogndal kulturhus

Det finst tre ulike organisasjonstypar for kommunale kulturhus 1) kommunalt aksjeselskap, 2) kommunalt føretak og 3) rein kommunal driftseining, som oftast del av kulturadministrasjonen. Langt dei fleste kulturhusa, kanskje så mange som 8 eller 9 av 10 har valt den siste modellen.

Dagens modell

I dag er Sogndal kulturhus organisert med Sogndal kommune som huseigar og utleigar til private og offentlege leigetakarar, inkludert driftsselskapet Sogndal kulturhus AS, som igjen driv framleige til norskundervisninga. Sogndal kulturhus er ansvarleg for kino og annan kulturaktivitet i huset, og utfører nærare spesifiserte FDV-tenester for huseigar.

Denne modellen har i praksis fungert sidan huset vart opna i 1991, sjølv om kommunen eigde huset og driftsselskapet Sogndal kulturhus AS gjennom Sogndal eigedomsselskap fram til 2014. Modellen har opplagt mange sterke sider. Kulturaktiviteten har vorte organisert på ei armlengds avstand frå den kommunale administrasjonen, ein har hatt stor fridom til både til programmering og til måtar å organisera ting på. Kombinasjonen av kulturhusdrift og FDV-tenester har fungert svært

effektivt, men det kan kanskje vera at driftsselskapet sitt doble føremål har gjort at fokuset på kulturaktivitetar har vorte mindre enn det ville vore utan FDV-ansvaret.

Om ein skal halda fram med denne modellen må aksjeselskapet få bruksrett til alle dei areala dei disponerer, utan å betala husleige til kommunen, sik vi oppfattar at intensjonen var då huset vart bygd. Selskapet maktar ikkje å betala denne husleiga med dei inntektene ein har.

Om selskapet skal halda fram med å vera kombinert kulturarrangement- og driftsselskap, må rammevilkåra og betalinga for dei tenestene som vert utført for huseigar gjennomgåast i full breidde.

Eit aksjeselskap er ei kommersiell organisasjonsform, og eit slikt selskap må nødvendigvis ha eit sterkt fokus på økonomi. Ein må presentera årsbudsjett som går i balanse, og ein kan ikkje gå med rekneskapsmessige underskot utan at eigenkapitalen til slutt vert brukt opp og selskapet vert insolvent. Som vi har sett, er dette no i ferd med å skje.

Gjera oppgåvene som i dag vert utført av Sogndal kulturhus AS til ein del av den kommunale administrasjonen.

Dei fleste kulturhus vert drifta slik, m.a. Voss kulturhus, som vi har besøkt (sjå Vedlegg 3). Ein fordel med dette er nok at det kommunale ansvaret for kulturhusdrifta vert svært tydeleg. Kulturhusøkonomien vil bli ein meir integrert del av den kommunale økonomien. Dette kan ha både fordeler og ulemper. Ein vil kunna ha ein «trygg» økonomi, men kanskje ikkje stor fridom til å gjera økonomiske disposisjonar. Det er likevel noko ein heller ikkje har med dagens organisering, slik den økonomiske stoda er.

Ein slik modell kan vera meir aktuell i nye Sogndal kommune enn han har vore i den gamle, fordi kommunen no har ein kulturadministrasjon

og ein tenesteleiar for kultur. I dag er han den næraste overordna for bibliotekleiar, rektor for kulturskulen og leiar av frivilligheitssentralen. To av dei tre avdelingane tenesteleiaren er ansvarleg for er såleis lokalisert i Sogndal kulturhus.

Dette gjer det nærliggjande å tenkja at kulturhuset også kunne vera ei naturleg lokalisering for kommunens kulturadministrasjon. Med ei slik lokalisering kunne det også vera naturleg at Sogndal kulturhus vart ei avdeling under den kommunale tenesteleiaren. Det ville vera med å synleggjera Sogndal kulturhus som navet i kommunens kulturarbeid, føra til tettare koplingar mellom dei store avdelingane som sokna til tenesteleiaren for kultur, og kunna gi gode synergieffektar.

Det burde m.a. kunna gjera samarbeid (og kanskje samordning av drift) mellom kulturhus, bibliotek og kulturhus lettare og betre. Dersom kulturhuset vert drifta som del av den kommunale kulturforvaltninga vil det truleg vera tenleg å ha brukargruppe/ressursgruppe, som kan halda god kontakt mellom kulturhuset og det lokale lags- og kulturlivet.

FDV-drifta er også ei problemstilling i ein slik modell. I prinsippet kunne det vera naturleg at dette vart lagt til den kommunale eininga for byggdrift. Spørsmålet er kor rasjonelt og det vil vera, samanlikna med dagens fleksible modell. Kanskje kan nye grensedragingar mellom kva som skal vera kulturhusets ansvar og kva som skal vera kommunal byggdrift sitt ansvar kunna gi gode løysingar. Det vil truleg vera gunstig for kulturhuset at driftsorganisasjonen kunne få meir fokus på kulturdrift og mindre på FDV.

Omgjering av aksjeselskapet til kommunalt føretak

Kommunalt føretak er ein organisasjonsmodell som kan nyttast når ein kommune ynskjer å gi ei

verksemd ei noko meir sjølvstendig stilling enn det ein vil ha i ein tradisjonell etatsmodell.

Føretaket er ikkje ein egen juridisk person, slik eit aksjeselskap er, men del av kommunen som rettssubjekt. Kommunen heftar for føretakets forpliktingar, og dei tilsette vil ha kommunen som arbeidsgivar.

Kommunestyret utpeikar eit styre, som leiar føretaket. Dagleg leiar står igjen i linje under styret. Føretaka er på denne måten direkte underlagt kommunestyret sitt budsjettmynde, men rådmannen har som hovudregel likevel ikkje instruksjonsmynde over føretakets daglege leiar. Styremedlemer i eit kommunalt føretak har same privatrettslege ansvar som i eit aksjeselskap.

Ein del kulturhus er organisert som kommunale føretak. Oseana i Os, som vi besøkte i haust, hadde t.d. denne organisasjonsforma. Det same har Sølvsberget i Stavanger. Då dette vart oppretta som kommunalt føretak i 2001 var grunngevinga frå bystyret at dei ynskte «å gi Sølvsberget økte muligheter til å befeste sin posisjon som en viktig aktør i kultursektoren». Bystyret sa vidare at «det ikke blir regnet med at en slik fristilling vil gi Sølvsberget økte inntekter, men ordningen vil kunne gi Sølvsberget større frihet og handlingsrom for kreativitet».

Sandnes kunst- og kulturhus er driftsselskap i eit bygg dei ikkje eig, slik som Sogndal kulturhus AS. Det er også organisert som eit kommunalt føretak. Føretaket får store løyvingar frå kommunen både til drift og husleige. Her er såleis heilt andre økonomiske rammevilkår enn dei ein har hå på oss, men det at økonomien til kulturhuset vert ein integrert del av den kommunale økonomien, samstundes som den kulturelle aktiviteten har fridom og handlingsrom, må vera dei viktigaste argumenta for ein kommunal føretaksmodell.

Eit slik føretak kan truleg rimeleg enkelt overta alle dei funksjonane til dagens aksjeselskap.

Heile kulturhuset som kommunalt føretak

Det kan også tenkjast å skilja ut heile Sogndal kulturhus som kommunalt føretak, eller leggja eigedomsfunksjonen for huset til Sogndal kulturhus AS, inkludert alle leigeinntekter, alle driftsutgifter, og finansutgifter. Dersom denne modellen skal ha noko for seg, ut frå eit kulturperspektiv, må føresetnaden sjølvstendig vera at totaløkonomien i huset er slik at rammevilkåra for drift av kulturelle aktivitetar vert betre enn i dag.

Ein slik modell vart vurdert av rådmannen då Sogndal eigedomsselskap vart lagt ned i 2012, men ikkje tilrådd. Det vart grunnlagt slik:

«Rådmannen vil ikkje rå til at eigedomsfunksjonen vert lagd til Sogndal Kulturhus AS. Det vil ev. innebære at føremålet til dette selskapet vert svært sprikande (kulturproduksjon og utleigeverksemd), noko som fort kan ta fokuset vekk frå ein aktiv kulturproduksjon. I eit selskap med begge desse føremåla vil økonomien mellom kulturproduksjon og utleigeverksemd fort flyte over i kvarandre, og økonomistyringa vert vanskelegare.»

Dette er sjølvstendig gyldige argument mot ei slik organisering, på same måten som at det store fokuset som Sogndal kulturhus AS må ha på FDV-oppgåver kan vera eit argument mot dagens organisering.

Sidan ideen med Sogndal kulturhus frå starten av var å leiga ut delar av bygget for å kunne gi areal til kulturaktivitetar kostnadsfritt, har vi likevel prøvd å få oversikt over totaløkonomien i huset.

Eit oversyn frå økonomiavdelinga i kommunen syner dette:

Oversyn over totaløkonomien i Sogndal kulturhus

Rekneskap 2019

| DRIFTSUTGIFTER | |
|--|----------------------|
| Lønn renhold | 25 289,58 |
| Pensjonspremie KLP | 4 226,68 |
| Arbeidsgivaravgift | 4 118,55 |
| Forbruksmateriell, råvarer og tenester | 37 699,48 |
| Diverse utstyr og reiskap | 1 913,34 |
| Telefonutgifter | 4 127,20 |
| Straum/elektrisk kraft til belysning og oppvarming | 700 924,54 |
| Forsikring av bygningar, anlegg, maskiner mm | 58 429,00 |
| Alarmer og vakthald | 4 990,00 |
| Kommunale avgifter | 107 354,13 |
| Arbeid på bygningar | 2 361 643,48 |
| Materialer til arbeid på bygningar | 378 088,25 |
| Utgiftsføring momskomp drift | 332 121,94 |
| Tap kundefordringar private | 701 243,00 |
| Kalkulatoriske avskrivningar | 1 164 782,00 |
| SUM DRIFTSUTGIFTER | 5 886 951,17 |
| DRIFTSINNEKTER | |
| Intern husleige | 936 925,24 |
| Husleigeinntekter | 4 437 318,75 |
| Diverse avgiftspliktig sal av varer og tenester | 52 498,00 |
| Inntektsføring momskomp drift | 332 121,94 |
| SUM DRIFTSINNEKTER | 4 821 938,69 |
| | -1 065 012,48 |

Dette oppsettet gir likevel neppe korrekt uttrykk for den økonomiske situasjonen for bygget. I summeringa av inntekter er ikkje internhusleiga rekna med, om vi tek med denne vert inntektssida på 5 758 862. I oversynet manglar også driftskostnader på kr 814 000, som kommunen kjøper hjå Sogndal kulturhus AS, og det ser ut som at store ombyggingskostnaden på kr 2 739 731 er teke på eitt års drift, noko som normalt ville vore aktivert

og avskrive over fleire år. Kapitalkostnadene er ikkje store, og totalt sett ser det ut som huset har rimeleg god økonomi. Vi ser det likevel ikkje som noko tenleg ordning å skilja ut huset som eige føretak, og la driftsselskapet også bli huseigar. Vi støttar rådmannens argument frå 2014. Sjølv om økonomien til huset ser bra ut, vil den truleg ikkje vera god nok til å hindra at kulturdelen likevel ville måtta trenga tilskot til drifta.

Vurderingar av organisasjonsmodellane

Alle dei tre andre organisasjonsmodellane har sine fordeler og ulemper. AS-modellen har driftsmessig fungert rimeleg godt. Dette er ein modell som gamle Sogndal kommune også med hell har brukt i utviklinga av innandørs idrettsanlegg (Sognahallen AS) og for organisering av næringsarbeid (Sogn næring AS).

Dette føreset solide og stabile økonomiske rammevilkår. Slik har ikkje stoda vore for Sogndal kulturhus AS, og skal dette selskapet halda fram, må dei økonomiske rammevilkåra for selskapet bli betre. Skjer ikkje det, må styret i aksjeselskapet truleg gjera relativt drastiske grep med drifta for å få ein økonomi i balanse. Det vil måtta føra til redusert kulturtilbod.

Ein modell som **kommunalt føretak** vil truleg i praksis likna mykje på AS-modellen, med den skilnaden at økonomien ville bli tettare kopla opp mot kommunens økonomi, og at kommunen heftar for føretakets forpliktingar. Dei tilsette ville truleg også ha eit tryggare arbeidsforhold enn i eit AS. Ein del kostnader knytt til drift av eit aksjeselskap ville vel også forsvinna, og bli ein del av den kommunale drifta.

Sjølv om ein del kulturhus er organisert som kommunale føretak, er dette ei organisasjonsform som ikkje er vorte særleg utbreidd i kommune-Norge. Mange ekspertar åtvarar mot organisasjonsforma, og meiner den høver best for svært store kommunar. Om ein ynskjer å gå for ei slik organisasjonsform, må det gjerast nærare kompetente utgreiingar.

Det er mange gode argument for å gjera kulturhuset til ei **avdeling i den kommunale kulturadministrasjonen**, slik drifta av dei fleste kulturhus er

organisert. Det er også mange gode argument for legga og leggja den kommunale kulturadministrasjonen fysisk til Sogndal kulturhus. Det ville gi tenesteleiaren for kultur nær kontakt med fleire av avdelingane han har ansvaret for, og det ville kunna skapa positive synergieffektar mellom kulturhus, bibliotek og kulturskule. Truleg ville det også tilføra kulturhuset nyttig kompetanse, t.d. om offentleg kulturpolitikk, støtteordningar etc. Det ville også på ein svært direkte måte forankra ansvaret for kulturhusdrifta hjå kommunen, og gi dei tilsette større trygghet for arbeidsplassane.

Negative sider ved ein slik modell kan vera meir byråkratisk organisering, og mindre fridom for kulturhuset, t.d. til samarbeid med private aktørar. Ein slik modell vil heller neppe vera billegare for kommunen enn drift som ved dagens modell gjennom eit AS.

Vi ser likevel så mange positive sider ved å gjera kulturhuset til ei kommunal avdeling at vi meiner dette må vurderast seriøst. Dersom ein vél å halda fram med eit aksjeselskap, trur vi likevel det vil vera fordelaktig, både for kommunen og for driftsselskapet at den kommunale kulturforvaltninga vart lokalisert i kulturhuset.

Endeleg val av organisasjonsmodell må gjerast av Sogndal kommune, og krev grundigare vurderingar enn det vi har kunna gjort i dette prosjektet.

Målsettingar for Sogndal kulturhus

Sogndal kulturhus er nye Sogndal kommune sitt einaste profesjonelle kulturhus, og det har status som regionalt kulturhus. Vi har laga ei opplisting av kva vi primært kan ynskja oss av tilbod i kulturhuset i framtida. Denne lista kan sjåast på som ei konkretisering av dei overordna politiske målsettingane som finst for Sogndal kulturhus, eller dei kan sjåast på som «visjonar» for kva vi meiner kulturhuset skal vera.

- Det skal drivast ein god kino, med variert filmtilbod, også kvalitetsfilmar med smalare publikumsappell
- Her skal vera ein god scene for Riksteatret, Teater Vestland og andre teater, som stettar deira krav til garderobefasilitetar og anna
- Her skal vera arena for konsertar og anna for turnerande nasjonale artistar, som stettar deira krav til garderobefasilitetar og anna
- Her skal vera arena både for øving og framsyning for lokalt kulturliv, inkludert øvingslokale for band.
- Her skal vera møtestad for folk flest og lokale frivillige organisasjonar
- Her skal vera øvings- og framsyningslokale for Sogn kulturskule
- Her skal vera øvings- og framsyningslokale for dans
- Her skal vera framsyningslokale for kunst
- Her skal vera høvelege lokale for arrangement i regi av biblioteket
- Her skal vera arena også for presentasjon av smalare, ikkje-kommersielle, kulturtilbod
- Her skal vera ein stab med kompetanse og kapasitet til sjølv å generera kulturarrangement

Kva skal til for å realisera desse målsettingane?

Skal ein kunna nå desse måla må det arbeidast planmessig. Det krevst m.a. investeringar i bygg, utstyr og møblar, og det må prioriterast mellom ulike tiltak. Det bør lagast ein langsiktig investeringsplan, t.d. ein 10-årsplan, som gjer at ein får ei samla oversikt over nødvendige og ynskjelege investeringar.

Investeringsplanen må utarbeidast i fellesskap av huseigar og driftsselskap, dersom det vert den

framtidige organiseringa, eller av kommunale organ, dersom kommunen også overtek drift.

Som Vedlegg 10 til denne rapporten har vi laga eit utkast til ein slik investeringsplan. Dette er mest tenkt som eit døme på korleis ein slik investeringsplan kan sjå ut. Her er ikkje tala kvalitetssikra, og det må arbeidast vidare med planutkastet. Vi vil rå sterkt rå til at det vert utarbeidd ein slik langsiktig investeringsplan.

Vi har også laga eit eksempel på ein tiltaksplan, som syner økonomiske konsekvensar av ulike ynskjelege tiltak. Heller ikkje her er tala kvalitetssikra. Planen er primært tenkt som grunnlag for vidare arbeid, enten i regi av kommunen eller som eit samarbeid mellom kommunen og Sogndal kulturhus AS, avhengig av korleis den framtidige organiseringa av kulturhuset vert.

Nedanfor kommenterer vi dei ulike målsettingane. Økonomiske vurderingar knytt til dei ulike punkta vil ein finna i utkast til tiltaksplan, Vedlegg 11 og utkast til investeringsplan, Vedlegg 10.

Kino

Ein driv ein god kino, og mykje ligg til rette for å gjera dette også i framtida. Korleis framtida for kinomediet vert, ligg sjølvsagt langt utanfor vår kontroll. Det har lenge vore spådd at kinoens framtid er usikker, pga. konkurransen frå nye media og strøymetenester, dataspel o.l. Til no har likevel kinoen klart å halda på publikum, om ein ser på dei siste åra samla. Besøktala har svinga ein del frå år til år, men det skuldast skiftande tilgang på filmar med stor publikumsappell. Det syner seg at nokre få storfilmar står for brorparten av kinobesøket. Det er difor ein viktig og krevjande jobb og programmera kinoen slik at ein både syter for økonomi, og gir eit tilbod av filmar også til eit smalare publikum.

Kulturhuset har kompetent personale til å stå for programmering og framsyning. Dette må ein også syta for å ha i framtida. Så sentral som kinodrifta er for kulturhuset, må ein må ha ein kinosjef i full stilling. Ein må også ha ein kompetent

stab deltidstilsette som kan stå for framsyningar.

Medlemsskapet i Kinoalliansen blir stadig viktigare for å for å kunna følgja med i utviklinga av kinodrifta og sikra at vi til ei kvar tid har oppdatert og operativt utstyr. For å gjera det må selskapet også ha økonomi til å ta dei nødvendige investeringane. Kinoutstyr har til no vore ein del av aksjeselskapet sitt ansvar og det bør også i framtida vera noko selskapet kan ta innanfor sin økonomi. Prosjektorar og lydutsstyr må skiftast regelmessig, og også kinolokala må haldast opprusta med gode lerret, stolar etc.

Arena for teater og artistar

Her er Storsalen i hovudsak tilfredsstillande. Tilbakemeldingar frå brukarar syner at det er ynskjeleg med ein del oppgraderingar av teknisk sceneutstyr. Det hadde også vore ynskjeleg med eit fast PA-anlegg i salen. Det at leigetakarar no må ofte må leiga inn eksternt lydfirma i tillegg til husleige gjer det for mange, særleg lokale brukarar, dyrt å bruka salen.

Møtestad

For å bli ein attraktiv møtestad, må det leggjast til rette for møterom av ulik type, ein triveleg vestibyle, - som vil kunna fungera godt som uformell møtestad. Her bør det då også vera lagt opp til enkel servering. Blaoboxen bør vera permanent tilgjengeleg for kulturarrangement/møte.

Arena for øving og framsyning for lokalt kulturliv

Om kulturhuset skal bli ein god arena for lokalt kulturliv, trengst meir tilgjengeleg øvingsareal, og økonomiske rammevilkår som gjer det overkommeleg bruka areala. Dei lokala som norskundervisninga i dag disponerer i første etasjen burde vera aktuelle øvingslokale. Både Storsalen og Blaoboxen vil sjølvsagt kunna fungera godt som framsyningsarenaer. Kanskje kan også tilfluktsrom i kjellaretasjen innreist som øvingslokale for band.

Lokale for dans

Dans ser ut til å vera ein stadig meir aktuell aktivitet, særleg for barn og unge. Alle dei tre kulturhusa vi besøkte i haust hadde godt tilrettelagde lokale for dans. Eit slik lokale bør ha et godt og mjukt golv, og gode akustiske forhold. I dag har ikkje Sogndal kulturhus AS tilgang på slikt areal. Det er ynskjeleg med ein eigen dansesal.

Eit aktuelt lokale kan vera areal i andre etasje som i dag er brukt av norskundervisninga. Det kan også tenkjast andre meir kortsiktige løysingar. Kanskje kan scenen i Storsalen frigjerast til danseøvingar før kinoframsyningar, kanskje er det råd å leiga areal hjå Spenst/Idrettssenteret i underetasjen, eller kanskje er det råd å leggja eit golv som høver for dans i Blaoboxen.

Lokale for kunstframvising

Sogndal kulturhus manglar lokale for framvising av kunst. I heile Sogndal kommune er det, etter det vi veit, berre Balestrand som har slikt lokale. Det vil vera svært verdifullt å kunna få framvisingsrom for kunst i kulturhuset, men det er ikkje lett å sjå korleis det kan la seg gjera med den leigetakarsituasjonen ein har no. Om ein skal få rom til både dans og kunst, er det truleg neppe tilstrekkeleg berre å frigjera dei lokala som norskundervisninga no disponerer.

Lokale for smalare kulturarrangement/ bibliotekarrangement/ kulturskulearrangement

Det er permanent bruk av Blaoboxen til kulturføremål som er nøkkelen til å få dette til. Lokalet må gjerast om frå klasserom til et meir funksjonelt og triveleg lokale, og må stå klart med scene, lyd- og lysanlegg, slik at det er lett å bruka. Det må også vera forholdsvis rimeleg å bruka. Det bør etablerast ordningar som gjer at biblioteket og kulturskulen kan bruka det kostnadsfritt.

Personale med kapasitet og relevant kompetanse

Det er viktig å vera klar over at dersom ein har ambisjonar om å utvida aktiviteten i kulturhuset, med eitt eller fleire av dei tiltaka som er nemnt ovanfor, må ein også utvida personalet i huset. Den er no på eit minimum, og til dels også fokusert på driftsoppgåver. I samband med ei eventuell utviding av aktivitet må ein vurderer heile modellen for kulturhusdrifta og syta for både kapasitet og kompetanse til å ta seg av nye oppgåver.

Om ein t.d. ynskjer å driva meir arrangement i eigen regi, trengst det produsentkompetanse. Om ein skaffar seg PA-anlegg i Storsalen og oppgraderer lysanlegget, krevst det kompetanse til styring og drift av dette.

Leigeprisar for frivillige lag og organisasjonar

Det har vore eit mål for Sogndal kommune å få til auka samarbeid mellom frivillig sektor og kulturhuset, men det er eit problem at leige i kulturhuset kostar så mykje at lokale frivillige lag og organisasjonar ikkje har råd til å bruka det. I haust laut t.d. den aktive og dyktige Sogndal danseverkstad leggja si publikumsframsyning til Kvåle skule, fordi dei ikkje hadde økonomi til å betala leige i kulturhuset. Sogndal kulturhus AS prøver å strekka seg langt for å gi lokale aktørar så gunstige legevilkår som råd, men aksjeselskapet har eigentleg ikkje økonomi til å gjera dette.

Vi meiner det viktigaste kommunen kan gjera for å leggja til rette for auka samarbeid mellom frivillig sektor og Sogndal kulturhus er å gjera frivillig sektor økonomisk i stand til å bruka huset. Det bør vurderast ein modell der kommunen set av midlar til subsidiering av leige i kulturhuset for lokale aktørar.

Kortsiktige og langsiktige tiltak

Sjølvsagt let ikkje alle desse målsettingane seg realisera på kort sikt. Huseigar er bunden opp av eksisterande leigekontraktar, og dei fleste tiltak krev økonomiske ressursar. Det er likevel nyttig å setja opp langsiktige mål og planar for kva ein ynskjer av og i kulturhuset, slik at ein kan planleggja for endringar, og vera merksame på kva konsekvensar ulike endringar vil ha.

På kort sikt må målsettingane vera mindre ambisiøse. Kort oppsummert er vår vurdering at dei bør vera følgjande:

- 1) Betra økonomiske rammevilkår for kulturhusdrifta. Minimum er at det ikkje vert kravd husleige av Sogndal kulturhus AS, og at driftsavtalen med Sogndal kommune vert gjennomgått og reforhandla, eventuelt avvikla.
- 2) Omgjering av Blaoboxen til eit reelt kulturlokale. Dette er truleg avhengig av at nokon av leigetakarane i huset reduserer sitt leigeareal, eller flytter til andre lokale.
- 3) Betra samhandlinga mellom kulturhuset, bibliotek og kulturskule.
- 4) Vurdera organisasjonsforma for drifta av huset.

- 5) Finna plass til den kommunale kulturadministrasjonen i huset.

Om ein held fram med dagens organisering, og dagens økonomiske rammevilkår vil det vera svært utfordrande for aksjeselskapet. Erfaringane frå dei siste åra er at det då vil vera svært vanskeleg å driva i balanse. Truleg vil det måtta føra til redusert aktivitet og lægre servicetilbod.

Det vil truleg vera muleg å halda oppe dagens aktivitetsnivå og driftsmodell dersom selskapet hadde fått disponera alle sine areal kostnadsfritt, slik den opphavlege føresetnaden var, og ein hadde fått reell kompensasjon for dei FDV-tenestene ein utfører for huseigar.

Vedlegg 1–11 →

gar 15.3.2020

Georg Arnestad

ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR FOR NOKRE KOMMUNALT DRIVNE KULTURHUS

Notat utarbeidd for Utviklingsprosjektet for Sogndal kulturhus 2020

Det er ulike måtar å organisere drifta av kommunale kulturhus på. Men dei aller fleste norske kommunale kulturhus er organiserte som ein del av den kommunale kulturdrifta. Dette gjeld både i små kommunar, middels store og større kommunar. Kulturhuset er då normalt ei eiga budsjett- og resultatteining innanfor den kommunale kulturforvaltninga, på linje med bibliotek, kulturskule osv. Nokre hus, særleg i mellomstore byar, bl.a. Bodø og Sandnes, men òg i Grimstad og Lofoten, er organiserte som kommunale føretak (KF). Svært få kommunale kulturhus er organiserte som eigne aksjeselskap, som bl.a. Drammen Scener AS, Granvin kulturhus AS i Seljord og nokre til er det.

Dei fleste (nyare) kulturhus er også sete for det kommunale biblioteket og for den kommunale kulturskulen. Omfanget og graden av samarbeid mellom einingane varierer. Siste åra har det fleire stader i landet vorte lagt ned store ressursar på å utvikle store, romslege og varierte bibliotek. Utviklinga både av bibliotek og kulturhus har i aukande grad spelt ei rolle i moderne by- og tettstadsutvikling. Nye Deichman bibliotek i Oslo er eit slikt døme. Stormen Bibliotek i Bodø eit anna. Dei nye og flotte kulturhusa i Hamar og i Stjørdal var også viktige element i arbeidet med å utvikle levande, tilgjengelege og moderne sentrumsfunksjonar i dei to byane. Fleire (nye) kulturhus er også utbygde med gode øvingsrom for dans, teater og ulike musikksgangrar, med mykje utstyr. Sunnfjord kulturskule i Førde har nett no investert i fleire slike moderne øvingsrom.

Mange av (dei nye) kulturhusa inneheld også eit kunstgalleri. Drifta er gjerne overlata til andre, t.d. det lokale kunstlaget. Kinodrift er frå gammalt ein (integrert) del av mange kulturhus. I nokre kommunar er kinoen organisert som eit eige KF, sjølv om den held til i, eller i tilknytning til, det kommunalt drivne kulturhuset. Det finst òg døme på at kinodrifta er leigd vekk til eksterne aktørar. T.d. driv den kommunale Trondheim kino AS kinoen i Kimen kulturhus i Stjørdal. Nokre kulturhus er også hus for den kommunale kulturadministrasjonen, for det lokale musikkrådet og andre kulturorganisasjonar.

Sogndal kulturhus har vore eit aksjeselskap heilt sidan etableringa i 1991. Dei første åra var kulturhuset eit dotterselskap av Sogndal Eigedomsselskap AS, som var eigd av kommunen og nokre private aksjonærar. Selskapet eigde og hadde ansvaret for den samla drifta av heile kulturhusbygninga, inklusive parkeringshuset. Sogndal kulturhus AS var éin av fleire leigetakarar i kulturhusbygninga. Dei første åra var husleiga sett til (cirka) kr 450 000 per år. I 2001 overtok så Sogndal kommune alle aksjane i Sogndal kulturhus AS. Denne organisasjonsmodellen har halde seg fram til i dag. Så vidt eg har registrert, har ikkje andre organisasjonsmodellar vorte vurderte. Det synest noko merkeleg, tatt i betraktning av at skiftande styre for kulturhuset ikkje har vore særns nøgde med AS-modellen, og fordi relativt stramme rammevilkår for Sogndal kulturhus AS har vore eit ankepunkt sidan starten i 1991.

Spørsmålet om kva for pengestraumar som går mellom kommunen og kulturhuset, har vore tema for drøfting sidan Sogndal kulturhus vart etablert. Vi skal nedanfor sjå nærmare på kor mykje nokre kommunalt drivne kulturhus av ulik storleik bidreg med til drifta av desse husa. Dei fire kulturhusa er Ål kulturhus, Voss kulturhus, Hamar kulturhus og Kimen kulturhus (i

Stjørdal). Dei to siste husa er tekne med m.a. fordi dei begge er «case» i Georg Arnestad sitt pågåande prosjekt «*Tre omstridde kulturhus – fem år etter opninga*».

1. Ål kulturhus

Ål kulturhus vart opna i 1992, som eit regional kulturhus for heile Hallingdal med kino, teater, konsertar og dans. Huset hyser også Ål bibliotek, Ål kulturskule, Ål Frivilligsentral, Ål Vaksenopplæring, Nesch-museet, Galleri Syningen, rosemålutstillinga Hallingrosa, kiosk. Huset vart utvida og modernisert i 2018/19 med ei samla investering på ca. 70 mill. kroner. Dette innebar m.a. nye lys- og lydanlegg, eit nytt og meir moderne bibliotek, ei ny landsdelsscene for dans, nye øvingsrom o.l. og nye lokale for Nesch-museet. Huset har sidan starten vore ein del av kulturdrifta i kommunen. Kulturhuset i Ål er blant spelestadene for Riksteateret. Kinoen i Ål kulturhus hadde i 2019 eit besøkstal på 19.300, i 2018 var talet 20.000. Omsetninga (for kinoen) var 1,9 mill. i 2019 og 2,0 mill. kroner i 2018. Over heile landet var 2019 eit dårlegare kinoår enn 2018. Talet på tilsette i Ål kulturhus er 19 personar, fordelte på ca. åtte årsverk.

Ål kulturhus inneheld tre amfisalar som blir brukt til kino, konsertar, teater, dans, konferansar, møter og seminar. I tillegg finn ein Ål kulturskule, Ål bibliotek, Ål vaksenopplæring, Ål frivilligsentral, Galleri Syningen med skiftande utstillingar, Nesch-museet og rosemålingsutstillinga Hallingrosa her.

Huset har dei siste åra hatt driftsutgifter på mellom 9,0 og 9,6 millionar kroner. Inntektene, det vil seie salsinntekter og ulike refusjonar, har lege mellom 5,5 og 4,4 mill. kroner, lågast siste driftsår, 2019. Omsetningssvikten siste to åra har samanheng med den pågåande byggjeaktiviteten. Men salsinntektene har faktisk vore høgare enn budsjettert. Rekneskap for Ål kulturhus 2019 og 2018 går fram av tabellen nedanfor

| ÅL KULTURHUS 2019 og 2018 | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2018 |
|--|---------------------------|---------------------------|
| DRIFTSUTGIFTER | | |
| Varekjøp | 3 888 947 | 4 128 832 |
| Lønn | 5 459 779 | 5 247 319 |
| Overføringar | 294 809 | 223 739 |
| SUM | 9 643 535 | 9 599 890 |
| DRIFTSINNTEKTER | | |
| Refusjonar | 634 118 | 603 282 |
| Salsinntekter | 3 773 295 | 4 233 140 |
| SUM | 4 407 413 | 4 856 422 |
| Differanse (= kommunalt bidrag til drifta) | -5 236 122 | -4 743 468 |
| Overforbruk | -742 122 | -774 468 |

I forhold til budsjett for 2019 og 2018 auka både utgiftene og inntektene, utgiftene vesentleg meir enn inntektene, jf. overforbruket i tabellen. Kommunen hadde i 2019 budsjettert med eit netto bidrag til drifta på om lag 4,5 mill. kroner. Driftsbidraget for 2019, inklusive

overforbruk, vart altså litt over 5,2 mill. kroner (vi går her ut frå at kommunen dekkja overforbruket). Tilsvarande tal for 2018 vart vel 4,7 mill. kroner. Overforbruket, dvs. skilnaden mellom reelt og budsjettert underskot på drifta, i 2018 og 2019 vert av kulturhusleiinga forklart med at dette «er relatert til underbudsjettering på drift (i hovedsak forsikringer, strøm, lisenser). Huset er bygget ut, i 2018 og 2019, og det er langt større aktivitet på huset uten at det er tilført ekstra midler for drift.» Det årlege driftsbidraget for kommunen (regulert for overforbruk) har i perioden 2017-2019 vorte såleis: 2017: 3,5 mill. 2018: 4,7 mill. og 2019: 5,2 mill. kroner

Kommunen dekte etter dette i 2019 54 prosent av driftsutgiftene i kulturhuset. I 2018 var prosentdelen 49, i 2017 39 prosent. Eg har så langt ikkje fått opplysningar om finans-/kapitalutgifter for Ål kulturhus.

2. Voss kulturhus

Voss kulturhus vart offisielt opna 6. januar 2011. Bygget inneheld bibliotek, kinosenter, storsal, kulturskule, utstillingsareal og lokale for vaksenopplæring og turistinformasjon. Storsalen er ein fleirbrukssal som vert brukt både til konsertar, kinoframsying og andre arrangement. Scena er ikkje stor nok til at Riksteateret kan bruke Voss kulturhus. Huset har også visningsrom for visuell kunst, og eit stort og godt øvingsrom for dans. Den gamle kinoen (Voss kino) er no inkludert i drifta av kulturhuset. Huset har kring ni årsverk. Av dette er ca. 2,5 årsverk knytt til kinodrifta. Arealet er 4 500 m².

Byggjekostnaden var 96 mill. kroner, eksklusive moms. Voss bygde såleis eit relativt lite (og rimeleg) kulturhus, men har fått mykje att for denne investeringa. Huset har ein vakker glasfasade mot Vangsvatnet, noko som gir det opne biblioteket både utsikt og lysinnfall av første klasse. Biblioteket har ei rekkje arrangement, både i eigen regi og i samarbeid med kulturorganisasjonar i bygda.

Kinoen på Voss hadde i 2019 eit besøk på 34.500, i 2018 var talet 38.500. Billettinntektene dei to åra var 3,5 mill. (2019) og 3,9 mill. kroner (2018).

Voss kulturhus, kinoen inklusive, er ein del av kommunens kulturforvaltning. Dei samla driftsinntektene ved kulturhuset dei siste åra (2016-19) har vore mellom 8,1 og 9,3 mill. kroner. Samla driftsutgifter har i same periode vore mellom 9,3 og 12,3 mill. kroner. I tillegg kjem årleg finansutgifter på vel to mill. kroner. Rekneskap for 2019 og 2018 går fram av tabellen nedanfor:

| Voss kulturhus 2019 og 2018 (1000 kroner) | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2018 |
|--|---------------------------|---------------------------|
| DRIFTSUTGIFTER | | |
| Løn | 5 450 | 5 791 |
| Andre driftsutgifter | 4 666 | 5 657 |
| Utstyr og vedlikehald | 892 | 615 |
| Kjøp av tenester | 11 | 11 |
| Overføringar | 213 | 127 |
| SUM DRIFTSUTGIFTER | 11 232 | 12 202 |
| Finansutgifter | 2 234 | 2 206 |
| SAMLA UTGIFTER | 13 466 | 14 407 |

| | | |
|---|---------------|--------------|
| | | |
| DRIFTSINNTEKTER | | |
| Salsinntekter | 8 157 | 8 546 |
| Refusjonar og tilskot | 403 | 763 |
| SUM | 8 560 | 9 309 |
| | | |
| DIFFERANSE | -4 906 | -5 098 |
| DIFFERANSE ex. finansutg. = kommunalt bidrag til drifta | -2 672 | -2 892 |

Voss kommune yter etter dette ca. 2,7 mill. kroner i driftsstøtte til Voss kulturhus for 2019, eksklusive finansutgifter. Driftsstøtta var 2,9 mill. i 2018. Om vi reknar med finansutgiftene, som vi vel bør, må kommunen ut med 4,9 mill. kroner i 2019 for å dekkje alle kostnadene ved drifta av Voss kulturhus. Samla tal for 2018 var vel 5,0 mill. kroner. I prosent av samla driftsutgifter utgjør det kommunale driftsbidraget 24 pst. både i 2018 og 2019. Tek vi med finanskostnadene, vert prosentsatsen 44 (2019) og 42 (2018). Kulturhus kostar.

Det to kulturhusa vi no har sett på, har begge høg og svært variert aktivitet, med eit noko meir mangesidig tilbod vårt eige kulturhus. Kulturhuset i Voss er framleis ganske nytt. Ål kulturhus er på alder med Sogndal. Huset i Ål vart betydeleg oppgradert og utvida i 2018-19, til ein kostnad på ca. 70 mill. kroner. Begge husa har vore i kommunal drift sidan starten. Andre former for organisering har knapt vore tema.

Det to siste husa vi skal sjå på, er både betydeleg større og nyare enn Sogndal kulturhus. Dette gjeld Hamar kulturhus, opna i 2014, og Kimen kulturhus i Stjørdal, opna i 2015. Desse to husa kosta i under- og overkant av 700 mill. kroner. Begge husa er organiserte som ein del av den kommunale kulturforvaltninga. Andre driftsformer har ikkje vore aktuelle. Begge kulturhusa, særleg huset i Stjørdal, vart til under svært sterk lokal strid. Det sentrale stridsspørsmålet var om kommunen verkeleg hadde råd til desse store investeringane. Frontane var harde. Det tok også 15-20 år frå planlegginga av husa starta til dei stod ferdige. Begge husa vart langsiktig borne fram av sterke ordførarar som såg på kulturhusa som viktige element i ei langsiktig og strategisk utvikling, fornying og modernisering av dei to byane, Hamar og Stjørdal. Særleg påfallande er den rolla ordførar Einar Busterud og den «upolitiske» By- og bygdelista hans, har spela sidan starten i 1991 og heilt fram til i dag. I Stjørdal er det ein borgarleg koalisjon leia av ein Sp-ordførar, Johan Arnt Elverum, som har bore fram kulturhuset. Ap og SV har i begge kommunane utgjort ein opposisjon.

Underteikna arbeider for tida med prosjektet «*Tre omstridde kulturhus – fem år etter opninga.*» Prosjektet er finansiert av stiftinga Fritt Ord. Kulturhusa i Stjørdal og Hamar inngår som to av husa i dette prosjektet. Det tredje huset er Stormen konserthus og bibliotek i Bodø. Dette huset, eigentleg to skilde bygg og to skilde organisasjonar, kosta i alt ca. 1,3 mrd. kroner. Konserthuset er organisert som eit kommunalt føretak.

3. Hamar kulturhus

Hamar kulturhus stod ferdig i mars 2014. Huset vart høgtideleg opna av dronning Sonja. Opningsfesten vart kringkasta av NRK Fjernsynet. Sluttrekneskapen viste ein samla kostnad på 663 mill. kroner.

Arbeidet med realisering av eit nytt kulturhus på Hamar starta i 1999 i eit samarbeid mellom Hamar kommune, Folkets Hus og Hedmark Teater, som trong nye lokale. Realiseringa av kulturhuset, saman med andre tiltak for utvikling av sentrum i Hamar by, vart alt frå tidleg 1990-tal eit hovudmål for den nyskipa og partipolitisk uavhengige By- og bygdelista på Hamar. Hovudmannen bak denne lista var, og er, Einar Busterud. Han var ordførar i Hamar i periodane 1999-2003, 2003-07 og 2007-11. I perioden 2011-15 var han ute av politikken, då vann Ap valet og fekk ordføraren. Ved valet i 2015 toppa Busterud igjen By- og bygdelista. Han vart ordførar 2015-19 og er attvald for perioden 2019-23. Det største opposisjonspartiet, Ap, var heile tida mot bygging av det dyre kulturhuset, men sat, paradoksalt nok, med ordføraren (Morten Aspeli) då huset blei opna i mars 2014. Den same Aspeli har seinare meldt seg ut av Ap og sit no i bystyret for By- og bygdelista. Bygginga av huset vart avgjort med 25 mot 14 stemmer i kommunestyret i juni 2011. Spaden vart stukken i jorda i august, få veker før kommunevalet i september.

Hamar kulturhus er eit stort og variert regionalt kulturhus. Huset er 15 036 m², 130 m langt, 30 m breitt og 26,2 m høgt og har ei 3700m² stor glasflate, Huset har meir enn 30 øvingsrom og -salar, i tillegg til fem-seks framføringssalar. Størst her er Kirsten Flagstad-salen med 498 sitjeplassar, med plass til over 900 ved flatt golv. Huset hyser også leigetakaren Teater Innlandet, med sine to scener. Hamar bibliotek, over to luftige etasjar, er eit basiselement i kulturhuset. Huset hyser også den kommunale kulturskulen og Innlandet musikkråd, og har fleire øvingsrom og utstyr til musikk- og songutøvarar, eit eige avansert lydstudio og eit galleri i kjellaren. Hamar kino er òg ein delvis integrert del av kulturhuset, men er framleis organisert som eit eige kommunalt føretak. Meininga var å integrere dette heilt i kulturhuset, men styret for kinoen ønskte ikkje ei slik løysing i 2014. Derfor vart KF-ordninga halden oppe for kinoen. Besøkstalet ved Hamar kino var i 2019 159.000, i 2018 var talet 182.000. Billettinntektene var 17,7 mill. (2019) og 20,6 mill. kroner (2018).

Samla besøkstal ved Kulturhuset har lege godt over 400.000. Då tel ein tilskodarar ved alle kulturarrangement i huset, inklusive kulturskulen, teateret og kinoen, pluss besøk i biblioteket. Men i rekneskapan for Hamar kulturhus er ikkje kinoen teken med, sidan kinoen er drifta av eit eige selskap. Hamar kulturhus sysselset ca. 16 årsverk

Tabellen nedanfor gir eit oversyn over inntekter, kostnader, netto driftsresultat og kommunal ramme (budsjett) for Hamar kulturhus dei to siste åra.

| HAMAR KULTURHUS 2019 og 2018 | 2019 | 2018 |
|--|-------------|-------------|
| Kommunal ramme (budsjett) | 11 798 101 | 11 652 184 |
| Leigeinntekter arrangement | 2 793 782 | 2 323 936 |
| Billettinntekter | 4 576 903 | 5 075 903 |
| Andre inntekter (sponsorar, faste leigeavtalar o.a.) | 4 700 723 | 4 480 088 |
| "Omsetning" i alt | 23 869 509 | 23 532 111 |
| | | |
| Lønnskostnader | 12 854 535 | 12 215 910 |
| Kjøp varer og tenester, inkl. honorar | 11 741 465 | 12 731 616 |

| | | |
|---|------------|------------|
| Netto driftsresultat (drifts- inntekter minus driftskostnader) | 11 278 824 | 11 778 892 |
| "Resultat" (kommunal ramme minus netto driftsresultat) | 519 277 | -126 708 |
| Billettsal totalt (eks. Hamar kino) | | |
| Tal selde billetter | 33 104 | 32 793 |
| Sum selde billetter (kroner) | 1 041 976 | 956 365 |

Tabellen viser at kommunen har budsjettet med 11,65 og 11,8 mill. kroner for drifta av aktivitetar i regi av Hamar kulturhus for 2018 og 2019. I 2018 underbudsjettet ein med 126.000 kroner, medan ein i 2019 budsjettet med vel 500.000 kroner meir enn det som viste seg å verte netto driftsresultat for året. Dette siste skuldast at kulturhuset la opp til eit relativt kommersielt prega aktivitetsprogram for resten av året 2019 etter ein betydeleg sprekk av kostnadsramma for femårs-jubileet i mars same året.

Det er elles verd å merkje seg at det kommunale tilskotet for 2019 utgjer 49 pst. av den samla årsomsetninga i regi av Hamar kulturhus. Det same var tilfellet både i 2018 og 2019. I 2017 var denne prosentdelelen 47. Profesjonell kulturhusdrift kostar.

Når det gjeld finanskostnader for Hamar kulturhus, får eg opplyst av ass. kommunedirektør Halvorsen at «kapitalkostnader til ulike investeringar er ikke spesifisert i kommunens regnskap.» Men rekneskapen for Kulturhuset viser at ein lånte 400 mill. kroner. Med 2 pst. rente og 50 års avdragstid gir dette årlege kapitalkostnader på 16,8 mill. Men fem millionar kroner av den årlege husleiga som Teater Innlandet betalar til kulturhuset, går til å dekkje kapitalkostnader. Då er ein nede 11,8 mill. kroner per år. I tillegg, skriv ass. rådmann at ein «bør også ta med tapte kapitalinntekter på fondene som ble brukt – 80 mill. i prosent av dette er 1,6 mill.». Men ingen av desse tala er spesifiserte i kommunens rekneskap.

Etter ein litt vanskeleg start for huset første året, der mange meinte at programmeringa av huset var noko elitistisk, har det vore stille kring Hamar kulturhus. «Hamarsingene» sluttar jamt opp om huset. Mange seier dei er stolte av kulturhuset. I kommunepolitikken er det ikkje lenger nokon kulturhusmotstand. Det er ingen særleg debatt kring budsjettet for huset. Dei sentrale delane av byen har også fått eit betydeleg løft siste 10-15 åra. Kulturhuset er, slik tanken var, ein viktig del av dette løftet.

4. Kimen kulturhus

Kimen kulturhus i Stjørdal stod ferdig i 2015. Huset vart høgtideleg opna av kronprins Haakon Magnus fredag 14. august. 7-8.000 personar møtte fram. Sluttrekneskapen for huset lydde på heile 717 mill. kroner.

Planane om eit kulturhus i Stjørdal stammar tilbake frå 1980-talet, då det vart peikt ut ei tomt for eit mogleg kulturhus. I 2004 kom det ei utgreiing frå Stjørdal næringsforum, der planane om eit kulturhus, som også skulle inkludere eit bibliotek, tok form. Året etter gjekk ei arbeidsgruppe for Stjørdal sentrum inn for at byen burde få eit sentrumsnært kulturhus i

samband med bygging av eit hotell. Etter kvart vart også planane om å byggje ei ny kyrkje i Stjørdal kopla til kulturhusprosjektet. I 2008 vart så ein kommunedelplan for kultur med tittelen «Kulturhussatsing i Stjørdal» lagt fram. Planen la grunnlaget for ei kulturbasert sentrumsutvikling med eit kulturhus som kjernen. Plandokumentet bygde delvis på den amerikanske professoren Richard Florida og hans tankar og idear om moderne kunnskapsbasert næringsutvikling med basis i det han kalla «the creative class.»

I det heile, blant anna vurdert ut frå eit par mastergradsavhandlingar, ser det ut som etablering av kulturhus i Stjørdal hadde sin bakgrunn i næringsretta utviklingsarbeid. Men alt i 2005 vart ein nøkkelperson engasjert for å planleggje innhaldet i huset og kva for funksjon bygget skulle ha overfor innbyggjarane i kommunen. Det nye kulturhuset skulle ikkje i seg sjølv verte kopla til næringsaktivitet. Men det vart lagt til grunn at huset skulle gi ringverknader for handels- og serviceverksemdar som var og vart lokalisert i nærleiken av kulturhuset.

I lokalpolitikken i Stjørdal vart kulturhusprosjektet bore fram av ein brei borgarleg koalisjon med Sp og Sp-ordførar Johan Arnt Elverum (ordførar 1999-2013) i spissen. Blant folk gjekk kulturhusprosjektet under namnet «Arnts Minde». 21. juni 2012 vedtok Stjørdal kommunestyre med éi stemmes overvekt (21 mot 20) å gå vidare med 700-millionars prosjektet. Dei borgarlege partia Senterpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Venstre og KrF, stod saman om eit fellesforslag som sa ja til kulturhusprosjektet. Mot stemmene til Arbeiderpartiet og SV. Det kosta muligens ordførar Elverum eit hjarteinfarkt. I 2013 tok i alle fall Ivar Vigdenes, Sp, over som ordførar. Han førte også vidare entusiasmen for kulturhuset og losa prosjektet vel i hamn. Men kampen var hard.

Også med éi stemmes overvekt vedtok Stjørdal kommunestyre i 2014 at huset skulle få namnet Kimen kulturhus. Kimen er meint å avspegle tankar og idear knytt til skule- og opplysningsmannen Ole Vig (1824-1857), som òg vert kalla folkehøgskulens far. Vig var fødd og oppvaksen i Stjørdal. Forutan «det tradisjonelle kulturhuset» med sine fire ulike salar og scener, består Kimen kulturhus av eit stort og ope bibliotek, som du kjem rett inn i når du går inn hovudinngangen til huset. Huset hyser også ei kyrkje, med eigen inngang når det er behov for det, kino med fleire kinosalar, inklusive kafé Kulissen, som vert driven av Trondheim kino AS, Stjørdal kulturskule med fleire øvingsrom, danserom og kontor, Stjørdal kommunes kulturadministrasjon, Carbon ungdomsklubb. Også Stjørdal kyrkjelege fellesråd, inklusive prost og prestar, har sin administrasjon i huset. Det eksterne lokalet Lokstallen, ei scene for produksjon av ny norsk dramatik innfor ulike kunstformer, er òg knytt til Kimen kulturhus. Kulturhuset har eit bruttoareal på ca. 11 500 m². Talet på tilsette i eininga for kulturproduksjon er 11 personar, innanfor 9,6 årsverk. Men 4,7 årsverk av dette var i 2018 knytt til Carbon ungdomsklubb. Huset er plassert nesten vegg i vegg med Stjørdals største kjøpesenter, Torgkvartalet. I 2016 vart det også opna ein (kommunal) utandørs park med leikeareal og mulegheiter for utandørskonsertar o.l. i tilknytning til kulturhuset.

Kimen kulturhus er eigd av det ideelle aksjeselskapet Stjørdal kulturutvikling AS. Dette selskapet var også byggherre for kulturhuset. Kommunen eig 98 pst. av aksjane i selskapet. Men kommunestyret såg ingen grunn til at kulturhusdrifta skulle skje gjennom eit aksjeselskap. Det var semje om at drifta skulle vere ein del av den kommunale kulturforvaltninga. Den kommunale kultursjefen, som i praksis også er kulturhussjef, og hans stab, held då også til i kulturhuset.

Så langt om den noko innvikla og lange vegen fram til realisering av det som endeleg vart Kimen kulturhus. Driftsrekneskapen for huset, det vil seie Eining for kulturproduksjon, ser slik ut for 2018 og 2019 ser slik ut:

| KIMEN KULTURHUS STJØRDAL 2018 og 2018 Eining for kulturproduksjon | Rekneskap 2019 (1000 kroner) | Rekneskap 2018 |
|--|---|---------------------------|
| UTGIFTER | | |
| Løn | 5 019 | 4 935 399 |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon | 15 039 | 15 175 871 |
| Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon | 45 | - |
| Overføringar | 4 724 | 4 672 166 |
| Finansutgifter, fin. transaksjonar | 17 368 | 18 511 322 |
| SUM UTGIFTER | 42 195 | 43 294 758 |
| INNTEKTER | | |
| Salsinntekter | 14 070 | 15 504 360 |
| Refusjonar | 5 647 | 5 564 782 |
| Overføringar | 326 | 241 800 |
| Finansinntekter, fin. transaksjonar | 1 278 | 1 672 230 |
| SUM INNTEKTER | 21 320 | 22 983 172 |
| DIFFERANSE | -20 875 | -20 311 586 |
| Differanse, ekskl. finanstransaksjonar | -4 785 | -3 472 494 |

Det går fram av tabellen at differansen mellom inntekter og utgifter i både i 2019 og 2018 var vel 20 mill. kroner, medrekna finansielle transaksjonar. Ser vi vekk frå desse, både på utgifts- og inntektssida, er differansen 4,8 mill. i 2019 og 3,5 mill. kroner i 2018. Desse tala viser kva drifta av kulturhuset kosta kommunen i 2019 og 2018. Medrekna finanspostane var kommunens nettokostnad mellom 20 og 21 mill. kroner. Dette under føresetnad at alle driftsutgifter er rekna med. Men vi veit at t.d. utgifter til vaktmeister og reinhald vert bokført under teknisk etat, drift, jf. nedanfor. Framleis er det politikarar som er bekymra for dei store finanskostnadene, som også inkluderer parkeringsanlegget under kulturhuset og parken ved sida av huset.

Vi kan her føye til at finanskostnadane vedkjem heile det store kulturhuset, ikkje berre den delen av huset der kommunen driv aktiv kulturproduksjon gjennom Kimen kulturhus. På den andre sida kan det vere at ein del (løn)s)kostnader som vedkjem kommunens aktive kulturproduksjon i huset, vert belasta andre konti enn kulturproduksjonen.

Kulturhuset sjølv opplyser følgjande om rekneskapen:

- «Vi betaler husleie til SKU (Stjørdal kulturutvikling). Denne summen er bokført under kulturproduksjon. Kapitalkostnaden er inkludert i husleie.»

- «Kimen kino driftes av Trondheim kino. De betaler husleie/felleskostnader til Stjørdal kommune, og det er inngått en avtale om provisjon av kiosksalg.» Netto inntekt for Kulturhuset på denne posten var ca. 2 mill. kroner både i 2019 og 2018.)
- «Kirken har sin egen avtale med SKU og er ikke blandet inn med regnskapet til etat kultur». (Vår merknad: det er altså ei kyrkjeining midt i Kulturhuset)
- «Utgifter knyttet til vaktmester og renhold bokføres under etat teknisk drift»

Det er høgt aktivitetsnivå i eining for kulturproduksjon i Kimen kulturhus. Salsinntekter (15 mill. kroner) er betydeleg høgare enn for Hamar kulturhus. Drifta av Eining for kulturproduksjon kosta i 2019 Stjørdal kommune knapt 4,8 mill. kroner, ut frå rekneskapstala ovanfor. Men alle kostnadselementa er altså ikkje inkluderte her.

Den samla rekneskapen for heile kulturetaten til Stjørdal kommune som held til i Kimen kulturhus, ser slik ut for 2019:

| KILDEN KULTUR 2019 (1000 kroner) | Utgifter | Inntekter | Netto |
|--|-----------------|------------------|---------------|
| Kulturadministrasjon | 14 425 | 5 129 | 9 296 |
| Kulturproduksjon (drift av Kulturhuset) | 42 195 | 21 320 | 20 875 |
| Ung kultur | 3 816 | 870 | 2 946 |
| Kulturskule | 16 138 | 6 513 | 9 625 |
| Bibliotek | 7 189 | 926 | 6 263 |
| SUM KULTURETATEN | 83 763 | 34 758 | 49 005 |

Så langt eg veit, er Kimen kulturhus no (svært) godt etablert i Stjørdal. Den sterke motstanden mot huset forsvann gradvis etter opninga. Eg merka det alt opningsdagen, då eg sjølv hadde gleda av å vere til stades. Huset er ope og aktivt og fullt av stor og mangesidig aktivitet. Kulturlivet ha teke svært godt i mot huset. Og publikum sluttar jamt og godt opp om huset

5. SLUTTORD

Det har blitt bygt ei rekkje nye kulturhus i Noreg siste 15-20 åra. Medlemstalet i organisasjonen Norske kulturhus veks stadig og er no rundt 130. Men framleis driv norske kommunar og planlegg nye kulturhus. Og meiningane om ein skal byggje eller ikkje, er framleis like sterke.

Dei kommunane vi har trekt fram ovanfor, er kommunar som har satsa medvite på kultur(hus) i ei langsiktig og strategisk satsing. Særleg gjeld dette Hamar og Stjørdal. Satsingane var, som vi har sett, omstridde. I dag synest det å vere ei gjennomgåande positiv haldning til desse kulturhusa. Men det finst ei viss bekymring for den auka lånegjelda dei dyre kulturhusa har gitt dei to kommunane.

Tabellen nedanfor viser korleis satsinga på kultur og kulturhus hus lèt seg lese av i Kostra-tala for dei aktuelle kommunane, samanlikna med Sogndal, som har ei sparsam kultursatsing. På

den andre sida er den langsiktige gjelda per innbyggjar for Hamar og Stjørdal langt høgare enn for Sogndal. Tala er henta frå Kostra-databasen til Statistisk sentralbyrå (SSB).

| | Netto driftsutgift til kultur per innbyggjar (kroner) | | Netto driftsutgifter til kulturbygg per innbyggjar (kroner) | | Netto driftsutg. til kultur i pst. av tot. kommunale driftsutgifter (prosent) | | Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelsar per innbyggjar (kroner) | |
|----------------|---|-------|---|------|---|------|---|---------|
| | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 |
| KOMMUNE | | | | | | | | |
| Landet | 2 297 | 2 428 | 252 | 265 | 4,0 | 4,0 | 83 152 | 88 681 |
| Ål | 4 186 | 4 117 | 751 | 635 | 5,5 | 5,4 | 86 094 | 85 933 |
| Voss | 2 112 | 2 591 | 286 | 339 | 3,4 | 3,4 | 82 851 | 85 490 |
| Hamar | 2 944 | 3 472 | 631 | 696 | 5,2 | 5,7 | 103 325 | 107 865 |
| Stjørdal | 2 995 | 3 869 | 875 | ? | 8,0 | ? | 101 196 | ? |
| Sogndal | 1 371 | 1 459 | 132 | 132 | 2,5 | 2,4 | 72 190 | 80 563 |

Netto kommunale driftsutgifter per innbyggjar til kultur og til kulturbygg, er svært høge i kraftkommunen Ål, men også ganske høge i Stjørdal og Hamar. Voss har betydeleg høgare slike utgifter enn Sogndal. Sogndal kjem dessutan klart «dårlegast» ut på statistikken som viser kor stor prosentdel driftsutgiftene til kultur utgjer av dei samla kommunale driftsutgiftene. Men, som alt sagt, Sogndal har klart lågast langsiktig gjeld per innbyggjar av dei fem kommunane.

Alle kommunane «våre», inklusive Sogndal, plasserer seg forresten høgt på Norsk kulturindeks for 2017 og 2018. Denne indeksen har vorte utvikla ved Telemarksforsking sidan 2011, og har fått ein bra status når det gjeld «å beskrive det faktiske kulturtilbudet og den faktiske kulturbruken innanfor kommunen som geografisk område.»

| | Plassering på Norsk kulturindeks (Telemarksforsking) | |
|----------|--|------|
| | 2017 | 2018 |
| Ål | 3 | 2 |
| Voss | 28 | 41 |
| Hamar | 9 | 5 |
| Stjørdal | 52 | 52 |
| Sogndal | 56 | 21 |

Ål og Hamar er her heilt på den nasjonale toppen, både i 2018 og 2019. Stjørdal kjem dårlegast ut, på 52. plass i 2018. Dette året plasserer også Sogndal seg godt framfor både Voss og Stjørdal. Kulturaktivitet, verken på tilbods- eller etterspørselssida, kan altså ikkje einsidig lesast ut av Kostra-tala til SSB.

Det finst, som nemnt tidlegare, tre ulike organisasjonsmodellar for kommunale kulturhus 1) kommunalt aksjeselskap, 2) kommunalt føretak og 3) rein kommunal driftseining, som oftast del av kulturadministrasjonen. Langt dei fleste kulturhusa, kanskje så mange som 9 av 10 har valt den siste modellen. Det har overraska meg at også mange kulturhus i store byar og t.d. i ein kommune som Bærum, har valt å late kulturhus vere ein del av den kommunale

kulturdrifta. I Sogndal har AS-modellen vore rådande sidan starten i 1991. No bør det vere tid for å vurdere om dette er ein tenleg modell. Ny kommune, ny kulturadministrasjon og skifte av dagleg leiar i Sogndal kulturhus, og i Sogndal bibliotek, talar for det same. Dessutan har kommunen bestilt ei større prosjektutgreiing om kulturhuset. Mitt notat er då også eit bidrag til dette prosjektet.

Kor mykje skal så eit kulturhus i god drift koste ein kommune? Det finst ikkje noko enkelt svar. Samanlikningar mellom ulike kommunale kulturhus er også innfløkt. Ingen hus er like. Tendensen i dag er at stadig fleire kulturhus hyser det meste av dei organiserte kommunale kulturtilboda. Det talar for kulturhuset som éi kommunal driftseining.

Av min korte gjennomgang av nokre driftstal for fire kommunale kulturhus, vil det gå fram at det kan vere vanskeleg å sjå kva som ligg bak dei ulike postane, og kor mykje av den aktuelle aktiviteten i husa som går fram av ulike utgifts- og inntektspostar. Men gjennomgangen viser i alle fall, ikkje overraskande, at av dei to minste kommunane, yter den vesle kraftkommunen Ål rikeleg med støtte til kulturhuset. Voss yter mindre. Men betydeleg meir enn Sogndal. Det er vanskeleg å samanlikna Hamar og Kimen kulturhus. Begge stader synest dei å ha kome fram til eit nivå for kommunalt driftsbidrag som det er lite politisk strid rundt, fem år etter opninga.

Kostra-tala ovanfor viser at gamle Sogndal kommune har låge driftsutgifter til kultur og svært låge utgifter til drift av kulturhus per innbyggjar. Kommunen ligg langt under landsgjennomsnittet. Sogndal har heller aldri hatt politikarar som har vore spesielt opptekne av kulturpolitikk eller av kulturhusets plass og betydning for og i kommunen. I Hamar og Stjørdal har sentrale politikarar vore drivkrefter for den sterke satsinga på kulturhus.

Eg veit ikkje om min gjennomgang av dei fire kulturhusa i Ål, på Hamar, på Voss og i Stjørdal gir nokon peikepinn på kva for drifts-, støttenivå og driftsform som er rimeleg for Sogndal kulturhus. Men tala gir i det minste ein indikator på kva andre kommunar av ulik størrelse fleire stader i landet er villige til å yte for å utvikle, byggje og halde oppe gode kulturhus. Kan vi kanskje lære nok av dette? Kvifor ikkje invitere den kulturengasjerte Sp-ordførar Ivar Vigdenes frå Stjørdal hit for å fortelje våre politikarar og folk flest kva kommunens hans har fått att for ei dristig og omstridd kulturhussatsing?

Retorikken om at kultur og kultursatsing skal lønne seg, har falma mykje dei seinare åra. Det er heller ikkje så mange som har trudd på denne forteljinga. Kultur kostar. Kulturtilbod av høg kvalitet kostar endå meir. Likevel investerer og brukar kommunar over heile landet betydelege summer for å utvikle og drifte nye og gamle kulturhus. Fordi dei meiner at byen eller bygda fortener eit skikkeleg, innhaldsrikt og variert hus for kultur. Og ikkje minst fordi det lokale kulturliv treng ein skikkeleg plass å halde til i og kunne utfalde seg i.

Kanskje er det no, snart 30 år etter opninga, på tide å tenkje nytt og dristigare kring Sogndal kulturhus? Det gjeld både kulturinnhald, driftsorganisering og kommunalt engasjement.

Publikumsundersøking

Sogndal kulturhus

2019/2020

— Rapport

Guttorm Flatabø, Martainville 2020-01-26

1 Innhaldsliste

| | |
|--|----------|
| 1 Innhaldsliste | 1 |
| 2 Innleiing | 3 |
| 2.1 Produksjon av spørjeundersøkinga | 3 |
| 2.2 Gjennomføring | 3 |
| 3 Spørjeundersøkinga | 4 |
| 3.0.1 Obligatoriske spørsmål | 4 |
| 3.0.2 Logikk | 4 |
| 3.0.3 Inngangspunkt | 4 |
| 4 Resultat | 6 |
| 4.1 Svar | 6 |
| 4.1.1 Når var du sist på eit arrangement i Sogndal kulturhus? | 6 |
| 4.1.2 Kva type arrangement var du på sist du var i kulturhuset? | 7 |
| 4.1.3 Om lag kor mange gonger har du vore på arrangement i kulturhuset siste år? | 7 |
| 4.1.4 Korleis vurderer du følgjande tilbod i Sogndal kulturhus? | 8 |
| 4.1.4.1 Kommenterarar | 8 |
| 4.1.5 Kva type arrangement i kulturhuset set du størst pris på? | 12 |
| 4.1.5.1 Anna arrangement | 13 |
| 4.1.6 Korleis opplever du Sogndal kulturhus som bygg? | 14 |
| 4.1.6.1 Utfyllande kommenterarar | 14 |
| 4.1.7 Er det tilbod du saknar eller skulle hatt meir av i Sogndal kulturhus? | 17 |
| 4.1.8 Har du andre synspunkt på drifta og aktiviteten i Sogndal kulturhus? | 22 |
| 4.1.9 Har du vore på kulturarrangement andre stader enn på Sogndal kulturhus siste halvåret? | 25 |
| 4.1.10 Kva kulturarrangement var du på og kvar vart det arrangert? | 25 |

| | |
|---|-----------|
| 4.1.11 Alder | 34 |
| 4.1.12 Kjønn | 35 |
| 4.1.13 Kvar bur du? | 35 |
| 4.2 Representativt? | 35 |
| 5 Loddrekking | 37 |
| 5.1 Spørsmål | 37 |
| 5.1.1 Ynskjer du å vere med i trekninga av 5 gåvekort på 1000 kr? | 37 |
| 5.1.2 Duplikat | 37 |
| Prosess for å gjennomføre loddrekking | 38 |

2 Innleiing

Dette er ein enkel rapport frå og om publikumsundersøkinga som vart gjennomført på Sogndal kulturhus i november 2019–januar 2020. Målet med rapporten er å presentere data frå undersøkinga slik at lesaren sjølv kan danne seg eit bilete av kva publikum tykkjer ut frå dataane.

2.1 Produksjon av spørjeundersøkinga

Underteikna, Guttorm Flatabø, vart oktober 2019 hyra inn av Aage Engesæter og Idun Anderssen Husabø til å utforme og gjennomføre ei digital spørjeundersøking. Til dette valde eg verktøyet SurveyMonkey mest på grunn av funksjonalitet (spesielt med tanke på språk), og delvis pris.

Eg fekk utkast til undersøking levert som MS Word-dokument og implementerte dette. Etter nokre rundar med korrektur og revisjonar så var undersøkinga klar til å ta imot svar 20. november.

2.2 Gjennomføring

For å samle inn svar fekk administrasjonen på kulturhuset leverandøren til heimesida til kulturhuset, Filmweb, til å implementere ein pop-up (lite vindauge som sprett opp på heimesida) som inviterte besøkande på heimesida til å svare på undersøkinga. Administrasjonen ba om at følgjande tekst vart brukt:

Me ynskjer ditt syn på kulturhuset!

Me jobbar med å gjera Sogndal kulturhus endå betre. Kan du hjelpa oss? Ta spørjeundersøkinga, og bli med i trekninga av gåvekort til kr. 1000,-

Pop-upen vart aktivert på www.sogndal.kulturhus.no den 28. november. Fram til 5. desember sto det i innleiinga til spørjeundersøkinga at gåvekortet var på 500 kr.

Første svar kom inn 28. november. Siste svar kom inn 21. januar 2020. 22. januar vart undersøkinga stengt slik at den ikkje tek imot fleire svar.

3 Spørjeundersøkinga

Siste endring som vart gjort i undersøkinga var å endre innleiinga slik at det kom fram at 5 gåvekort a 1000 kr vil bli gitt bort.

Den endelege versjonen av undersøkinga finst som utskriftsversjon i fila «Utskriftsversjon 20200126.pdf». Så lenge den er aktiv på SurveyMonkey kan ein også prøve undersøkinga med testlenkja: <https://no.surveymonkey.com/r/8KRSBNG>

3.0.1 Obligatoriske spørsmål

Dei fleste spørsmåla som ikkje var opne var obligatoriske, dette gjer at dei individuelle svara er samanliknbare. Når spørsmåla var obligatoriske var det alltid mogleg å svare «Veit ikkje» el. liknande. Utskriftsversjonen av undersøkinga viser med «*» kva spørsmål som er obligatoriske.

3.0.2 Logikk

Logikk handlar om å t.d. utelate vise spørsmål basert på svar på tidlegare spørsmål (el. andre faktorar). I eit pdf-dokument er det ikkje mogleg å «oppleve» spørsmålslogikk.

Følgjande logikk var lagt inn:

- Dersom respondenten svarte «Dette er første gong» på spørsmålet «Når var du sist på eit arrangement i Sogndal kulturhus?» så hoppa han over ei side og fekk spørsmålet «Korleis vurderer du følgjande tilbod i Sogndal kulturhus?» som neste spørsmål. Dersom han svarte «Eg har aldri vore på arrangement i Sogndal kulturhus» så vart undersøkinga avslutta og respondenten diskvalifisert.
- Dersom respondenten svarte «Ja» på spørsmålet «Har du vore på kulturarrangement andre stader enn på Sogndal kulturhus siste halvåret?» vart han sendt til ei eiga side med spørsmålet «Kva kulturarrangement var du på og kvar vart det arrangert?». Dersom han svarte «Nei» hoppa han over den sida og fekk «Alder» som neste spørsmål.
- Dersom respondenten svarte «Nei» på spørsmålet «Ynskjer du å vere med i trekninga av 5 gåvekort på 1000 kr?» vart undersøkinga avslutta. Dersom han svarte «Ja» fekk han spørsmål om namn og telefonnummer for å delta i loddtrekkinga.

3.0.3 Inngangspunkt

For å skilje mellom kvar/korleis svar vart samla inn, opprettar ein i SurveyMonkey «inngangspunkt». Det vart brukt 3 inngangspunkt:

1. Pop-up på www.sogndal.kulturhus.no
2. Lenkje til sosiale medier.
3. Lenkje til oppslag på kulturhuset.

For å unngå at ein respondent sender inn fleire svar brukar SurveyMonkey såkalla informasjonskapslar (cookies). Funksjonaliteten er veldig enkel og hindrar i teorien ein respondent frå å svare frå same nettlesar fleire gonger innan 90 dagar, men dersom brukaren byter nettlesar, slettar cookies, brukar fleire ulike einingar til å besøke nettsida eller byter datamaskin/mobil vil han få høve til å svare fleire gonger. Kvar respondent ville også ha høve til å svare på kvart inngangspunkt, så lenge han fekk tilgang til dei ulike lenkjene.

Eg har gjennomført ein kontroll for å verifisere om respondentar har svart dobbelt ved hjelp av telefonnummeret til deltakarane i loddrekkinga. Sjå [«Duplikat»](#) lenger ut i rapporten. Det er ikkje grunn til å tru at det er eit betydeleg tal duplikat att etter den gjennomgangen.

4 Resultat

Etter at 34 duplikat vart fjerna (sjå [«Duplikat»](#)) står me att med følgjande samla inn pr. inngangspunkt:

1. Pop-up på www.sogndal.kulturhus.no: 753 svar, 618 fullførte, mellom 28.11.2019 og 21.01.2020.
2. Lenkje til sosiale medier: 137 svar, 114 fullførte mellom 09.01.2020 og 17.01.2020
3. Lenkje til oppslag på kulturhuset: 18 svar, 11 fullførte mellom 04.12.2019 og 16.01.2020.

Til saman kom det dermed inn 908 svar, derav 743 fullførte. I gjennomsnitt så har respondentane brukt 3 minutt og 45 sekund på å svara. Det betyr at alle respondentane som fullførte til saman har brukt ca. 46 timar og 26 minutt på å svara på undersøkinga.

I tillegg til denne rapporten er det så lenge SurveyMonkey-abonnementet blir vedlikeholdt også mogleg å sjå svara på SurveyMonkey.com, eller gå gjennom rådata eller automatisk eksporterte filer frå SurveyMonkey.

Data frå undersøkinga er eksportert frå SurveyMonkey og lagra slik i mappa som kulturhuset har fått levert:

- Dei opprinnelege svara inkl. duplikat, ufullførte svar og opplysningar til loddtrekkinga er å finna i mappa «Alle svar ink dup og loddtrekking».
- Svar utan duplikat og loddtrekking er å finna i mappa «Alle svar etter fjerning av dup og loddtrekking».
- Automatiske oppsummeringar er å finna i mappa «Automatiske oppsummeringar og presentasjonar utan loddtrekking».


4.1 Svar

I det følgjande blir svara presentert, berre fullførte svar er tekne med, 34 duplikat fjerna. Kommenterar er gjennomgått for å fjerna innhaldslause kommenterar og for å sjå etter personopplysningar. Ingen personopplysningar vart funne.

4.1.1 Når var du sist på eit arrangement i Sogndal kulturhus?


Tal svar: 743

17 respondentar som svarte «Eg har aldri vore på arrangement i Sogndal kulturhus» vart diskvalifiserte og fullførte dermed ikkje og er ikkje teke med. Det var ingen som svarte «Dette er første gong».



4.1.2 Kva type arrangement var du på sist du var i kulturhuset?

Tal svar: 743



4.1.3 Om lag kor mange gonger har du vore på arrangement i kulturhuset siste år?


Tal svar: 743

Gjennomsnitt 6,87

| | |
|--------------------|------|
| Standard Error | 0,25 |
| Median | 5 |
| Standard Deviation | 6,78 |
| Minimum | 0 |
| Maksimum | 100 |
| Sum | 5103 |

4.1.4 Korleis vurderer du følgjande tilbod i Sogndal kulturhus?

Tal svar: 743



Vekta gjennomsnitt av skalaen 1 – Svært dårleg, 2 – Dårlig, 3 – Verken dårleg eller bra, 4 – Bra, 5 – Svært bra.

4.1.4.1 Kommenterar

Innhaldslause svar har blitt fjerna. Nummera er berre til hjelp, dei heng ikkje saman med nummerering andre stader.

1. Eg deltek i korøvingar og konsertframføringar, i Blaoboxen. Eg tykkjer det er eit svært trangt lokale, både for musikken (lydbilete) og fysisk liten plass.
2. Nøgd med tilbodet
3. Har bare brukt kulturhuset til kino, og dette er jeg veldig fornøyd med
4. Teater og kinotilbudet er bra, men jeg synes storsalen er svært trang, så jeg kvier meg alltid for å kjøpe billetter dit.
5. Eg syns kulturhuset tilbyr ein rekke med Kvalitets arrangementer Som passer til alle.
6. Har eit allsidig program som passar for ulike aldersgrupper
7. Generelt: Synd at det er så dyrt å leie kulturhuset til arrangement for lokale arrangement. (Det er grunnen til jeg ikke har gitt flere 5'ere over)
8. Ofte vanskeleg å få billetter til populære arrangement fordi storsalen er så liten. Men, heldivis så er det ofte dobbeltarr. I biblioteket kunne framvisningsutstyret vore betre.
9. Flott med så varierte tilbod og for alle aldre
10. Storsalen er for liten, og særleg no etter kommunen er vorten større. Blaoboksen: Det sømer seg ikkje å leige den ut til festar med medbringe mat og drikke. Det er dårleg kultur.
11. Jazzklubb med Sogndal Storband: Blaoboxen er eit lite egna lokale til denne typen arrangement. Rommet er relativt lite, og når det er fullt med folk der har ikkje lyden «nokan stad å reisa». Bandet var dog flinke. Det hadde vore moro om kinoen hadde vist eldre filmar og klassikarar, og ikkje berre nye filmar. Julesong var særst bra.

12. Eg likar meg godt i kulturhuset!
13. Skulle gjerne delteke på mykje meir, men bur dessverre litt for langt unna Sogndal.
14. Eg var ofte i kulturhuset før, men nå er eg gamal og sjukleg så det seier seg sjølve at det kan ikkje bli så ofte.
15. Har vært på 1 teaterforestilling, Gulbrandsen og Jordal!
16. Synest ikkje det er særleg bra kinotilbud. Burde vore meir film frå andre land enn USA, England og Norge
17. Kulturhuset har god variasjon og breidde i kulturtilboda. Der er fleire interessante arrangement lagt til måndagar, torsdagar og det gjer det ofte vanskeleg å delta. Skulle ønska fleire låg til fredagar el laurdagar
18. Har ofte lyst til å dra på arrangementer, men litt for langt - særlig i de mørke årstidene
19. Der eg har svart «veit ikkje», har eg ikkje vore på nemnde arrangement.
20. Vi har hytte i Kaupanger, og er der ofte. Da tar vi alltid turen til Sogndal. Går på kino, på underholdning og, ikke minst, vi besøker biblioteket. Biblioteket gir meget god service. De er alltid smilende og hjelpsomme! I det hele tatt er vi svært godt fornøyd med kulturhuset og tilbudene der.
21. Likar godt å gå på konsertar og kino
22. Fine og store lokaler
23. Kjempe flott tilbud!
24. Er bare på kino så kam ikke si noe om det andre. Er jo bra utvalg ihertfall
25. Jeg har akkurat flyttet til Sogndal
26. Innhabil på arr. på biblioteket. Men vi får bra tilbakemeldingar. Tek gjerne i mot innspel til å verte betre!
27. Blauboxen er dorleg egna til konsertar. Alt for mykje kino og for få kulturarrangement m lokale altørar i kulturhuset. Det skal vere Sogndal kulturhus. Ikkje Sogndal Kino.
28. Flotte tilbud på ei så liten plass som Sogndal. To tommlar opp!!
29. Storsalen er godt eigna til konsertar. Skulle ønske vi kunne få nokre store namn dit att, i 2020 :)
30. Jeg elsker å reise på kino i Sogndal! Men jeg syns til tider det er uryddig, og voldsomt mye prat fra andre gjester. Det burde vært noen ansvarlige som kunne gitt advarsler som ødelegger for de andre som betaler for å kose seg med en kinofilm. Litt trang benplass i Storesal, og litt dårlig lerret i Storesal.
31. har kun våre på kino
32. Dei siste åra er jo veeldig utydeleg så eg skreiv 2 (omlag ein gang eller to i året.
33. tykkjer dei kan bli betre på arrangement til ungdomen. Både musikk, teater og liknande
34. Eg svara veit ikkje på arrangementa som eg ikkje har vore på før. Dei er sikkert bra, men kan ikkje uttala meg.
35. Eg pleiar berre å vere på kino men har høyrte mykje bra om dei andre opplegga
36. Er berre i Sogn i feriar, så har ikkje så god oversikt over totaltilbodet.
37. Ettersom kinosal, filmutval og kiosk i Førdehuset er labert, reiser eg og sambuaren min heller til Sogndal for å gå på kino. Vi gjer som regel "datenight" ut av det, og et middagag først. Veldig bra kinotilbud hjå dykk :)
38. Varierte tilbod
39. Vil gjerne ha breiare kinotilbud! Filmklubb med alkoholserving til dømes.
40. Veldig bra lokaler
41. Kinoen er svært bra i sal 3 og 2. Synest personleg det blir for folksomt i storsalen. Som ein som høyrer litt vagt hadde eg sett pris på litt høgare lyd på filmene. Men ellers er tilbodet bra.


42. Dei fleste arrangement har eg ikkje våre på men bra service på det eg har våre på
43. Meir live musikk. Veit det kodter..få betre kontrakt på arr.
44. For mye mobilbruk under konserter som kan være farlig /skadelig og plagsomt her bør kulturhuset ta grep og ikke hver enkelt
45. Mykje god underholdning med høgt nivå.
46. Bra tilbud av aktuelle kinofilmar. Mykje og variert tilbud av teater. Var på ein konsert med eit orkester som spela film- og spelmusikk til dømes. Bra og variert.
47. Er godt nøgd med Sogndal kulturhus!
48. For mange kommersielle, "blockbuster" filmar utan kunstnarisk idéar eller innhald. Mange interessante filmar kjem aldri til Sogndal. Pinleg for eigaren at satsinga i Blaoboxen vart lagt på is. Kunst og kultur kostar, særleg i distrikta, og det forpliktar for ein offentleg eigar å syte for eit variert og godt tilbud.
49. Har egentlig bare vert på kino. De andre arrangementer har ikke vert noe for meg
50. Det er jamnt over bra og variert program som skal høve dei fleste. Eg rekk diverre ikkje på langt nær over alt.
51. Konsertane i Blaoboxen har vore veldig bra, men lokalet er for utriveleg. Ynskjer at foajeen vert rusta opp med koslegare soner å sitje både ved kinoen og ved biblioteket.
52. Blaoboxen var ok før de slutta med det. De har generelt lite offensiv musikkprofil.
53. Per no gjer Sogndal Kulturhus ein god jobb når det kjem til å famne om ulike kulturuttrykk. Er særskilt gild av arrangementa i Blaoboxen. Der er ein tett på dei ulike utøverane på scena, noko som skapar ein fin og intim setting for publikum. I tillegg er artistane ofte kreative og spanande i uttrykka sine, noko som er moro å bevitne for søkande sjelar. Viss det stemmer at Blaoboxen blir lagt ned, vil det verte eit stort, stort sagn. Eit kulturhus si framste oppgåve er jo nettopp å legge til rette for ulike former for kultur. Dette er viktig for innbyggjarane i kommunen. Det er god mental helse i god kultur. Vonar eigarane av Kulturhuset ser forbi sin eigen overfokus på inntjening og skjerpar seg, rett og slett. Det er ikkje alt som kan målast i kroner og øre. Det er eit større bilete her. Dei som jobbar på Kulturhuset gjer ein framifrå jobb. Lat dei få halde fram med virket sitt, og lat dei sleppe å måtte forhalde seg til økonomisk undergraving frå eigarane.
54. Har som oftast dei filmene som kjem ut. Kulturspiren var heil okay, ikkje noko spessielt.
55. Blaoboxen lyt vidareførast! Dette har vore det viktigaste tilskotet til kulturlivet i Sogndal sidan Meieriet opna.
56. For høye priser til oss med lav økenomi. Selv er eg uføretrygdet i en alder av 30åra så får ikke vært med på så masse
57. eg har berre vert på kino
58. Skulle gjerne vore på framsyning med Dans utan Grenser. Forstår at dei må droppe framsyning i Kulturhuset av di det er for dyrt. Dette blir heilt feil - når kommunale tilbud til born og ungdom- som er kultur - ikkje kan synast fram i eit kommunalt kulturhus.
59. Kunne hatt fleire filmar som ein reklamerer for under reklame av kino ein viser. Kunne hatt fleire konsertar
60. Mange gode opplevingar, dersom ein vel å bruke Kulturhuset.
61. Veldig mange og gode tilbud i kulturhuset - rekk ikkje å vera med på alt!
62. Det er nok kinoen som er min ting i kulturhuset
63. Skulle vore fleire filmar
64. Ønskjer meir konserter i Blaoboxen
65. Svært bra med nye stolar i storsalen, med det som er domt er at det er litt liten plass for beina. Har vore på kulturhuset så mange gange at eg ikkje har tellinga, men er ca. 50 gonger.

66. Svært god kinosal, men dei nye setene i Storsalen trekk ein del ned på opplevinga.
67. Har ikkje nytta desse, då eg bur i annan kommune.
68. Oppusingen var ein katastrofe, mao slutta og spara peng og fao nytt lerett i storsalen
69. Andre arrangement som danseførestillingar har vore veldig bra.
70. Litt høg lyd på kino og arrangement.
71. Kunne tenkt meg at det hadde vore fleire tilbod på kinoen, t.d. alkoholserving eller matserving (typ pizza osv) slik som dei har i UK.
72. Eg skulle ynskja meg enno meir konsertar med lokale krefter, og fleire arrangement for lokalsamfunnet slik som Kulturspiren men for fleire aldersgrupper.
73. Ungene er oftere på besøk og er veldig fornøyde med kino.
74. Ønska meir babykino
75. Gode kulturelle tilbod i Sogn.
76. Svært variert og godt kinoprogram. Biblioteket sine kveldsarrangement er flott.
77. Burde ha ivertfall ein sal der stolane er lenestolar slik som i byane. Med mulighet for å ligge med føttene opp, ikkje berre at ryggen kan regulerast. Savner det! Da slapper ein skikkelig av og slipp og sitte så stivt når me ser film.
78. Belysningen i resepsjonsområdet skulle eg gjerne sett meir dimma/varme. (slik dei forrige lysa var, for ein del år sidan=). Dei som er no er kalde, veldig opplysende.
79. Litt liten bein plass i storsalen elle tipp topp
80. Har vært på kino i storsalen, syntes lyden er litt dårlig, virker som den bare kommer fra scenen/lerretet
81. Synd at aktiviteten i Blaoboxen er så redusert. I tillegg er det for dyrt å leiga dette lokale for lokale kulturarr., noko som legg ein ekstra dempar på aktiviteten. Biblioteket har vore flinke me arr., men lokalet deira eignar seg absolutt ikkje til det, og dei burde sjølv sagt kunna bruka andre delar av huset. Igjen er det sikkert økonomi som er hinderet.
82. Veit ikkje=ikkje vore Kino=var ein kjent film som gjekk landet over, ikkje her, når me spurde kvifor ikkje-fekk me følgande svar på mail av Uglum at han ikkje likte skuespelaren som hadde hovudrollen!!
83. Eg er veldig glad vi har kulturhuset, synest alt som skjer der er veldig bra og kjekt for bygda.
84. Likar ikkje røyk på konsert. Ellers koseleg. Likar setene i småsalane. Kiosk/kafe kunne vert lenger ope?
85. Likar svært godt film på kino, sal 3 er en flott sal for kino
86. kino og teater i Sogndal kulturhus er svært bra. Det er hit eg reiser når eg skal på kino. seta er svært behagelige, og skjermen og lysbilda er bra.
87. mange filmer jeg har lyst å se på orginaltalen og ikke på norsk tale.
88. Kan med stor fordel dempa lyden på reklameinnslaga og sjølv filmene. Kan til tider vera svært ubehageleg, av og til mest lyst berre å forlata kinosalen.
89. Skulle ønskje at ein synte eldre filmar òg. Eksempel acadamy awards vinnarar.
90. Alt for høg lyd på barnekino! Trailer før barnekino er ofte litt for skummelt, passar ikkje til publikum og høg lyd gjer alt mykje skumlare. Veldig mange som kommentera lydnivå på barnefilm, fleire som må forlate kinosal pga lyden
91. Dumt at det noen ganger er svært få visninger av enkelte filmer
92. Det hadde vore fint med fleire kinotilbud på dagtid. Kanskje ca 1 gong om månaden. Då kvalitetsfilmer som passar for seniorer.
93. Eg likar å gå på kino. Men pga lang reiseveg har det ikkje blitt så ofte dei siste åra.
94. Eg har kun vore på kino og julemoro i kulturhuset.
95. Alt har fungert fint

96. Bør alltid ha tilbod om glutenfritt alternativ på alle arr. der det vert servert/ selt mat spesielt der ungar er målgruppa.
97. Det att ein må bestille sete i kinosalen likar eg ikkje.
98. Eg reiser på det meste som er teater. Det andre får eg ikkje alltid med meg.
99. Synd de ikkje varierer førjulskonserteren men har dei same folka kvart år. Det finst mange musikarar i fylket som er minst like bra som desse, og det kun e vore moro med noko av nasjonalt nivå i blant.
100. Vil ha liv i blaoboxen att!
101. Variert tilbud til folk i alle aldere. Mykje bra for barn. God blanding av humor, teater, foredrag og konsertar.
102. Stortsett bra.
103. Kunne ønska blaoboksen bar lyden betre til konsert. Lyden forsvinn litt bakerst i lokala
104. Biblioteket har hatt svært gode arr. siste året
105. Men saknar betre kinoprogram på nettsida. Programmet burde vera sett lenger fram i tid, så det er lettare å planlegga. No veit eg ikkje om filmen sluttar å gå, eller om den blir sett opp fleire gonger før ein dag i forvegen.
106. Blåboksen har nesten ingen arr lenger, veldig synd. Gode filmar går for kort tid
107. Bra må eg sei!
108. Skulle ynskja at ein gjekk meir "heilhjerta" inn å gjorde kino tilbodet endå betre. Veldig flott med oppgradering av stolar i storsalen, og veldig bra med dedikert kino i sal 3 - men det er lite som minner om at det er ein kino utanom når ein kjem inn i salen. Greitt nok har man plakatar, informasjonsskjerm, kiosk - men sjølve "atmosferen" eller opplevelsen av at no er eg på kino er ikkje tilstades - det kan eg forstå kan være vanskeleg å legge til rette for når ein har eit kulturhus som famnar om så mykje. Ellers kunne eg også tenkt meg at ein tenkte på det vetle ekstra til kinogjestene, som ikkje nødvendigvis er ein betydelig kostnad - men likemykje kan føre til at fleire vil gå. Kva med å sette fram eit bord med kaffi ved inngangen for dei som vil ha det, har sett liknande på kino i Bergen - som eg trur kan ha ein veldig positiv effekt i lengden :) Er sers glad i kinolivet, og skulle forsåvidt også godt tenke meg at ein fekk inn eit breiare reportoar av filmar - ikkje kun blockbusters. Kva med å spørje etter innspel på Facebook eller liknande på filmar, eller "avstemmingar" på filmar som blir teke inn. Kunne ein til dømes fått til noko slik som BIFF i Bergen hadde det vore fantastisk. Ellers veldig bra jobba - eg set stor pris på kulturhuset! :)
109. Savner i blant noen av de litt " smale " filmene. Fine konsert opplevelser. Veldig fornøyd med gode arrangement på biblioteket.
110. Sal 1 kunne trenge fast lærred. Man ser bølger og folder under film. Sal 3 er svært bra.
111. Kinoen er veldig bra, men kunne køyrt enda fleire filmar. Arrangement med ulike forfattarar er bra på biblioteket. Kunne gjerne tenkt meg enda meir stand up komikarar og liknande

4.1.5 Kva type arrangement i kulturhuset set du størst pris på?

Tal svar: 739



4.1.5.1 Anna arrangement


Nummera er berre til hjelp, dei heng ikkje saman med nummerering andre stader.

1. Julemarked
2. Stand up
3. Revy
4. Standup, føredrag
5. Revy
6. likte veldig godt kulturspiren når eg var mindre, så må ta den og kino
7. Show ol
8. Teater OG konsert
9. Fjørarevy, Julesong, stand up show
10. Alt
11. Det er vanskelig å plukke ut kun en ting: alt er viktig, og alt setter jeg pris på.
12. Spenst
13. Forestillinger med kjente stand up-artiste
14. Fjørarevy og Julesong
15. Konsert og stand up
16. Både teater og kino.
17. Stand up
18. Teater, inkl. standup o.l.
19. Barneteater i regi av riksteateret
20. Alle
21. Show
22. Standup, Kino
23. Stand up
24. Dans utan grenser
25. Danseførestillingar
26. Revy/show
27. Standup show
28. Øvelse med musikk/songlag
29. Standup
30. Stand up show
31. Setter pris på alle de ulike arrangementene
32. Alle arrangementa - variert tilbud

33. Foredrag, stand up, etc. på lik linje med konserter. Vanskelig å velge blant de to
34. Dans, kultur
35. Stand-up o.l
36. Revy
37. Stand up
38. komedie kvelder
39. Kini, teater og konsertar
40. Stand up
41. Både kino, teater, stand-up og konsert
42. Kino men også koncert med musikkskolen og dsnseverksted.

4.1.6 Korleis opplever du Sogndal kulturhus som bygg?

Tal svar: 743



Vekta gjennomsnitt av vurderingar på skalaen 1 – Heilt ueinig, 2 – Litt ueinig, 3 – Verken ueinig, eller einig, 4 – Litt einig, 5 – Heilt einig.

4.1.6.1 Utfyllande kommentarar

Innhaldslause svar har blitt fjerna. Nummera er berre til hjelp, dei heng ikkje saman med nummerering andre stader.

1. Syntes det fungere bra i kultushuset med ganske oversiktilige områder hvor det er lett å finne frem til hvor man skal være.
2. Eg har ikke brukt kulturhusets mye, men eg følger med via Facebook
3. Synest dere er helt supre. Godt jobba:)
4. Det er skitne toalett , særleg på handikap toalett! Og i gang ned til parkeringskjeller. De bør fylle på med planter der det no berre er jord eller pyntesteinar! Ser sjuskete ut når du kjem inn frå kjellaren!
5. Litt for domminerande poppkornlukt i heile huset (andre etasje).
6. Mangla "oppdressa", tilgjengeleg vertskap på større arrangement. Gode litt eldre filmar, med topp skuespelarar. Åpne Blåboken, selje eit glas vin, mineralvatn t.d. ved fine støtte arrange mang. Det er bra at det er Resturant i 1.etg.
7. Veit lite om samspelet, men eg tykkjer me har eit flott kulturhus med mange fine tilbod.
8. Toalett er dårleg opplevelse, trange båser, lause toaletteringar, ofte litt grisete (ikkje reinhaldspersonale si skuld, men dei som brukarar som ikkje ryddar opp etter seg)

9. Samspel???
10. Flott tilbud med restaurantbesøk i forkant/etterkant av show.
11. Bor i Bergen. Har vært på konsert/teater 3 ganger. Alltid likt meg, kommer igjen når vi finner noe inntrasant .
12. Det kunne gjerne være mer informasjon om "kva sker i Kulturhuset" f.eks. på infoveggen til butikkene i Kaupanger. Men særlig er det viktig at infoen på nettet for Kulturhuset er tydelig. F.eks. kunne man komme kjøpt inn på en førsteside på hjemmesiden som hadde punktene under arrangement: Kino, Bibliotek, Underholdning etc - og at man derfra kunne klikke seg videre f.eks. til de ulike filmene og tidspunktene for filmer etc.
13. Kulturhuset er topp
14. Kald, tannlaus interiør i inngangspartiet. Får ikkje den varme og inviterande følelsen ein forventar når ein åpnar dørane til eit kulturhus.
15. Ganske bra alt i alt
16. Toaletta er mikroskopiske!!
17. God marknadsføring av arrangement i kulturhus bladet, men det er ikkje lett å leite fram kinotider fram i tid på nettsidene dykkar.
18. Får aldri med meg at det er arrangement der.
19. Det bør bli reinare frå inngang garasje og opp til takmøne. Mykje gamal jord (blomsterbede) bør vekk. Større doavlukke på damedoen. Ser fram til å jobbe vidare saman med alle på huset.
20. Lite koselig fellesområde, slitt og møkkete. Negativt å ha NAV i bygget. På dagtid hverdag er det mange fra norskundervisning som "henger" som gjenger i fellesområdet og mange som røyker utenfor. Ikke koselig å besøke biblioteket pga dette.
21. Dametoalett treng renovasjon! Alt for små!
22. Vi bur i Førde, men følger kulturhuset på Facebook. Der får vi med oss det viktigste, men som regel sjekkar vi kinoprogrammet.
23. Flott service
24. Ledsagerbilletter for de som har rett på dette er helt umulig og få tak i på en god måte og frekke argumenter som at de er gratis billetter bør slås hardt nedpå ettersom folk med dette har behov for dette og ikke dette på gøy og har derfor rett på at det derfor legges til rette for en lettere måte og få tak i disse på og med respekt i fra dere
25. Toalettbåsaner på damedoen er for små
26. Veit ikkje noko om samspelet mellom aktørar. Bra personale, oversiktleg og ryddig lokale og heimesider/brosjyrar, men er alltid forbettringspotensiale i slikt!
27. Kanskje meir kino- reklame gjennom t.d instagram/snapchat.
28. Saknar eit lokale med servering/bar og liten scene til bruk både for mindre konsertar/teater/biblioteksarrangement og anna.
29. Burde vore eit betre system for å sjå kinoprogrammet fram i tid på heimesida.
30. Ble litt nervøs da jeg så tilstanden til i-phone laderne i kiosken. Disse bør skiftes til noen uten hull i kabel.
31. Skiltinga i høve kvar dei ulike salane/romma/instansane befinn seg, kunne kanskje vore litt betre. Kan virke litt uoversiktelege viss ein ikkje kjenner bygget godt.
32. Syns det er dårleg reinhald på huset. Spesielt trappegangen frå parkeringskjellar og opp + toaletta. Mange som parkerar i kjellaren og det burde vore litt trivelagre på veg opp til kino/konsert.
33. Har ikkje noko å klage på når det gjeld bygget.
34. Trange og smale toalettforhold, vanskelig å finne fram til Kulturskolen (skilting?), ofte problem med heisen, trangt «bak» scena.

35. Litt vanskeleg å finne sal 2 og 3 når ein ikkje er kjend.
36. eg synstest alt er ganske bra
37. For små og rotete toalett, litt dårleg merking til dei ulike kinosalane. Trangt i kiosken. Sjølve salane har blitt veldig bra.
38. Eg elske kulturhuset mitt.
39. Vel fungerande!
40. Veldig trange toalett
41. Alltid kjekt å koma i kulturhuset !
42. Glad me har eit so fint tilbud her i Sogndal. Stao no pao!
43. Jamnt over godt.
44. Har ikkje nytta alle desse.
45. Har ikkje noko å utsetje på det.
46. Veldig varierende
47. Marknadsføring er bra, men det kan alltid bli betre.
48. Kulturhuset burde ha eit større kulturelt samfunnsansvar og støtte opp om lokale kulturarrangement og lokale krefter. Vi som bur i Sogndal må vera på same lag og byggja kvarandre opp, bli gode saman. Enno meir enn vi gjer.
49. Flott med kombinasjon Malin og Sogndal kulturhus.
50. Svært flott kino! Men bedre skilting hadde gjort underverk. F.eks sal 2 og 3 har uintuitive inngangar. Kva med kontinuerlig golvmerking frå billettbus/kiosken til salane? Evt. store lavhengande skilt i fellesområdet? Bør være rimelig og effektivt.
51. Burde laga ny do, eg som jente, litt overvektig, hater jentedoen, pga du omtrent ik får plass inn på doen, omtrent ik fåf tørke seg uten å slå seg i døra, veggene, so eg ønsker meg på det sterkeste bedre plass på doane, eg kan ærlig si eg bruker handikap doen, sida eg omtrent ik får plass på dametoalette, så det er dårlig,
52. Større plass på toaletta!!!
53. Planløysinga på huset er dårleg og det burde ha vore betre/tydelegare informasjon om kvar du finn ulike institusjonar.
54. Det store problemet synest å vera økonomi som det viktigaste hinderet for meir aktivitet, og større breidde i tilbodet.
55. Har skjedd fleire gonger at heisen ikkje fungerer. Dette gjer det utfordrande å ta med seg eldre folk eller andre som ikkje er gode til beins. Ikkje så lett framkommelegheit i Kulturhuset. Altfor små toalett.
56. Korleis skal personar som ikkje jobbar på Kulturhuset vite det?
57. Reint og ryddig; Skitent på toalettområda. Ureine lister og kråer, oppetter veggane, rundt vaskar mm. Svært trangt og det heile dette framstår uhygienisk.
58. Det er reint og ryddig, og personale er svært hjelpsame.
59. Pga lang reiseveg er eg ikkje så ofte på kino som eg har lyst til.
60. Kinoen er veldig bra.
61. Flott sted for ein flott opplevelse
62. Restaurant?? Sogndal songlag set stor pris på å få vera på Kulturhuset, og på samarbeidet med Kulturspiren! Ja til meir samspel mellom aktørar! Dei verkar altfor lausrivne frå kvarandre no.
63. De bør bli flinkare til å variere, og både vere ein stad for å utvikle nye talent innanfor mange kulturuttrykk, og presentere nasjonale og internasjonale størreleser.
64. Syns dei nye stolane i storsalen er ubehaglige å sitte i, og det er blitt veldig trangt.
65. Stortsett fornøyd.

66. Veldig flott lokale, eneste toaletta som med fordel kunne vært større avlukke på. I alle fall på dametoalettet
67. Har sett lite av tilbudene i sosiale medier og slikt. Primært googlet meg frem til kino. Synes også det burde være et litt mer moderne booking og billettsystem.
68. Syns at kulturhuset har eit svært godt og variert program for unge og gamle
69. Veldig trangt på inne på selve dametoalettene
70. Vi har vært på flere konserter, på 50 års jubile om månelanding. På Aamodt show. Mye bra!!
71. Ble annonsert stolpremier under den store kinoendagen; det gjaldt tydeligvis ikke skrekktimene
72. Gamle toalett, ikkje alltid reint
73. Svært skittent og nedslitt, pinleg! Vanleg reinhald virke å være gitt opp og støv og skit overalt. Dette er lett å fikse med litt insats og det er veldig rart at ikkje det er blitt gjort. Døme- dei fine fuglebroderia på veggen i trappa opp frå inngangen til foajeen, det ligg centimeter m gammal skit på topen! Snakkis på bygda!
74. Reinhaldet i fellesområda er for dårleg.
75. Ikkje så god marknadsføring av biblioteket sine arrangement
76. mangel på personal , eller åpningstid.
77. Biblioteket er eg ein fast brukarar av i tillegg. Det kunne blitt lyfta som ein møteplass i den nye kommunen. Kvifor er ikkje servicetorget der? Trur her er enda fleire moglegheiter.

4.1.7 Er det tilbud du saknar eller skulle hatt meir av i Sogndal kulturhus?

Tal svar: 208

Svar av type «ja», «nei» har blitt fjerna. Nummera er berre til hjelp, dei heng ikkje saman med nummerering andre stader.

1. Saknar konserttrekkjene som har vore i Blaoboxen tidlegare år. Det hadde også vore kjærkome med meir teater for born og unge
2. Konsertar av kjende artistar
3. Bowling.
4. Det hadde vært stillig hvis det hadde vært noen retro film visninger hvor der spilte gamle film klassikere som heat, gudfaren, american psycho osv.
5. billigare biletter til kino sal
6. Barneteater
7. utstillingar, kunst
8. Nei, det virker variert på meg
9. Smal kino
10. Konsert og kjende forfattarar på biblioteket
11. Enda mer teater! Savner standup.
12. Meir kiosk
13. Eg saknar ein filmklubb. I tillegg skulle eg ønskje Sogndal kino tilbydde filmer som kanskje ikkje er så kjende.
14. Bedre seter og 3D/4D for kino i storsalen
15. Flere formiddagsfilmer og flere direkte overførte operaer o.a. ("live") fra andre steder.
16. T.d. brettspel-laurdag eller ein kveld i BlaoBoxen
17. Varierte foredrag
18. Gje plass til ungdomen, og meir barnearrangement. Gje plass for dei aktivitetene som høyrer til eit kulturhus. T.d. flytte ut aktivitetar i Solhov, og inn i kulturhuset. Vurdere

- huseleiga. Eg reknar med at huset er nedbetalt etter så mange år. Organisasjonar, barn og ungdom måååå få "levleg husleie. Det er ledige lokale i Sogndal sentrum for offentlege og andre leigetakarar. Det er godt for næringslivet. Kulturhuset bør holde seg til kulturen. Saknar t.d. Sogndal Kunstlag. Dei fekk aldri ein plass å vere.
19. Meir variert utvalg av filmar på kinoen, spesifikt gamle filmar. Tenk til dømes at det er 50 år sidan ein Hollywood-klassikar kom ut. Då kunne de hatt ein jubileumsvisning og gjort det heile litt ekstra staseleg. Film er best på kino, som det heiter, og difor er eg sikker på at folk vil koma for å sjå gamle filmar, ikkje berre nye; forutsatt at marknadsføringa er god nok.
 20. Fleire konsertar i Blaoboxen, kanskje ...
 21. Kinoprogram i kinobladet
 22. Lågterskeltilbod til barn og unge. Dyr leige av lokale, og lite tilgjengeleg rom/utstyr for lågterskel aktivitet.
 23. Opera
 24. Faglege, opne seminar om ulike emnem a la Senioruniversitetet, med gode fagfolk frå ulike fagområde. Helse, klima, eldreomsorg, framtidens digitale kvardag osv
 25. Filmer for voksne, også kvinner. De nye stolene er heller ikke gode! Direkte vonde!
 26. Bokbad, fleire opplesingar i biblioteket. Endå fleire konsertar. Fleire "smale" kvalitetsfilmar
 27. Fleire konserter
 28. Meir stand up og konsertar.
 29. Siden vi er i Kaupanger/Sogndal om sommeren også, ville vi gjerne ha flere arrangementer også da. Gjerne foredrag på biblioteket.
 30. Nei. Litt for einkvar smak. Eg ser og høyrer det eg får tid til. Kvardagen er hektisk
 31. Stand up Symfoniorkester
 32. Kanskje en felleskomiteen for skola, som en «kulturell skolesekk»
 33. fleire konsertar og teater
 34. Fleire store konsertar
 35. Bowling
 36. Kunstutstillingar er noko eg saknar i Sogndal kommune og det bør vel passe inn i eit kulturhus
 37. Amatørteater
 38. Flere filmtilbud på kino.
 39. Barnekinoar og babykino
 40. Meir konsertar av kjende band t.d Morten Abel, DDE, Hellbillies osv.
 41. Show
 42. Savner bowling banen
 43. Leigeprisane lyt vere på eit nivå som gjer at ikkje berre kommersielle kjendisar har moglegheit å framføre i Kulturhuset. Det bør avsettast eit fast og større antal dagar og helgar pr år med redusert leigepris til arrangement med lkoale krefter.
 44. Møteplass/ungdomsklubb for lokal ungdommer.13-18.år.
Spel/dans/musikk/kiosk/kjøkkenopplæring med voksne, eksempel:
pizzaboller/boller/kakao.sy/strikking++lista er lang 🤦
 45. Stand-up!
 46. Konsertar.
 47. Mer sjangerbasserte konserter i Storesalen. Jeg savner mer Blues, rock and roll.. Jeg ser for me meg det kan være et godt konsertlokale om man hadde hatt litt ståplass fremme ved scena. Så her kunne det ha spilt musikk i alle sjangere, alt i fra popmusikk til metalmusikk.
 48. Litt meir filma Meir sånn halv pris daga får ein kinobillett/ ta med deg ein
 49. Konsertar, meir frå ulike sjangrar som jazz og klassisk

50. Stand up.
51. Smalare, alternative kinofilmar
52. konsertar, stand-up
53. Konsertar retta mot barn.
54. Veldig fornøgd med både tilbod av kino, teater og stand-up show!
55. Nei, ikkje noko eg kjem på no :)
56. Eldrekafe. Kino for eldre på dagtid i samarbeid med SHOS og Vg.Skule.
57. Kanskje ein kunne laga kinopakkar? Rabatt på feks mat eller kino når ein gjer begge deler same dag?
58. Nei, fortsette å halde moro og kreative kulturspira. I tillegg laga til leikat under kinodagen og større kinopremierar
59. Revyer , foredrag
60. Fleire barneteater av god kvalitet slik som riksteateret
61. Konserter
62. Foredrag
63. Ledsagerbevis innehavere bør ha lettere tilgang på ledsager billetter ettersom at man ikke skal se på dette som en gratis billett men som et behov for de som har rett på dette her . I en mørk sal er det farlig og skadelig for andres øyner om det ikke innføres restriksjoner på rett mobilbruk i en mørk sal under konserter og andre ting
64. Større toalettbasar på damedoen
65. Det har alt eg har tronge og treng i eit kulturhus, iallefall.
66. Klassiske konserter m a symfonikonsert meg Bergen filharmoniske, ikke bare nyttårskonsert med klassiske svsker og for mye prat.
67. E-sport konkuransar
68. Ungdomsklubb
| > 11 Driftsutgifter | 2 260 | 3 031 | 3 082 | 3 169 | 3 731 | 3 982 | 5 166 |
| > 12 Utstyr og vedlikehold | 110 | 195 | 172 | 336 | 288 | 338 | 318 |
| > 13 Kjøp av tenester | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 8 | 15 |
| > 16 Salgsinntekter | -6 842 | -7 090 | -7 170 | -7 602 | -8 069 | -8 492 | -9 693 |
| > 17 Refusjoner og tilskot | 0 | -89 | -30 | -30 | -30 | -30 | -30 |



Rekneskap 2013-2019*

(eks. interne overføringer og avskrivninger i 1000 kr)

| Liste: Gruppe art - Art - Ansvar - Teneste | Rekn 13 | Rekn 14 | Rekn 15 | Rekn 16 | Rekn 17 | Rekn 18 | Rekn 19 |
|--|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| ALLE | 1 496 935 | 3 792 621 | 3 408 525 | 2 019 616 | 2 774 309 | 2 895 634 | 2 510 733 |
| > 10 Lønn | 4 744 478 | 5 383 320 | 4 527 485 | 5 211 188 | 5 693 280 | 5 791 490 | 4 552 226 |
| > 11 Driftsutgifter | 3 426 076 | 3 387 493 | 3 652 223 | 3 960 891 | 4 256 686 | 5 657 351 | 3 800 305 |
| > 12 Utstyr og vedlikehold | 211 234 | 873 443 | 2 519 293 | 972 054 | 748 577 | 615 169 | 496 635 |
| > 13 Kjøp av tenester | 0 | 0 | 0 | 0 | 6 874 | 11 747 | 6 603 |
| > 14 Overføringer | 115 446 | 78 067 | 130 361 | 174 839 | 133 400 | 127 146 | 140 437 |
| > 15 Finansutgifter | 481 | 0 | 490 | 1 305 | 53 872 | 4 806 | 125 |
| > 16 Salgsinntekter | -6 454 311 | -5 607 691 | -7 163 842 | -8 125 817 | -7 527 029 | -8 546 312 | -6 278 930 |
| > 17 Refusjoner og tilskot | -546 470 | -322 011 | -256 484 | -174 843 | -449 351 | -762 647 | -206 667 |
| > 18 Overføringsinntekter | 0 | 0 | -1 000 | 0 | -142 000 | 0 | 0 |
| > 19 Finansinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 115 | 0 |

*Rekn 19 – per 20.10.19

Lønsutgifter – rekneskap 2013-2019*



| Liste: Gruppe art - Art - Ansvar - Temeste | Rekn 13 | Rekn 14 | Rekn 15 | Rekn 16 | Rekn 17 | Rekn 18 | Rekn 19 |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| ALLE | 1.496.335 | 3.792.621 | 3.408.525 | 2.019.616 | 2.774.309 | 2.895.634 | 2.510.731 |
| > 10 Lønn | 4.744.478 | 9.383.320 | 4.527.493 | 5.211.188 | 5.693.289 | 9.791.490 | 4.932.226 |
| > 10100 Fasteløner | 1.914.852 | 2.136.622 | 1.637.349 | 1.873.096 | 2.287.171 | 2.204.880 | 2.141.691 |
| > 5140 Kulturhuset | 921.875 | 1.315.715 | 1.196.558 | 1.179.843 | 1.518.885 | 1.383.561 | 1.493.463 |
| > 5300 Voss komm. kino | 942.978 | 820.907 | 440.791 | 693.253 | 768.287 | 821.320 | 648.228 |
| > 10102 Fasteløstegg (8-trinn) | 163.934 | 109.616 | 123.246 | 188.795 | 214.507 | 263.359 | 243.393 |
| > 10103 Kvelds- og helgedagstilf. | 115.149 | 126.017 | 108.068 | 63.117 | 53.175 | 66.783 | 52.452 |
| > 10200 Fast vikar | 67.782 | 184.610 | 14.311 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| > 10202 Vikar v/lykdomm m/ufef. | 10.142 | 19.629 | 26.321 | 0 | 10.832 | 81.101 | 0 |
| > 10203 Vikar v/ferie | 0 | 26.384 | 0 | 11.556 | 11.207 | 92.253 | 49.730 |
| > 10205 Vikar v/anna perm,m/vlan u/ufef. | 22.749 | 14.426 | 0 | 9.253 | 1.827 | 10.796 | 14.884 |
| > 10207 Vikar kvelds- og helgedagstilf. | 42.442 | 35.815 | 55.828 | 47.363 | 62.519 | 110.574 | 37.994 |
| > 10209 Omgj. barn bilde utvakt | 83.245 | 70.660 | 110.329 | 23.351 | 12.498 | 27.542 | 0 |
| > 10300 Ekstrahjelp | 308.579 | 289.112 | 476.905 | 269.919 | 218.596 | 205.098 | 52.240 |
| > 10400 Overtid | 113.239 | 110.052 | 63.223 | 175.200 | 188.845 | 171.152 | 20.643 |
| > 10500 Annen løn | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3.884 |
| > 10513 Forskjøve arbeidstid | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1.802 | 1.023 |
| > 10518 Lønner kurs | 0 | 0 | 0 | 21.378 | 0 | 0 | 0 |
| > 10519 Naturolyt/trikkpl/godtgj. | 556 | 599 | 495 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| > 10522 Telefon trikkpl. | 4.600 | 4.294 | 0 | 12.952 | 8.552 | 12.176 | 7.686 |
| > 10750 Lønn reinnald | 628.447 | 891.213 | 943.956 | 1.058.851 | 1.093.858 | 920.292 | 818.321 |
| > 10752 Reinnald vikar m/ufef. | 78.752 | 264 | 0 | 0 | 29.298 | 6.291 | 0 |
| > 10753 Reinnald kvelds- og helgedagstilf. | 29.317 | 94 | 10.558 | 15.746 | 14.901 | 18.575 | 14.636 |
| > 10755 Reinnald vikar u/ufef. | 91.925 | 0 | 0 | 3.936 | 891 | 3.936 | 0 |
| > 10756 Reinnald ekstrahjelp | 828 | 0 | 0 | 66.793 | 125.498 | 85.872 | 32.333 |
| > 10757 Reinnald vikar kvelds- og helgedag | 18.651 | 48.813 | 30.201 | 34.315 | 36.343 | 41.216 | 14.046 |
| > 10758 Reinnald ferievikar | 13.328 | 0 | 0 | 846 | 25.100 | 22.872 | 16.194 |
| > 10759 Reinnald overtid | 4.251 | 0 | 7.285 | 7.989 | 15.905 | 5.315 | 6.208 |
| > 10901 Klp fellesordning 18 | 800.253 | 676.275 | 596.930 | 660.270 | 680.961 | 690.384 | 682.620 |
| > 10904 Gruppeliv/utvikkesforskr | 6.221 | 7.129 | 5.739 | 5.893 | 9.930 | 9.872 | 7.813 |

*Rekn 19 – per 20.10.19

Driftsinntekter – rekneskap 2013-2019



| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| > 16 Salgsinntekter | -6 454 311 | -5 607 691 | -7 163 842 | -8 125 817 | -7 527 029 | -8 546 312 | -6 278 930 |
| > 16000 Brukerbetaling | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -19 789 | 0 |
| > 16200 Avgiftsfritt sal | -10 535 | -38 650 | -24 913 | -111 908 | -35 235 | -353 577 | -34 750 |
| > 16201 Diverse inntekter | -15 610 | -28 614 | -15 331 | 0 | -20 681 | -80 | -5 305 |
| > 16203 Billøstinntekter | -2 800 | 0 | 0 | 0 | -7 275 | 0 | 0 |
| > 16204 Diverse inntekter | -18 376 | -69 370 | -3 175 | -6 978 | -5 225 | -94 875 | -108 455 |
| > 16210 Utenrettsleige omkostninger, tariffmessig s | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -28 100 | 0 |
| > 16215 Kaffi-lading ladekort | -7 700 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| > 16290 Billøst inntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | -60 | 0 | -1 675 |
| > 16291 Billøstsal i kommisjon | -491 670 | -388 190 | -1 074 385 | -807 873 | -860 378 | -1 893 002 | -1 539 500 |
| > 16300 Husleigeinntekter | 0 | 0 | 0 | -7 500 | 0 | -41 950 | -179 720 |
| > 16301 Utleige av lokale | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -200 |
| > 16302 Utleige av lokale | -839 340 | -811 591 | -962 440 | -1 342 337 | -877 953 | -519 550 | -568 005 |
| > 16500 Avg.pl.sal | -691 295 | -618 328 | -590 397 | -692 080 | -761 253 | -459 231 | -573 824 |
| > 16501 Ymse avg.pl Sal | -1 065 841 | -926 205 | -1 259 758 | -1 349 928 | -1 493 125 | -1 555 723 | -1 026 857 |
| > 16502 Sal teneste avg.pl | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -900 | 0 |
| > 16503 Bill sal kino avg.pl | -3 247 471 | -2 662 143 | -3 221 601 | -3 760 467 | -3 452 706 | -3 554 002 | -2 232 454 |
| > 16505 Innt. verkstaddrift | -3 947 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| > 16508 BILL INNT.PANAORAMA FILM | -55 726 | -60 209 | -11 843 | -46 747 | -5 086 | -12 357 | -500 |
| > 16909 Motpost telefongodtgj. | 4 000 | -4 392 | 0 | 0 | -8 052 | -13 176 | -7 686 |

USF – VERFTET

Vi vart tekne i mot av den daglege leiaren Ivar Chelsom Vogt, og fekk ei grundig orientering og driftskonsept og driftsmåtar og ei omvising på huset.

USF – Verftet er svært forskjellig frå Sogndal kulturhus, ligg sentralt i Bergen og har eit stort marknadsgrunnlag. Det er ein gamal sardinfabrikk som er ombygd til eit allsidig kulturhus og lokalitetar for kulturorganisasjonar, kunstnarar og kreative næringar. Om lag 200 personar har arbeidsplass her. Det Bergens store kultur- og scenehus, og også landets største samlokalisering av kunst-, kultur- og kreative verksemder. Her er fleire store konsertlokale, kinosal av høg kvalitet, dansesal, galleri og andre rom for utleige. Stiftelsen Kulturhuset USF er ei stifting, med eit breitt samansett og kompetent styre, som har fått offentlege investeringstilskot og som har driftstilskot frå Bergen kommune (og noko lite frå fylkeskommunen). Stiftinga eig ikkje bygget, men leiger hjå Norwegian Preserving AS, som eig bygningen. Den driftar alle scenene, driv utleige av areal. Her er også restaurantdrift, med uteservering og servering i ulike konsertloke. Det vert drive av eit privat eksternt selskap og har ein omsetningsbasert husleigeavtale med USF. Stiftinga har ein omsetnad på om lag 20 mill. kroner og har ei eigeninntening på om lag 75%. Lokala er godt lydisolerte og det er muleg å ha mange ulike aktivitetar i huset samstundes.

Dei har eit svært samansett publikum, og eit breitt spekter av arrangement og festivalar, inkludert familiearrangement og arrangement for born. Dei leiger også ut lokale til øving og «preproduksjon» for artistar. Då vi var der arbeidde Lars Vaular med ein slik preproduksjon framfor ein komande norgeseturné.

Stiftinga USF driv i svært liten grad egne arrangement, men legg til rette for andre arrangørar, er gjerne initiativtakarar til nyskapande konsertar og har ei fleksibel prising på utleige. Lokala er svært godt teknisk utstyrt og stiftinga har kompetent teknisk personale. Dei har også booking-personale som primært arbeider opp mot andre arrangørar, og som dei støttar opp om etter behov.

Dei legg svært stor vekt på å vera gode arrangørar og ha god arrangørkompetanse. Dette inneber gode «backstage»-forhold for artistar med garderobar, opphaldsrom, dusjar og vaskerom med mulegheiter for klesvask.

Dei legg også vekt på prosjektutvikling, og har eige personale til dette. Dei har eit godt samarbeid med Bergen kommune, og vert ofte nytta som kommunens reiskap for prosjekt knytt til kunst og kulturfeltet.

Slik eg oppfatta det la dei vekt på å ha ei fleksibel bruk av personale, slik at den kompetansen dei hadde også kunne koma brukarar utanfor huset til gode. Noko av det viktigaste eg fekk ut av besøket her var betydninga av å ha god «arrangørkompetanse» i vid forstand, og tenkinga om at denne kompetansen kunne brukast til hjelp også i samanhengar utanfor USF.

Dei vurderte gallerirommet – visningsrommet for visuell kunst – som eit svært viktig tilbod.

OSEANA KUNST & KULTURSENTER

Den siste staden vi besøkte var Oseana kunst- og kultursenter på Os. Her vart vi tekne i mot av dagleg leiar Ole Tobias Lindeberg, som også er styreleiar i organisasjonen Norske kulturhus.

Oseana er eit praktfullt bygg som stod ferdig i 2011. Senteret er finansiert i eit offentleg-privat spleiselag mellom Os kommune, Hordaland fylkeskommune, Grieg Foundation, næringsaktørar i Oseanalaugget og andre private gjevarar. Det starta opphavleg med ein plan om byggja eit mindre kunstmuseum for Per Grieg sr. si kunstsamling.

Huset er organisert som eit kommunalt føretak, med eit eige styre, men med rekneskap ført av kommunen.

Huset inneheld stor sal med 493 sitjeplassar i amfi, som også kan fjernast slik at ein får flatt golv. Her er stor foaje, som også vert nytta til kulturarrangement, ein stor sal med direkte utgang til brygge og uteservering. Denne salen vert nytta både til konsertar, og andre arrangement, til kunstutstillingar, og til utleige for private arrangement. I tilknytning til denne ligg Oseana Kafé & Restaurant, som er privat driven og har ansvaret for all servering på huset, med forholdsvis låg omsetningbasert husleige. Denne restauranten kan også driva booking og leiga ut lokale (på vegne av Oseana). Utleige av lokale til konferansar, og private arrangement er viktig for Oseana.

Elles har kulturskulen lokale i Oseana, og dei har eigen dansesal.

Oseana er «klimafyrtårn» og har både store solcellepanel og vassbasert varmpumpe. Dei analyserer også nøye sitt eige energiforbruk og klimaavtrykk, og har fått laga korte «reklamefilmar» som formidlar klimarelevant info med utgangspunkt i huset. Er opptekne av at dei kan påverka publikum.

Det som gjorde mest inntrykk ved besøket her var å høyra om den omfattande prosjektverksemda dei hadde. Her verkar det som dei har vore svært kreative og nyskapande.

Vi vart fortalde om fleire spennande prosjekt:

Formidling mot skuleverket

Pedagogar som arbeider i kulturskulen på huset formidlar innhald i kulturhuset til skulen.

Friskkunst

Kvart år blir alle 4. , 6. , 8. og 10. –klassingar i Os kommune inviterte på besøk til Oseana kunst- og kultursenter. Det er ein del av Oseana sitt formidlingsprogram og er eit samarbeid mellom kulturhuset, Os kommune og Kavlifondet. Tanken bak prosjektet er at i løpet av eit tiårig skuleløp skal alle elevar i Os kommune besøke Oseana 4 gonger, og delta i ulike kunst- og kulturprosjekt knytt til eksisterande aktivitet på kultursenteret. Alle prosjekta er obligatoriske og skjer i skuletida, og tek utgangspunkt i fagplanane for dei enkelte alderstrinna.

(Dette prosjektet er no rulla ut som eit nasjonalt prosjekt i regi av Norske kulturhus)

OseanaLIVE

Konseptet for dette prosjektet er å streama arrangement (konsertar og anna) til alders- og sjukeheimar eller andre helsesinstitusjonar kringom i heile Norge. Dette er lukka streaming og dei

fleste artistar tykkjer det er eit godt tiltak. Det er gratis for brukarane og også dette er finansiert av Kavlifondet.

Elles hadde dei spesielle opplegg for folk med demens, danseprosjekt (kunstdans) for seniorar, og var vertskap for senioruniversitetet.

Ein bakgrunn for denne prosjektaktiviteten var at dei hadde stilt seg spørsmål som: kven skal vi driva for? kva er vi til for? Dei ynskte å gi noko att til samfunnet. Desse prosjekta er også med å gi Oseana eit svært godt omdøme, både hjå folk flest og hjå politikarar. Oseana får kvart år 6 mill. i «udefinert» driftsstøtte frå kommunen. Dette dekkar husleige for kulturskulen og 50% av husleige for frivillige organisasjonar.

Dei har ein del sponsorstøtte, men har erfart at denne å knytast til prosjekt (eller arrangement), ikkje til drift. Dei har eit godt samarbeid med Kavlifondet, og også med Sparebankstiftelsen DnB.

Elles hadde Oseana strategiplan, og styre og tilsette hadde felles strategimøte.

OPPSUMMERING AV MØTE MED DEI TILSETTE I SOGNDAL KULTURHUS A/S, 13.02.2020

Til stades: Dagfinn Rude Johannesen (delar av møtet), Karoline Eggum Lerum, Jan Terje Nondal, Tor Uglum.

Det vart snakka ein del om ulike organisasjonsmodellar. Dei tilsette gav uttrykk for at dei var rimeleg nøgde med den modellen dei har no, fordi den er ubyråkratisk, gir relativt stor fridom, og mulegheiter for å bruka personalet svært fleksibelt og effektivt. Dei er redde for at dette kan gå tapt ved ei tettare oppkopling mot kommunen og den kommunale forvaltninga. Samstundes er dei klare på at den stramme økonomien er ein hemsko for arbeidet, og alle aktivitetar er styrte av omsynet til inntening.

Driftsoppgåver, både knytt til eige areal og til fellesareal, tek mykje fokus, og alle er i større eller mindre grad involverte i det. Dei meiner kulturhuset A/S utfører meir arbeid for huseigar enn ein får betalt for, og at driftsavtalen bør reforhandlast, også ved å sjå på om det er fleire oppgåver huseigar sjølv kan ta ansvar for. Sidan kulturhuset har driftspersonale, vert det også til at desse må utføra arbeid for andre leigetakarar, sjølv om det ikkje er deira ansvar.

Dei tilsette uttrykte misnøye med huseigar. Dei oppfattar det som vanskeleg å få huseigar til å oppfylle sine plikter i drifta av huset. Skiltinga i huset er t.d. svært mangelfull. Dei påpeikar også manglande generelt vedlikehald. Huset er no snart 30 år gammalt, og det tek til å visa mange stader. Innkostpartiet frå parkeringskjellaren gir t.d. eit dårleg førsteinntrykk. Etterslepet på vedlikehald gjer også dei daglege driftsoppgåvene utført av driftsselskapet meir utfordrande.

Dei tilsette har også problem med at det er for lite lagerareal både knytt til Storsalen og scenen, og til Blaoboxen.

Vi snakka også ein del om sambruksproblematikken med norskopplæringa. Denne gjeld primært Blaoboxen. Rydding og tilrettelegging for kulturarrangement og/eller utleige er arbeidskrevjande, og det at Blaoboxen no primært er klasserom, gjer at Blaoboxen ikkje er særleg eigna for kulturarrangement.

Det gir også driftsmessige utfordringar med folk frå mange ulike kulturar som faste brukarar av huset. Det er t.d. ulike former for toalettkultur, og bruk av vestibyleareal som bønerom.

Det er også noko frustrasjon over at kulturskulen får brukar Blaoboxen utan å betala leige, men likevel slik at det er driftsselskapet som må ta arbeidet med tilrettelegging.

Blaoboxen er no relativt mykje utleigd til private arrangement. Det gir leigeinntekter, men er også arbeidskrevjande, og det kan stillast spørsmål ved om dette er ei primæroppgåve for kulturhuset.

Personalstaben er på eit minimum. Brukarar av huset. Både publikum og gjestande artistar forventar eit høgt servicenivå, som det ofte er vanskeleg å stetta. På spørsmål om kva type kompetanse ein kunne ynskja seg om staben vart utvida vart det nemnt både teknisk kompetanse på styring av lyd og lys (særleg om ein fekk faste PA-anlegg både i Storsalen og Blaoboxen, som dei meiner dei burde ha). Det er også behov for meir kapasitet og kompetanse som arrangementsvertar. No må ein stundom avvisa arrangement fordi ein ikkje har kompetent personale til å ta hand om det praktiske arrangørarbeidet, enten dette gjeld turnerande artistar eller lokale organisasjonar.

Dersom ein ynskjer at kulturhuset skal bli ein meir aktiv kulturarrangør, trengst det også meir kapasitet på bookingsida.

Vi snakka også ein del om marknadsføring. Kulturhuset gjer ein del marknadsføringsjobb for folk som leiger salen, utan at det vert betalt for det. Det kunne vera ein obligatorisk del av leigeavtalar at det også vart betalt for marknadsføring t.d. i Kulturhusbladet, som no kjem ut tre gonger i året. Dette er eit felt som er i stadig endring, særleg knytt til digitalisering. Her skulle ein også ynskja seg meir kapasitet og kompetanse.

OPPSUMMERING FRÅ MØTE MED REKTOR FOR NORSKOPPLÆRINGA, ELISABETH NORMANN, 27.02.2020

Norskopplæringa leiger ein del lokale i 1.etasje i kulturhuset frå Sogndal kulturhus A/S, gjennom framleigeavtale, og lokale andre stader i huset gjennom direkte leigeavtale med Sogndal kommune. Dei vart «tvangsflytta» til kulturhuset etter at høgskulen flytte ut, og det var ein god del turbulens kring denne flyttinga. Dei areala norskopplæringa leiger hjå Sogndal kulturhus er, i følgje kontrakten, fleirbruksareal. I praksis er det Blaoboxen og ein kinosal som vert sambrukt, og det er Blaoboxen det knyter seg flest problemstillingar til. Dette arealet vert disponert av norskopplæringa mellom 08:30 og 15:00 på kvardagar.

I starten vart sambruken av lokale oppfatta som problematisk av norskundervisninga, men dette har gått seg til, og no meiner rektor at dette for deira del fungerer bra. Både norskopplæringa og kulturhuset opptre fleksibelt, og tilpassar seg kvarandre sine behov. Det er likevel mykje utstyr som stadig må flyttast på, og det er eit problem at det ikkje kan hengast opp noko på veggene.

Samla sett ha norskopplæringa tilstrekkeleg areal i kulturhuset, bortsett frå at dei har liten lagerplass. Men dei er ikkje nøgde med kvaliteten på lokala. Største problema er knytt til luftkvalitet - ventilasjon og mangel på kjøling. Blaoboxen er t.d. for varm når det er varmt, og for kaldt når det er kaldt. Det eine klasserommet i andre etasje deler luft med Storsalen, og sidan det heller ikkje har vindauge, må det stundom stengast. Det er også problem med lydisolering, både mellom Storsalen og ein del kontor, og mellom øvingsrom for kulturskulen og ein del kontor. Av andre manglar ved huset nemner dei lekkasje frå ein del takvindauge og stundom skjemmande kloakklukt frå kjellaren.

Det er også eit problem for norskopplæringa at dei må drifta sitt store areal i kulturhuset utan vaktmeisterhjelp. Dei får noko hjelp frå Sogndal kulturhus sin vaktmeister, sjølv om dette ikkje ligg innanfor hans ansvarsområde. I leigeavtalen heiter det at «Klasserom 1 og 2, samt kinosal og kantine må om ikkje anna er avtala vera rydda og klare til bruk av Sogndal kulturhus AS innan kl. 15.00 kvar dag». Det er truleg litt ulike tolkingar av korleis dette skal forståast. I følgje tidlegare rektor, som var med på å gjere avtalen, skulle klasseromma vere ryddige og utan at det låg ting att eller hang noko på veggane. Tavlene var, ifølgje han, ikkje ein del av ryddejobben som norskopplæringa skulle gjere kvar dag. Kulturhuset har ikkje den same tolkinga, men den gjensidige fleksibiliteten mellom dei to partane har gjort at dette likevel fungert ved at kulturhuset har teke stordelen av denne ryddejobben.

Norskopplæringa ser det som ein stor fordel å vera lokalisert sentralt i Sogndal. Dei har ikkje vurdert andre lokalitetar, men ser at Fosshaugane-området også kunne vera aktuelt, om det hadde vore eit alternativ. Dei har no noko aktivitet der, i samarbeid med Sogndal vidaregåande skule, men der finst eigentleg ikkje nok lokale til denne aktiviteten.

Norskopplæringa tykkjer kulturhuset er ein naturleg stad for dei å halda til. Dei har mykje samarbeid med biblioteket, og kan ynskja seg meir samarbeid med kulturskulen. Det at dei skapar aktivitet på kulturhuset på dagtid, då det normalt ikkje skjer så mykje anna der, er også eit aktivum for kulturhuset. Norskundervisninga har sitt eige kor, som har sunge i kulturhuset. Dei kan tenkja seg opptre meir, men har problem på kveld og i helgar fordi så mange i koret er opptekne med barnepass.

Det er potensiale for meir samarbeid mellom norskundervisninga og dei andre i huset. Kulturhuset kunne kanskje bli ein endå viktigare arena for integrering og samskaping mellom nyttilflytta og lokalbefolkning.

Norskopplæringa ser at sambruken om Blaoboxen er problematisk for kulturaktivitetane der, og stiller seg positive til å flytta ut av dette lokalet, dersom leigetakarsituasjonen vart slik at det kunne etablerast tilstrekkeleg klasseromskapasitet andre stader i huset. Det vil vera ein fordel for norskundervisninga å kunna disponera klasserom på døgnbasis. Deira behov for det store arealet i Blaoboxen ville då vera knytt til eksamensavvikling. Dette vil vera uproblematisk å få til.

Oppsummering av samtale med Marie Holen Ovrud og Agnar Holen, Sogndal Musikklag.

05.02.2020

Sogndal musikklag har eit spesielt forhold til kulturhuset. Dei var mellom initiativtakarane til å få reist huset, og dei har heilt frå opninga av kulturhuset brukt det fast til øving og også vore ansvarlege for mange arrangement. Dei nyttar scenen i storsalen til øving ein gong i veka (kvar måndag), og har aldri betalt leie for dette. Musikklaget meiner at dette var ein føresetnad i samband med arbeidet med å realisere Sogndal Kulturhus. I tillegg vart dette avtalefesta i ein sponsoravtale med Lerum. Sjølv om Lerum no har sagt opp sponsoravtalen ynskjer musikklaget at dette skal fortsetja slik.

Musikklaget har også innreidd lagerlokale i kjellaren. Dette disponerer dei gratis direkte frå kommunen.

Musikklaget er nøgde med denne ordninga. Dei har gode øvingslokale, og opplever Storsalen som ein god sal og spela i. Dei kunne ønska seg eit lager nærare scenen, så dei slapp å frakta så mykje opp frå kjellaren til kvar øving. Dei er opptekne av at kulturhuset også i større grad kunne vore arena for øvingar for andre, t.d. skulemusikken og storbandet. Dette kan kanskje la seg gjera ved at dei øver på same kveld som musikklaget.

Dei er klare på at Sogndal kulturhus er storstova i regionen, og at så mykje kulturell aktivitet som råd bør samlast i huset. Dei meiner mykje lokale i huset burde frigjevast frå eksterne leigetakarar til kulturføremål. Dei meiner det burde byggjast øvingslokale for band i huset, slik at ungdomen fekk betre kår enn dei no har i Solhov. Kanskje kunne tilfluktsrom i kjellaren brukast til dette. Det kunne kanskje etablerast øvingshotell, slik ein har t.d. i Oslo. Kulturskulen bør og få betre lokale, og det bør etablerast ein fast klubbscene for konsertar. Dei meiner også at Storsalen bør ha eit fast PA-anlegg.

Musikklaget held fram at kultur har ein viktig samfunnsmessig funksjon, ikkje minst for born og unge, og at investering i gode og varierte kulturtilbod kan ha gode førebyggjande effektar og hjelpe mange til eit godt liv.

Musikklaget ynskjer også å vera aktive arrangørar, og ynskjer at Sogndal kunne ha eit stort årleg kulturarrangement som kunne trekke folk til bygda.

ERFARINGAR FRÅ BRUK BLAoboxEN OG SYNSPUNKT PÅ FRAMTIDIG BRUK

Oppsummering av samtale med Håvard Ese Eliassen, frivillig arrangør av mange konsertar i Blaoboxen.

Det er komplisert og tidkrevjande og arrangera konsertar her, først og fremst pga. sambruken med norskopplæringa. Det gjer at lokalet må ryddast og møblerast både før og etter bruk, både med bord, stolar, scene og lydanlegg. Sidan så mange ting såleis må lagrast, er det eit problem med for lite lagerareal. Ein har måtta brukt både handiaptoalett og areal som tilhøyrrer norskopplæringa til lager.

Tilkomsten til Blaoboxen for artistar med utstyr er rimeleg bra, ein har nytta hovudinngangen til scenen. Det største problemet er den smale gangen mellom backstage-område og vestibylen, og nokre dørstokkar. Det er gode garderober for artistar, men sjølvstøtt litt lang avstand mellom garderober og konsertlokalet.

Blaoboxen er ikkje tilpassa kulturarrangement, men er primært klasserom. Dette gjer det vanskeleg å gjera det til eit stemningsfullt og triveleg konsertlokale. Det er også eit minus at vestibylen og gangen inn til Blaoboxen er lite trivelege.

Fasongen på lokalet og plasseringa av den store og lite funksjonelle kafédisken er også problematisk, men kanskje ikkje så lett å gjera noko med. Utforminga av lokalet og plasseringa av scenen gjer at det er vanskeleg å utnytta heile arealet effektivt, og kunna ha så mykje publikum som det faktisk kan vera plass til. Ei anna sceneplassing kunne bøta på dette, men kan kanskje vera problematisk med omsyn til lyd og lydspreiing.

Kva bør gjerast for at Blaoboxen skal bli funksjonelt konsertlokale?

Sambruken med norskundervisninga må avviklast.

Lokalet må riggast med fast scene og fast basis lyd- og lysanlegg, slik at det vert lett å bruka.

Lokalet må få ei ansiktsløfting som gjer det triveleg, t.d. med teppe rundt veggene, anna farge i taket, og ha funksjonell møblering.

Ein bør vurderer ei anna utforming og/eller plassering av kafé- eller bardisk.

Det bør også vurderast om ein har bruk for kjøkenet, i den form det har no, og om det er muleg å etablera meir lagerrom i tilknytning til Blaoboxen.

Dersom ein skal etablera Blaoboxen som ein fullverdig konsertscene, må Kulturhuset også syta for å kompetanse til styring av lyd (enten i stab eller innleigd), ha teknisk arrangementsansvarleg og kompetanse/kapasitet til programmering.

Anna

Vestibylearealet bør kunna utnyttast betre. Det er no lite hyggeleg, med kaldt og sterkt lys og mangelfull møblering. Ein burde gjera dette arealet til ein meir triveleg stad å opphalda seg. Dette gjeld både det arealet biblioteket disponerer, og arealet framfor kiosk/salar. Her burde det også vurderast eit enkelt serveringstilbod frå kiosken.

OPPSUMMERING AV MØTE MED VILHELM TANGERUD, SENTERLEIAR AMFI SOGNINGEN 11.02.2020

Kjøpesenteret Amfi Sogningen er næraste nabo til kulturhuset, og det har i lang tid vore samarbeid mellom senteret og kulturhuset, t.d. knytt til arrangementet Den store kinodagen, og til marknadsføring i ulike samanhengar. Kulturhuset har fire videoskjermer på Amfi Sogningen til marknadsføring av kino og andre arrangement. Skjermene har eit stort publikum, og er ein viktig marknadsføringskanal for kulturhuset.

Amfi Sogningen ser på kulturhuset som svært viktig for si verksemd. Moderne kjøpesenter er opptekne av å få inn kulturelement og opplevingar i sentra. Både restaurantar, bibliotek, treningscenter og andre helserelaterte tilbod er no attraktive element i kjøpesenter. Amfi Sogningen er glade for at dette er tilbod dei har i nær tilknytning til senteret. Dei kan også ynskja seg samarbeid om kulturtilbod i sjølve kjøpesenteret. Det kan t.d. vera muleg å samarbeida om arrangement, der artistar som vert leigde inn til kulturhuset kan halda ei kort framсыning/konsert på senteret på dagtid. Dette har stundom også vorte gjort.

Sidan kulturhuset og senteret ligg vegg i vegg, er det ein nærliggjande tanke å få til eit direkte innandørs samband mellom bygningane. Dette var sterkt på tale då kulturhuset vart bygd om i samband med at Høgskulen flytte ut, men vart då, av ulike grunnar, ikkje realisert, m.a. fordi det er ein høgdeskilnad mellom bygningane som gjer samankoplinga utfordrande. Amfi Sogningen vurderer ei slik samankopling som ynskjeleg. Også for kulturhuset ville ei slik kopling truleg vera positivt, det ville gi lettare tilgang til huset for dei svært mange besøkande i kjøpesenteret (i 2019 hadde Amfi Sogningen 2 millionar betalningar). Ved omrokkingar av leigetakarar og areal i bygningane bør samankopling vurderast.

Elles er marknadsføring viktig aktivitet både for Amfi Sogningen og kulturhuset. På dette feltet er det ei rivande utvikling knytt til marknadsføring på digitale plattformer. Her er det viktig å vera oppdatert og ha relevant kompetanse. Det bør vurderast utvida samarbeid om marknadsføring, kanskje med felles stillingsressurs knytt til slikt.

Også med omsyn til drift er problemstillingane for senteret og kulturhuset til dels samanfallande. Det kan vera rom for utvida samarbeid også her, t.d. knytt til snørydding og stell av utvendige areal.

DRIFSAVTALE MELLOM SOGNDAL EIGEDOMSSKAP AS OG SOGNDAL KULTURHUS AS.

1. Partar i avtalen er Sogndal Eigedomsselskap AS og Sogndal Kulturhus AS.
2. Føremålet med avtalen er å regulere drift av fellesareal og tilknytt oppgåver som skal utførast av Sogndal Kulturhus AS på vegne av byggeigar og oppdragsgjevar Sogndal Eigedomsselskap AS.

Avtalen gjeld følgjande tenester:

3. Vasking av fellesareal etter følgjande frekvens:
 - a. Heis, teknisk rom og gangareal i underetasje. Arealet utgjer til saman 18 kvm og skal reingjerast 5 dagar i veka.
 - b. Foaje, fellesareal, toalett og handicaptoalett i første etasje. Arealet utgjer til saman 665 kvm og skal reingjerast 7 dagar i veka.
 - c. Fellesareal inklusiv trapp i andre etasje. Arealet utgjer til saman 317 kvm, og skal reingjerast 5 dagar i veka.
 - d. For arealet i pkt a og c skal det utførast vasking 5 dagar i veka, dvs man-fre men ikkje i helg. Dersom ein bevegeteg helgedag fell på ein vekedag som ikkje er helg, skal det for arealet der det er avtalt vask 5 dagar i veka, utførast vask i samsvar med avtalen som ein vanleg vekedag.
 - e. Avtalen omfattar og etterfylling av såpe, toalettpapir, tørkerullar på toalett, polering av ståldører og plater i og rundt heisen, samt fjerning av avfall. Frekvens vil bli utført etter behov.
 - f. Hovudreingjering av alt fellesareal omfatta av kontrakten skal utførast 1 gong årleg.
 - g. Vindaugsvask utvendig skal utførast 2 gonger årleg.
 - h. Forbruksmateriell og utstyr som er naudsynt for å utføre vasketenestene skal dekkast av Sogndal Kulturhus AS. Det same gjeld for lift eller eventuelt stillas til vasking av vindauge.
 - i. Kostnader til såpe, toalettpapir og tørkerull på toalett skal dekkast av Sogndal Eigedomsselskap AS.
4. Vaktmeistertenester:
 - a. Utvendig:
 - i. Halde orden i bed rundt huset med rydding, gjødsling, vatning, klypping, luking og påfyll av bork mm ved behov.
 - ii. Snørydding og sandstrøing for arealet til Sogndal Eigedomsselskap AS etter behov.
 - iii. Spyling av fasade og arealet til Sogndal Eigedomsselskap AS to gonger årleg.
 - iv. Dagleg feiling og fjerning av boss rundt huset, jf vedlagde kart og tømning av bossdunkar.
 - v. Tømme takrenner og vask av takvindauge ein gong årleg.


F. H. AS

- b. Innvendig:
 - i. Skifte lyspærer og armatur i fellesareal ved behov.
 - ii. Tømme bossdunkar i fellesareal dagleg.
 - iii. Vatne og gjødsle planter og prydbusker i fellesareal etter behov.
 - iv. Halde orden i tekniske rom.
 - v. Rens av plastgolv i underetasje to gonger årleg.
 - vi. Trykkprøving av vatn.
 - vii. Påsjå at rømningsvegar og lys stettar brannberedskapskrav.
 - viii. Utføre vedlikehaldsoppgåver som følgjer av normal elde.
 - ix. Overvaka den generelle tilstanden til bygget og varsla huseigar om naudsynt oppgradering / vedlikehaldsbehov.
 - x. Tilsyn med skilting.
 - c. Kostnader knytta til utstyr som er naudsynt for å utføre desse oppgåvene skal dekkast av Sogndal Kulturhus AS. Faktiske kostnader som sand, planter, bork, lyspærer mv skal dekkast av Sogndal Eigedomsselskap AS. Det same gjeld faktiske kostnader knytta til eventuelt vedlikehald.
5. Adminstrasjon omfattande:
- a. Oppfølging av dagleg drift knytta til vask og vaktmeister, dvs vaktlister, arbeidsplan, arbeidsinstruksar mm.
 - b. Innkjøp av rekvisita og utstyr til toalett, vaskerom mm.
 - c. Dagleg oppfølging av serviceavtalane som Sogndal Eigedomsselskap AS har knytta til drift av kulturhuset (pt. A.J. Hofen, G Karlsen, Schindler Heisservice, Roald Øen og Norsk Brannvernforening), herunder legge til rette for at deira tilsyn og oppfølging kan bli kontraktsmessig gjennomført.
 - d. Dagleg oppfølging for å påsjå at det tekniske systemet fungerer tilfredsstillande.
 - e. Legge til rette for at brannvern stettar offentlege krav, herunder oppdatere og vedlikehalde tilfredsstillande dokumentasjon, rapportering, delta i møte med tilsynsorgan (no Sogn Brann og Redning IKS) og gjennomføre brannøvingar på huset.
 - f. Dagleg kontakt med SIMAS og/eller andre renovatørar.
6. Avtalen gjeld frå 01.05.2014 til 01.05.2019 med gjensidig rett til forlenging av avtalen i 5 nye år på same vilkår. Avtaleforholdet vert automatisk forlenga dersom ikkje nokon av partane har varsla oppseiing eller reforhandling av avtalen seinast 6 månader før avtalen sitt utløp. Dersom det oppstår vesentlege endringar som påverkar grunnlaget for avtalen, kan begge partane krevje reforhandling med 6 månaders skriftleg varsel.
7. For ytingane i punkta ovanfor betaler Sogndal Eigedomsselskap AS kr. 740.000,- pluss mva til Sogndal Kulturhus AS årleg. Beløpet vert fakturert på forskot terminvis, på same måte som for leigeavtalen mellom Sogndal Eigedomsselskap AS og Sogndal Kulturhus AS.
8. Beløpet skal regulerast kvart år, første gong frå 01.05.2015. For driftskostnader basert på 100% av endringa i Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeks og for lønnskostnader tilsvarande generell lønnsauke i kommunal sektor på berekningstidspunktet.


T. H. ASE

9. Eventuelle tvistar som følgje av avtalen skal løysast i samsvar med dei reglane som gjeld for leigeavtalen mellom Sogndal Eigedomsselskap AS og Sogndal Kulturhus AS.
10. Det skal gjennomførast evalueringsmøte minimum ein gong årleg mellom Sogndal Kulturhus AS og Sogndal Eigedomsselskap AS for å sikre eit godt samarbeid mellom partane og evaluere arbeidet som blir utført
11. Denne avtalen føreligg i to eksemplar, ett til kvar av partane.

Sogndal 24.01.14



Sogndal Eigedomsselskap AS



Sogndal Kulturhus AS

INVESTERINGSBUDSJETT SOGNDAL KULTURHUS

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 |
|--------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Storesalen | | | | | | | | | | |
| Lerret | | 500 000 | | | | | | | | |
| Sceneteppe | 300 000 | | | | | | | | | |
| Male scene | 100 000 | | | | | | | | | |
| Lys | | 300 000 | | | | | | | | |
| Lyd | | | | | 1 000 000 | | | | | |
| Prosjektor | 1 200 000 | | | | | | | | | 1 200 000 |
| | | | | | | | | | | |
| Sal 2 | | | | | | | | | | |
| Lerret | | | 500 000 | | | | | | | |
| Prosjektor | | | | | 1 000 000 | | | | | |
| Stoler | | | | | | 2 000 000 | | | | |
| Lyd | | | 500 000 | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | |
| Sal 3 | | | | | | | | | | |
| Lerret | | | 200 000 | | | | | | | |
| Prosjektor | | | | | | | 1 000 000 | | | |
| Oppussing lokaler | | | | | | | | | 1 000 000 | |
| | | | | | | | | | | |
| Blaoboxen | | | | | | | | | | |
| Oppussing | 500 000 | | | | | | | | | |
| Møteplass/Vinbar/Kafé | | | 250 000 | | | | | | | |
| Møblar | | 500 000 | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | |
| Lobby | | | | | | | | | | |
| Oppussing | | | | 2 000 000 | | | | | | |
| | | | | | | | | | | |
| Galleri | | | | | | | | | | |
| Oppussing | | | | | | 1 500 000 | | | | |
| | | | | | | | | | | |
| Kiosk/Adm lokaler | | | | | | | | | | |
| Oppussing | | | | | | | | 1 000 000 | | |
| | | | | | | | | | | |
| SUM | 2 100 000 | 1 300 000 | 1 450 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 3 500 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 200 000 |

Utkast til tiltaksplan, med økonomiske konsekvensar.

| | | |
|---|-------------|-----------|
| Konsekvensar av ulike tiltak for driftsbudsjettet for Sogndal kulturhus A/S og Sogndal kommune, med utgangspunkt i kulturhusadministrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2020. | | |
| Tiltak | Kulturhuset | Kommune |
| Basisløyving | +500.000 | -500.000 |
| Skal medfinansiera basisdrift av organisasjonen med dagleg leiar og stab. | | |
| Husleige til Sogndal kommune | +1.650.00 | -1.650.00 |
| Sogndal kulturhus kan ikkje lenger betale husleige til kommunen. Per 2020 er leiga sett til ca 1.650.000,- kr. Det er ein føresetnad for eit budsjett i balanse at denne vert sett til kr. 0,-. | | |
| Husleige norskopplæring | -620.000 | 0,- |
| Blaoboxen må bli eit 100% kulturlokale. Konsekvensen er at norskopplæringa må finne andre lokale. Dei økonomiske konsekvensane for kulturhuset kan verta mindre enn kr 620 000, for i denne summmen inngår også ein del andre lokale. | | |
| Eksisterande leigeavtale går fram til 01.04.2024. | | |
| FDV | +200.000 | -200.000 |
| Avtale må reforhandlast. Berre tenester det er kritisk, lønsamt eller rasjonelt at Kulturhuset sitt personale utfører skal vere med i avtalen. Arbeid skal utførast mot kommersielle prisar. | | |

Utkast til tiltaksplan, med økonomiske konsekvensar.

| | | |
|---|-----------------|-----------------|
| <p>Utleige til lokal kultur og lokale lag og organisasjonar</p> <p>Frivillig kultur, lokale lag og organisasjonar og liknande må ha gode vilkår når dei leiger kulturlokale i Kulturhuset.</p> <p>Kommunen yter tilskot til frivillig kultur, lokale lag og organisasjonar for leige av kulturhuset.</p> <p>Kulturskule, bibliotek og andre kommunale einingar disponerer lokale fritt på dagtid inntil xx dagar i året.</p> | <p>+620.000</p> | <p>-620.000</p> |
| <p>Produsent</p> <p>Eit kulturhus av vårt format bør ha produsentkompetanse på huset. Denne stillinga vil generere arrangement, og inntekter i form av støtte utanfrå og kommersielle inntekter.</p> <p>Kulturhuset vi då ha desse faste stillingane i tillegg til timetilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kulturhusleiar: • Kino- og teknisk ansvarleg: • Marknads- og arrangementsansvarleg: • Produsent • Vaktmeister (50%) | <p>+600.000</p> | <p>-600.000</p> |
| <p>Møteplass / kafé</p> <p>Det er krevjande å halde aktivitet i gang i huset slik at det kan bli den møteplassen vi alle ønskjer. Samspel mellom kulturaktørane i huset, utviding av kiosken, etablering av kafe/bar kan vere tiltak som kan realiserast.</p> <p>Det vert føreslege å etablere eit forprosjekt for å sjå på denne saka</p> | <p>+100.000</p> | <p>-100.000</p> |
| <p>Dans</p> <p>Potensiell sambruk av Blaoboxen, Storsalen og treningsrom hjå Spenst i kjellaren. Kostnad uansett lokale ca 800,- kr per time. Eigne lokale: 1.000-2.000 per m2 + 20% driftskostnadar</p> | <p>+200.000</p> | <p>-200.000</p> |
| | | |

Utkast til tiltaksplan, med økonomiske konsekvensar.

| | | |
|---|---|---------|
| <p>Kulturskulen og biblioteket Det må utviklast avtalar som gjensidig utviklar alle partane. Slike samarbeid må ofte smørjast for å få dei til å virke knirkefritt. T.d. 100.000 øyremarka publikumstiltak der alle tre deltek. Men økonomi er ikkje avgjerande faktor her.</p> | 0 | 0 |
| <p>Biletkunst Potensiell sambruk av Blaaboxen? Alternative lokale: 1.000-2.000 per m2 + 20% driftskostnadar Faglege ressursar (skalerbart). Administrative ressursar Må truleg investere i naudsynt utstyr for utstilling og eventuelle tryggleikstiltak.</p> | ? | ? |
| <p>Den kommunale kulturadministrasjonen inn i huset Vil ikkje påverke økonomien utover samdriftsfordeler rundt kontordrift. Kommunen vil få bortfall av inntekter frå utleige av nokre kontor til eksterne. Stor effekt av kulturfagleg samarbeid, og utfyllande funksjonar.</p> | 0 | 80.000? |
| <p>Søkbare midlar til kultur Det er avgjerande for gode kulturtiltak og -produksjonar at det er tilgjengelege midlar til gode prosjekt. Dette er og kritisk når ein søker støtte eksternt. Denne potten bør vere tilgjengeleg for både kulturhuset og private- og kommersielle kulturaktørar i kommunen</p> | ? | 500.000 |
| <p>Band og anna aktivitet frå Solhov til Kulturhuset? Usikkert om dette er eit fornuftig tiltak no. Det krev frigjort plass, og betydelege investeringar i kulturhuset for å få det til.</p> | ? | ? |
| <p>Større investeringar Det er utvikla eit investeringsbudsjett for dei neste 10 åra, knytt både til bygg og utstyr. (Vedlegg 10.) Truleg snakkar vi om eit behov på 1-2 millionar per år.</p> | | |